

Birgitte Margrete Fjørtoft

Nazismens kulturarv:

- eit samtidsarkeologisk studium av utvalte krigsfangeleirar i Trondheim og Øysand

Rettleiar: Marek E. Jasinski

Trondheim, våren 2012

Masteroppgåve i arkeologi

Det humanistiske fakultet

Institutt for arkeologi og religionsvitenskap



Biletet på forsida viser området krigsfangeleiren på Rotvoll låg på. Foto: Birgitte M. Fjørtoft.

Til ungdommen

Kringsatt av fiender
gå inn i din tid!
Under en blodig storm -
vi deg til strid!

Kanskje du spør i angst
udekket, åpen:
hva skal jeg kjempe med
hva er mitt våpen?

Her er ditt vern mot vold,
her er ditt sverd:
på livet vårt,
menneskets verd.

Da synker våpnene
maktesløs ned!
Skaper vi menneskeverd
skaper vi fred.

Nordhal Grieg (1936)

Forord

Arbeidet med masteroppgåva har vore ein toårig berg- og dalbanetur med glede, spenning og frustrasjon. Det har vore utfordrande og arbeidskrevjande, men no har eg endeleg kome i mål.

Gjennom desse åra har eg lært mykje og har kome i kontakt med mange svært hyggelege og hjelpsame menneske. Alle desse fortener ei stor takk for at oppgåva no er ferdig, men det er nokre som må framhevast ekstra. Først og fremst vil eg rette ei stor takk til min rettleiar, Marek E. Jasinski, for alle faglege råd og oppmuntrande samtalar. Rettleiingstimane har vore både interessante og til stor hjelp.

Eg ønskjer også å takke dei som har hjelpt meg i arbeidet med lokaliseringa av leirane, og dei som har gjort kjeldemateriale tilgjengeleg. Tusen takk til Lars Gisnås, Per Øverland, Torleif og Solveig Eggen, Jon Hjelde, Knut Sivertsen, Morten Moe, Marianne N. Soleim og Michael Stokke. Dykkar hjelp har vore uvurderleg for oppgåva.

Eg ønskjer også å takke alle på Falstadsenteret for ei fantastisk og lærerik hospiteringperiode, og for alle gode råd. Dykk er ein fantastisk gjeng.

Ei stor takk fortener også Einar Kjerstad for korrekturlesing og konstruktive tilbakemeldingar. Familien min må også takkast for all oppmuntring i tunge stunder, og ikkje minst mine foreldre. Tusen takk mamma og pappa for at dykk har lest gjennom oppgåva mi, vore der og støtta meg.

Gjengen på lesesalen fortener også ei stor takk for hjelp, støtte og råd. Ein god latter hjelp når ein står fast.

Til slutt vil eg takke min kjære sambuar, Øivind. Utan hjelpa og støtta eg har fått frå deg veit eg ikkje korleis dette hadde gått. Tusen takk for at du er så tålmodig.

Feil og manglar i oppgåva er mitt eige ansvar.

Birgitte Margrete Fjørtoft
Trondheim, 14.06.2012

Summary

The Second World War was the most extensive military conflict in the 20th century. During the war millions of prisoners of war (POWs) and foreign workers were used in the German economy to help the war effort. After the invasion of Norway thousands of these were transferred north to build Festung Norwegen, and prepare what was seen from the German side as one of the most critical areas to defend. Many in the Nazi high command assumed that the outcome of the war would be settled here. The POWs were placed in different camps, and controlled by a comprehensive prisoner system.

This Master thesis is a modern archaeological contribution to the interdisciplinary research project Painful Heritage, and it focuses on increasing the awareness of the cultural landscape and material culture from the POW camps in Norway. This is something that has received little attention until today.

The main focus of the thesis is to locate, evaluate and analyze the conservation status of some POW camps in Trondheim and Øysand, in the context of modern archaeology. In this work, a wide scope of sources and material is used and evaluated as a whole. In Trondheim, the POW camps that are located and analyzed is; Strindheim, Rotvoll, Korsvika and Blindeskolen. At Øysand another four camps are also located and analyzed.

The analysis of the camps in Trondheim shows that only Rotvoll has remaining visible structures from the POW camp, while the other three areas are developed for houses. Despite this, they still offer an archaeological potential as the settlement has not changed since the first development of the area after the war.

The analysis of Øysand shows that no POW camp areas are or have been developed for housing after the war, but they have been and is used for agriculture. There are few visible remaining structures originating from the camps, although 3 wells, cement remnants and a barrack is registered. As the camp areas have not been used for settlement after the war, makes them archaeologically interest due to the potential material culture in and under the topmost layer of soil. The challenge is that agriculture activities might have affected the subsurface structures significantly. It is also located in a closed waste pits with high archaeological potential at Øysand.

The landscapes and material culture from the POW camps are an enormous source of knowledge that can increase the understanding and insight on how people in captivity were treated during the Second World War. It is therefore very important that such remnants are recognized as source material and not undermined.

Innhald

1	Introduksjon	1
1.1	Bakteppe, emne og mål	1
1.1.1	Den tyske okkupasjonen av Noreg og Trøndelag	2
1.1.2	Emne og mål	4
1.2	Problemstillingar	5
1.3	Definisjonar og forklaringar	7
1.3.1	Kulturminnevern	8
1.4	Tidsavgrensing og undersøkingsområde	9
1.4.1	Tidsavgrensing	9
1.4.2	Undersøkingsområde	9
1.5	Oppbygging	10
2	Teoretisk og metodisk tilnærming	11
2.1	Teori	12
2.2	Metode og feltmetodikk	14
2.3	Kjeldemateriale	16
3	Forskingshistorikk	23
3.1	Historisk forskingsstatus	23
3.1.1	Historisk forskning i Trøndelag, med fokus på Trondheim og Øysand	26
3.2	Arkeologisk forskingsstatus	29
3.2.1	Norsk arkeologisk forskning	31
3.3	Evaluering av forskingsstatusen	34
4	Krigsfangeleirar i Trondheim og Øysand	39
4.1	Organisering av krigsfangeleirane i Noreg	39
4.2	Trondheim	44
4.2.1	Strinda/Strindheim/Bromstad	45
4.2.2	Rotvoll	52
4.2.3	Korsvika på Lade	59

4.2.4	Blindeskolen/ Blindenschule	63
4.2.5	Andre krigsfangeleirar i Trondheim	67
4.3	Øysand	68
4.3.1	Lager 3/ Leir 3	70
4.3.2	Lager 4/Leir 4 og Lager 5/Leir 5	74
4.3.3	Lager 6 / Leir 6	79
4.3.4	Andre materielle spor	82
5	Potensiell kunnskapsvinning ved bruk av arkeologi i Trondheim og Øysand	85
6	Konklusjon	91
	Kjelder	95
	Litteraturliste	99
A	Kart	107
B	CD-ROM	109

Figurar

1.1	Kristiansten festning under okkupasjonen	3
1.2	Kart over Trondheim og Øysand	9
2.1	Sony Ericcson Xperia X10 mini pro med applikasjonen GPS Status	15
4.1	Ansvarsforholda for krigsfangar i Noreg	40
4.2	DOBN øskje 008, Verwaltung alliiertes Kgf, 1945	41
4.3	Bilete av området til Stalag 380 på Oppdal, 1941 og 2011	42
4.4	Illustrasjonskart over Trondheim august 1945	44
4.5	Utklipp av illustrasjonskartet i fig. 4.4	45
4.6	Flyfoto tatt sommaren 1937 av Strindheimområdet.	46
4.7	Bilete av brakker i arbeidsleiren på Strindheim	46
4.8	Alliert etterretningsfoto av Strinda og Lade	47
4.9	Utbygging av Strindheim Hageby etter krigen	50
4.10	Strindheimsområdet pr. 2011	51
4.11	Rotvoll leir utklipp	52
4.12	Alliert etterretningskart av Rotvoll	52
4.13	Rotvoll 1937	53
4.14	Utklipp av situasjonsplan for Rotvoll mai 1943	54
4.15	OT-Lager Rotvoll utklipp	54
4.16	Rotvoll leir 21.08.1945, foto av reisane jugoslavane. Foto: Michael Stokke.	55
4.17	Området til Rotvoll leir 08.10.2011	56
4.18	Området til Rotvoll leir 2011	56
4.19	Materiell kultur på området til Rotvoll leir 23.11.2011.	57
4.20	Moglege restar etter Rotvoll leir 2011.	57
4.21	Materiell kultur på Rotvoll gravplass.	58
4.22	Utklipp av leiren i Korsvika	59
4.23	Korsvika 1937 og 1942.	59
4.24	Foto av leiren i Korsvika	60
4.25	Foto av Korsvika 27.10.2011	62
4.26	Utbygginga av Korsvika i 1958 og 2011.	63

4.27	Utklipp Blindeskolen	63
4.28	Blindeskolen 1937 og 1942. Leiren er ikkje oppført endå.	64
4.29	Blindeskolen og flyplassen	64
4.30	Området der leiren ved Blindeskolen skulle ha stått	66
4.31	Krigsfangeleirane er markert i eit tysk oversiktskart	69
4.32	Flyfoto over Øysand 1956	70
4.33	Brakkene i Lager 3	70
4.34	Tysk kart over Øysand før utbyggingane	71
4.35	Jugoslaviske krigsfangar under avskjedsfesten i månadskiptet juli-august 1945	72
4.36	Området for Lager 3 i 1964. Foto: Morten Moe.	73
4.37	Området der leir 3 låg er merka i flyfoto frå moderne tid	73
4.38	Brønn nr. 2 i leir 3, retning N	74
4.39	Brakkene i Lager 4 og 5.	74
4.40	Britisk etterretningsfoto av Øysand 07.07.1944.	75
4.41	Bilete av krigsfangar etter krigen.	76
4.42	Området der leir 4 og 5 låg, pr. 27.03.2012. Retning V	77
4.43	Restane etter leir 4 og 5 i 1964. Foto: Morten Moe.	77
4.44	Synleg materiell kultur frå leir 4 og 5 pr. 27.03.2012	78
4.45	Brakkene i Lager 6, utsnitt av fig. 4.31.	79
4.46	Sovjetiske krigsfangar i leir 6, tidleg i juli 1943	79
4.47	Foto av leir 6 i 1956. Foto: Morten Moe.	81
4.48	Bilete av Grafsets gård 1964. Leir 6 er no riven.	81
4.49	Området leir 6 låg på pr. 27.03.2012. Retning NØ.	82
4.50	Bilete av leir 6. Truleg teke under krigen. Foto: Morten Moe.	82
4.51	Materiell kultur funnen utanfor leirområda 27.03.2012.	83
4.52	Drikkefontene som sannsynlegvis høyrde til ein av leirane.	83
4.53	Området for avfallshola pr. 27.02.2012. Retning VØ	84
4.54	Avfallshola på Øysand.	84
5.1	Eit hjarte i tre.	86
A.1	Trondheim med krigsfangeleirane kartfesta.	107
A.2	Øysand med krigsfangeleirane kartfesta.	107

Kapittel 1

Introduksjon

1.1 Bakteppe, emne og mål

Andre verdenskrig var den mest omfattande militære konflikten i det 20. hundreåret, der millionar soldatar hamna i fiendtleg fangenskap. Totalt er det anslått at 13.5 millionar krigsfangar og utanlandske arbeidarar vart nytta i den tyske økonomien (Ruggenthaler, 2010, s. 47).

Genèvekonvensjonen av 1929 dikterte at krigsfangar ikkje skulle nyttast som arbeidskraft til krigsføremål, og at dei til ei kvar tid skulle behandlast med humanitet og beskyttast mot voldshandlingar og håning. Fangane hadde også krav på at æra og personlegdomen deira vart respektert, og at dei skulle innkvarterast i bygningar eller brakker som gav all mogleg garanti for sunnheit og helse. Desse lokala skulle også vere beskytta mot fukt, med tilstrekkeleg oppvarming og lys. Konvensjonen seier også at krigsfangane sine matrasjonar skulle både kvalitativt og kvantitativt tilsvare den som landets eigne depottropper fekk, og at hygiene i leirane skulle vere god (Kock, 1988, s. 22-23).

Då Tyskland angreip Polen i 1939 vart omlag 440 000 polske soldatar tekne til fange (Nowak, 2010, s. 110), og desse vart dei første som hamna i dei tyske krigsfangeleirane som vart oppretta over heile det tredje riket. Seinare vart også over 300.000 jugoslaviske offiserar og soldatar tekne til fange under angrepet og okkupasjonen av Jugoslavia. Sovjetiske borgarar representerte den største nasjonale enkeltgruppa av krigsfangar, og i perioden 1941-1945 hamna heile 5.7 millionar i tysk fangenskap (Kock, 1988, s. 109, Soleim, 2004, s. 50, Panikar, 2010, s. 150).


Både på grunn av Genèvekonvensjonen og retningslinjene i “*Abteilung Kriegsgefangenenwesens*” av 16.juni 1941 (Abraham, 1999, s. 26) utnytta ikkje nazistane krigsfangane i den tyske økonomien i den første fasen av krigen (Abraham, 1999, s. 26, Soleim, 2004, s. 46-

47), men etter kvart som konflikten eskalerte, vart det avgjort å innlemme den potensielle arbeidsstyrken for å gagne krigsinnsatsen. I oktober 1941 bestemte Hitler at krigsfangane skulle hjelpe til å fylle det enorme behovet for arbeidskraft i den tyske økonomien (Koch, 1988, s. 26-27, Herbert, 1997, 145-147, Abraham, 1999, s. 27, Soleim, 2004, s. 52). Hovudargumentet for å gjere dette, spesielt med tanke på dei sovjetiske krigsfangane, var fordi Sovjetunionen ikkje hadde godkjent og underskrive Genèvekonvensjonen, noko som nazistane meinte legitimerte å nytte krigsfangane til det dei ønskte (Kock, 1988, s. 24, Soleim, 2004, s. 5). Den manglande underskrifta var sannsynlegvis berre ei unnskyldning for å styrke den ideologisk motiverte krigen om å utrydde den “*jødiske-bolsjevikiske staten*” Sovjetunionen (Koch, 1988, s. 24). I *Mein Kampf* (1927) formidlar Adolf Hitler sitt syn om at den ariske rase var overlegen i forhold til den russiske og slaviske, og meinte at desse folkegruppene var mindreverdige, altså “*Untermenschen*” (Kock, 1988, s. 2, Steffenak, 1995, s. 40, Abraham, 1999, s. 14, Soleim, 2004, s. 40, Soleim, 2010, s. 5). Dette synet påverka behandlinga av krigsfangane gjennom heile krigen (Herbert, 1997, s. 141-142) og forenkla argumentasjonen om å nytte krigsfangane som ein viktig del av den tyske krigsmaskina.

1.1.1 Den tyske okkupasjonen av Noreg og Trøndelag

Som under den første verdskrigen, ønskte Noreg å vere nøytrale, men 9. april 1940 kom krigen (Furre, 2006, s. 98). Blant historikarar er det strid om kva som var hovudmotivet for invasjonen, men ei av hovudårsakene er sannsynlegvis den svenske jernmalmen som vart transportert frå Kiruna i Sverige gjennom Narvik, til Tyskland (Soleim, 2004, s. 61). For tyskarane spelte malmen ei viktig rolle i rustningsindustrien, og sidan dei allierte ønskte å hemme denne, skapte transporten gjennom nøytrale Noreg tensjon (Grimnes, 1984, s. 21). I tillegg ville tyskarane unngå å verte fastlåste i Austersjøens hamner, slik som under første verdskrig, difor ønskte marinesjef og storadmiral Eric Raeder Noreg som støttepunkt i ein eventuell krig mot Storbritannia (Grimnes, 1984, s. 26). Hitler såg difor Noreg som eit viktig strategisk område og som eit potensielt skjebneområde for krigen (Kirkhusmo, 1997, s. 296, Soleim, 2004, s. 5, Jasinski & Stenvik, 2010, s. 205).

Etter kapitulasjonen, som ein direkte konsekvens av desse overtydingane, utrusta nazistane Noreg med store troppar, våpen, marine-skip og anna militært utstyr (Soleim, 2009, s. 144). Gjennom heile krigen var det allokert store ressursar for å vere klar til å møte dei allierte i det antekne skjebneområdet. Som eit ledd i denne strategien, og samtidig som ein del av Atlantervollen, som skulle strekkje seg frå Biscayabukta i sør til Kirkenes i nord (Jasinski, 2012), måtte nazistane etablere eit massivt forsvarsanlegg, Festung Norwegen. Dette innebar også ambisiøse planar om utbygging av Nordlandsbana, tunnelbygg, flyplassar og Riksveg 50 (dagens E6). For å kunne gjennomføre dette, var det eit enormt behov for arbeidskraft (Abraham, 1999, s. 34, Soleim, 2004, s. 5, 61-62, Jasinski & Stenvik, 2010, s. 205).



Figur 1.1: Det tyske hakekorsflagget er heisa på Kristiansten Festning under krigen. Biletet er henta frå boka “*Krig i Trondheim*” (Gisnås, 2011, s. 15).

Arbeidsbehovet førte til at det i løpet av krigsåra vart ført inn meir enn 140.000 krigsfangar og slavearbeidarar til landet, frå over 16 europeiske nasjonar, der brorparten kom frå Sovjetunionen, Jugoslavia og Polen. Det er anslege at om lag 90.000-100.000 sovjetiske krigsfangar (Soleim, 2010, s. 9), 4200 jugoslaviske og 1700 polakkar vart ført inn i landet (Koch 1988, s. 96-98).

Det vart oppretta nærare 500 permanente og midlertidige leirar, som husa krigsfangar, slavearbeidarar, politiske opposentar, kriminelle og norske jødar her til lands (Jasinski & Stenvik, 2010, s. 205, Jasinski et.al., 2011, Jasinski, 2012). I tråd med det tyske fokuset på struktur, vart det oppretta eit omfattande krigsfangevesen for å organisere og utnytte arbeidspotensialet i desse. I løpet av dei fem åra Noreg var underlagt det tredje riket, var det over 20.000 krigsfangar og slavearbeidarar som aldri igjen fekk oppleve freden. Desse omkom av tortur, eksekusjon, sjukdom eller av andre grunnar (Jasinski og Stenvik, 2010, s. 205-209, Jasinski, 2012).

Trondheim var tidleg sett ut som hovudbase for marinen i Nord-Europa med Øysand som støttepunkt (Kirkhusmo, 1997, s. 253, Kirkhusmo, 2005, s. 323, Brovold, 1996, s. 17). Dette medførte at ein god del arbeidskraft, infrastruktur og materiell måtte tilførast regionen innan ei kort tidsramme, og allereie før kapitulasjonen i Noreg vart byggeprosessen sett i verk. Då tyskarane trong arbeidskraft, tilbød dei straks nordmenn arbeid, og det vart vanleg at tyske entreprenørar og firma vende seg til unge nordmenn med lovnad om gode løysingar (Lilleeng, 2011, s. 26). Mange nordmenn godtok difor dette arbeidet, blant anna ved Værnes flyplass (Støren, 1973, s. 82), og den første fasen av utbyggingane på Øysand (Brovold, 1996, s. 24).

I “*Gutten og krigen*” vert denne rekrutteringsprosessen illustrert:

Få steder i landet greidde tyskerne å rekruttere arbeidskraft så lett som i Trøndelag... De enorme byggeprosjektene på Nyhamna, Øysanden og Værnes og alle de andre stendene i og rundt Trondheim fjernet riktig nok arbeidsløsheten... og mange nye firma dukket opp (Ørnhøi, 2000, s. 29-30).

I følgje Kirkhusmo (2005, s. 332) og Støren (1973, s. 82) gjekk arbeidsløysa i distriktet ned, og frå 1939-45 auka den antekne formuen med 10-15 %. Samtidig innførte tyskarane allereie i 1940 arbeidsteneste for dyktige menn over 20 år, noko som møtte motstand frå fleire hold. Nazistane svara med å gjere arbeidstenesta tvungen frå 1941 (Lilleeng, 2011, s. 77). Den tyske administrasjonen møtte også tidvis sterk motstand frå norske arbeidarar som nekta å arbeide for fienden, og forsøket på å tvangsutskrive nordmenn gav ikkje tilstrekkeleg resultat (Soleim, 2004, s. 8). Arbeidskrafta måtte dermed importerast for at framgangen i utbygginga skulle haldast på eit ønskt nivå. Organisasjon Todt (OT), ein halvmilitær organisasjon med ansvar for byggjeverksemnda i Tyskland og dei okkuperte landa, innførde på forsommaren 1941 dei første framandarbeidarane då tyske og danske arbeidarar kom til regionen (Soleim, 2004, s. 60, Reitan, 2008, s. 46, Soleim, 2009, s. 41). Etter kvart vart også krigsfangar nytta i både Trondheim og Øysand for å stimulere økonomien og lette på behovet for arbeidskraft. Desse vart innkvarterte i spesielle leirar og arbeidde ved dei forskjellige prosjekta i nærområda.

1.1.2 Emne og mål

Fram til i dag har det kulturelle landskapet og dei materielle fysiske spora etter krigen fått lite merksemd. Dette er ikkje noko unntak for krigsfangeleirane, noko som sannsynlegvis kjem av at dei fleste vart rivne, brente eller fjerna etter relativt kort tid etter frigjeringa. Leirane forsvann med dette delvis frå den kollektive hukommelsen (Jasinski et.al., 2011). Då det mangla ein instans for å bevare og dokumentere spora, har veldig få av desse krigsfangeleirane vorte dokumenterte på vitskapleg vis. Arkeologane fokuserte på tidsperiodar mykje lengre tilbake i tid, og var ikkje interesserte i samtida. Statusen i dag er at det verken finst noko fullstendig oversikt over krigsfangeleirane eller nøyaktig kartfesting av desse.

Forskningsprosjektet *Painful Heritage - Cultural Landscapes of the Second World War in Norway: Phenomenology, Lessons and Heritage Management Systems* vart stifta i 2009 som ein reaksjon på den manglande og utdøyande kunnskapen om emnet. Dette er eit tverrfagleg forskningsprosjekt, beståande av arkeologi, historie og folkloristikk, og er eit samarbeid mellom Norges Tekniske Naturvitskapelege universitet (NTNU), Vitenskapsmuseet og Falstadsenteret. Prosjektet ønskjer mellom anna å styrke forskinga på dei materiell og kognitive aspekta som er relatert til det kulturelle landskapet frå andre verdskrig, og ønskjer å auke

merksemda på forvalting, dokumentasjon og bevaring av område påverka av andre verdskrig (Jasinski et.al., 2011). Denne avhandlinga er ein del av dette prosjektet, og tek opp nokre relevante arkeologiske problemstillingar knytt til krigsfangeleirar i Trøndelag.

Då bevaringsstatusen av den materielle kulturen til krigsfangeleirane i Trøndelag i stor grad er ukjent og udokumentert, med nokre unntak, vert hovudfokuset i denne avhandling å evaluere og belyse eit avgrensa sett av desse i ein samtidsarkeologisk kontekst. Dette har ikkje vorte gjort tidlegare, og det er difor særst interessant å sjå i kva grad det er mogeleg å oppspore leirane og vurdere tilstanden til den materielle kulturen i desse områda. Eit viktig innleiande ledd i arbeidet med dette er å få oversikt over den historiske og arkeologiske forskingsstatusen kring krigsfangar og krigsfangeleirar i Noreg, då desse emna er sterkt knytt opp mot kvarandre og må sjåast saman. I tillegg kjem avhandlinga inn på funksjonane til dei ulike leirane, kva som skjedde med dei etter krigen og korleis arkeologien kan vere med på å utvide kunnskapshorisonten om krigsfangeleirane i avgrensingsområda.

Eit viktig aspekt som gjer avhandlinga nødvendig er at krigsgenerasjonen, primærkjeldene som har opplevd krigen og følt okkupasjonen på kroppen, og kanskje sett leirane med egne auge, rask minkar for kvart år som går. Det haster difor å kome i kontakt med desse menneska for å bevare litt av deira inntrykk og kunnskap om krigen. I denne konteksten vert det å få bevart og overført relevant munnleg informasjon om leirane frå minne til tekst, slik at den ikkje går tapt for alltid. Eksempelvis kan dette illustrerast med arbeidet å kartfeste dei ulike leirane. Der kart og skriftelege kjelder spriker, kan personar som har vore eller budd i området hjelpe til med å sannsynleggjere kva som er korrekt. Det same gjeld også for å kartlegge funksjonar, storleik, fange opp ikkje-dokumenterte leirar osv.

Då denne avhandlinga tek opp tema knytt til moderne tid, vert det ei samtidsarkeologisk oppgåve. Dette gjev i utstrekkt grad rom for bruk av historiske kjelder saman med det arkeologiske materialet. Det har også vorte gjennomført intervju og samtalar med tidsvitne og lokalhistorikarar. Det overordna målet med avhandlinga er å få oversikt over og registrere utvalde krigsfangeleirar i Trondheim og Øysand. På denne måten vil potensielle utgravingsområde kunne identifiserast.

1.2 Problemstillingar

Før Painful Heritage prosjektet har ikkje den materielle kulturen eller det kulturelle landskapet etter krigsfangeleirane frå andre verdskrig fått særleg merksemd blant forskarar. For å oppnå mest mogeleg kunnskap, må ein difor kombinere det eksisterande materialet med andre kjelder som bilete, kart, tidsvitne og ikkje minst skriftleg dokumentasjon som omtalar aktuelle tema. Då det er stor spreing i bakgrunnskjeldene er viktigheita av å ha oversikt

over den tidligare forskning openbar, noko som dannar grunnlaget for problemstilling 1:

1. Kva er den historiske og arkeologiske forskingsstatusen på krigsfangane og krigsfangeleirane, og kan det identifiserast eventuelle kunnskapshol i denne?

For å svare på denne problemstillinga må hovudlinjene av den kjente relevante forskinga evaluerast, slik ein kan sjå alt i ein samla kontekst. Dette medfører å både forstå historia til krigsfangane og krigsfangevesenet, i tillegg til å evaluere den tidligare relevante forskinga på området.

Sidan kulturminne frå andre verdskrig ikkje er automatisk verna av norsk lov, er det lite som har vorte gjort frå offentleg hald for å bevare dei materielle spora etter utanlandske krigsfangar og tvangsarbeidarar. Dette til tross for den viktige historiske hendinga desse vitnar om. Difor kan ein på generelt grunnlag anta at dagens tilstand er at kulturminna sakte men sikkert forsvinn, både gjennom menneskelege aktivitet og naturleg nedbryting. Dette banar veg for den andre problemstillinga, som siktar mot å lage ei oversikt over krigsfangeleirane ved å registrere den attverande materielle kulturen:

2. Lokalisering og evaluering av bevaringsstatus til krigsfangeleirar frå andre verdskrig i Trondheim og Øysand.

Det kan spekulerast i om at det tidlegare har vore eit bevisst eller ubevisst ønskje om at dei fysiske spora skulle forsvinne, slik at vondskapen og overgrepet dei representerte vart gløymd. Tida har no forhåpentlegvis lega såra såpass at ein ikkje lenger kan fornekte at desse handlingane skjedde, og ta tak i dei før alle fysiske spor etter dei forsvinn heilt. Ved å sjå på dei materielle spora, kan historia bevarast for ettertida. Om kjeldemateriale eksisterer, kan dette verifiserast, eller om nødvendig korrigerast. På denne måten kan kunnskapen om krigsfangeleirar frå andre verdskrig feilkorrigerast, noko som vil auke sikkerheita i den dokumenterte historia. Krigsgenerasjonen svinn raskt hen, og det er difor på høg tid å oppsøke folk som har kunnskap om leirane og få nedteikna noko av den kunnskapen dei set inne med. Samtidig vert denne problemstillinga viktig for å forstå samanhengen med nedringane av leirane og kvifor den materielle kulturen har vorte forsømt.

Andre verdskrig er ein del av samtida og har vore historikarane sitt interessefelt. Skriftleg materiale har vore tilnærma einerådande, og dette er ikkje sett i samanheng med dei faktiske fysiske spora. Med arkeologiske metodar og undersøkingar kan ein få større forståing for dei ulike kontekstane, og kan dermed vere med på å fylle ut, bekrefte eller oppdage nye hendingar i det historiske biletet. Den tredje og siste problemstillinga i avhandlinga vert dermed:

3. Korleis kan arkeologi vere med på å utvide kunnskapshorisonten om krigsfangeleirane i Trondheim og Øysand?

Det er viktig å framheve at dette ikkje gir ei fullstendig oversikt over all materiell kultur som finst i Trondheim og Øysand frå andre verdskrig, men er ei byrjing på å oppspore og dokumentere dei fysiske restane. Det kan difor ha eksistert leirar som ikkje er dokumentert.

1.3 Definisjonar og forklaringar

Denne avhandlinga fokuserer på krigsfangar og krigsfangeleirar, og sidan desse omgrepa i noko grad er nytta om alle utlendingar som budde i tyske leirar, må desse definerast tydeleg. I doktoravhandlinga til Marianne Neerland Soleim (Soleim, 2004, s. 8) er dei sovjetiske fangane delte inn i ulike kategoriar, noko som vert vidareført her. Inndelinga vert i hovudsak nytta til å skilje mellom dei ulike fangegruppene som vart ført til Noreg frå andre okkuperte nasjonar. Det er viktig å presisere at det kan vere vanskeleg å skilje frivillig- og tvungen arbeidskraft, og mellom tvungne sivile og krigsfangar (Steffenak, 1995, s. 57-58, Steffenak, 2008, s. 91).

Det vert nytta 3 kategoriar for å beskrive omgrepa i avhandlinga:

Krigsfangar	Militært personell frå ein opsjonell armé som har vorte teken i fangenskap. Eng. POW (prisoners of war) og tysk Kgf. (kriegsgefangen).
Tvungne sivilarbeidarar	Sivile som vart tvungne til å arbeide for tyskarane.
Frivillige sivilarbeidarar	Sivile som frivillig valde å arbeide for tyskarane. Under desse går også frivillige flyktningar som ønska seg bort frå heimlandet.

I mange tilfelle er sivilarbeidarane, både tvungne og frivillige, knytta til omgrepa “*Ostarbeiter*” (austarbeidar), og “*Fremdararbeiter*” (fremmdarbeidar) (Soleim, 2004, s. 8, Stokke, 2008, s. 8). Dei første frivillige sivilarbeidarane frå andre okkuperte område som kom, vart lokka med god lønn (Stokke, 2008, s. 17), men då desse rapporterte om forholda dei opplevde, slutta frivillige å melde seg. Eksempelvis kom det mange frivillege danskar for å jobbe med dei store utbyggingane i Noreg.

I følgje Michael Stokke og Atle Skarsten (2010, s. 59) er det ingen klar definisjon på ein fangeleir. Det er eksempelvis ingen reglar for storleik eller operasjonell tid, men Stokke og Skarsten skil mellom fangeleirar og arbeidsleirar. Forskjellen på desse er at arbeidsleirane ikkje var av permanent karakter, både i bygningar og operasjonell tid.

Det er også viktig å presisere at omgrepa sovjetiske og russiske krigsfangar vert brukte om kvarandre. Dette kjem av at lokalbefolkninga ofte refererer til desse fangane som russiske

fangar, medan forskingslitteraturen nyttar sovjetiske fangar. Bruken i oppgåva vil vere tilpassa kjelda som er nytta. Om det er ny forskning vil sovjetiske verte nytta.


1.3.1 Kulturminnevern

UNESCO-konvensjonen om vern av verdens kultur- og naturarv frå 1972, definerer arv som; “*vår arv frå fortida, det vi lever med i dag, og det vi gir vidare til framtidige generasjonar.*” Konvensjonen refererer til monument, grupper av bygningar og anlegg med historisk, estetisk, arkeologisk, vitskapeleg, etnologisk eller antropologisk verdi (Skeates, 2000, s. 11). Denne definisjonen er svært vid, og som Logan og Reeves (2009, s. 10-11) påpeiker, var situasjonen enklare då den kulturelle arven var smalare definert med fokus på det eksotiske, tradisjonelle og kunstnariske. Men med denne definisjonen forsvann mykje av det komplekse, og det rike av menneskets eksistens, spesielt med tanke på område som er forbunde med skam og smerter.

Den norske kulturminnelova regulerer vernet av kulturminne frå fortida, og for å forstå kvifor mange strukturar, områder og stadar frå krigen har forvittra i etterkrigstida må denne undersøkast. § 2 er:

Kulturminner er alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng (Kulturminnevern, lov, forvaltning og håndhevelse, 2005, s. 230).

I utgangspunktet gir denne paragrafen rom for vern av kulturminne frå krigen, men av § 4 er det berre kulturminne frå oldtid og middelalder (inntil år 1537), og ståande byggverk frå perioden 1537-1649, som er automatisk freda (Kulturminnevern, lov, forvaltning og håndhevelse, 2005, s. 229). Likevel kan det materielle frå krigen fredast gjennom § 15, der riksantikvaren har moglegheit til gjere enkeltvedtak for freding av kulturminne frå nyare tid (Kulturminnevern, lov, forvaltning og håndhevelse, 2005, s. 233). Eit eksempel på dette er restane av krigsfangeleiren ved Øvre Jernvatnet (ein leir for jugoslaviske fangar) i Nordlandfylke som vart verna i juli 2011 (Jasinski, 2012). Sjølv om arkeologiske undersøkingar må gjerst av eit område som skal utbyggast eller liknande, er det ingen automatikk i at krigsfangeleirar, eller andre kulturminne frå andre verdskrig, skal undersøkast vidare eller fredast. Då dette er opp til kvar enkelt fylkeskommune, kan konsekvensen verte at desse kulturminna ikkje får den same merksemda som dei automatisk freda kulturminna. I verste fall leiar dette til dårlegare undersøkingar, som igjen kan gjere at verdifull kunnskap om denne historiske perioden går tapt. Dette er synd då det er kjent at den materielle kulturen kan fortelje mykje om korleis militærhistoria har vore med på å forme den moderne verda (Beck, et.al., 2002, s. 2).



Figur 1.2: Kart over Trondheim og Øysand. Sistnemnde ligg 20 km sør for byen. Kartet er laga ved hjelp av Google Maps.

1.4 Tidsavgrensing og undersøkingsområde

1.4.1 Tidsavgrensing

Då avhandlinga er ein del av Painful Heritage prosjektet, der den materielle kulturen frå andre verdskrig vert undersøkt, er det naturleg at avgrensinga i tid går utover krigsåra. Sjølv om ikkje krigsfangane vart ført til Noreg i større tal før i 1941, er tida frå angrepet, og også etterspelet viktig for å forstå heilskapen. Dette gjer at det vert naturleg å starte ved invasjonen i 1940. Tidsavgrensinga vert dermed perioden 1940-45, men for å forstå kva som skjedde i ettertida, både med leirane og fangane, vert perioden fram til i dag også relevant. Dette må gjerast for å unngå å berre dokumentere restane etter leirane, men sette dei i kontekst og forstå dei.

1.4.2 Undersøkingsområde

Med bakgrunn i den tyske aktiviteten og byggeverksemda i og rundt Trondheim, i tillegg til byen si viktigheit under krigen, er Trondheim og Øysand vald som undersøkingsområde for avhandlinga. Figur 1.2 viser dei aktuelle områda i forhold til kvarandre.

Det er viktig å presisere at det var signifikant aktivitet i Trøndelag også utanfor Trondheim og Øysand. Ørland, Oppdal og Falstad med fleire, er eksempel på at okkupasjonsmakta nytta krigsfangar i ulike settingar, men for å kunne bidra med meir enn berre ei oversikt må desse i stor grad utelatast i denne avhandlinga.

Valet av Trondheim kjem av at tyskarane såg byen, med flyplassen på Værnes, som landsdelen sitt administrative sentrum, med eit viktig økonomisk og befolkningsmessig tyngdepunkt. Området er også militærstrategisk viktig, då Trondheimsfjorden, som byr på eit stort naturleg basseng skjerma frå det røffe Norskehavet, fasilitetar eit godt knutepunkt for marine operasjonar. Difor, som eit ledd i Atlantervollen, såg den tyske overkommandoen Trondheim som den framtidige hovudbasen for marinen i Nord-Europa (Skjæran, 1986, s. 143, Kirkhusmo, 2005, s. 323), og dette var også eit godt utgangspunkt for sjøkrig mot Storbritannia (Cross, et.al., 2005, s. 50).

Då den nordligaste delen av byen grensar mot Trondheimsfjorden og var eit område svært prega av den tyske aktiviteten, med blant anna utbygging av flyplass og store hamneanlegg, vert potensielle krigsfangeleirar i denne delen av byen undersøkt. Desse krigsfangeleirane er Strindheim, Rotvoll, Korsvika på Lade og Blindeskulen. Grunna tidsmessige aspekt, vert ikkje leirar som ein trur ligg sør i byen, inkludert i denne avhandlingen.

For å realisere dei nødvendige massive utbyggingane i Trondheim, var det behov for meir plass. Øysand, ca. 20 kilometer sør for byen, skulle inneha verdas største skipsverft ved elva Gaula sitt utløp i Trondheimsfjorden. I dette området var det også konkrete planar om å opprette ein ny “*germansk*” by som skulle huse nesten 300.000 innbyggjarar. Prosjektet vart kalla “*Neu Drontheim*” (Ny-Trondheim) og utbygginga vart leia av den tyske arkitekten og seinare rustningsministeren Albert Speer. Det vart også bygd flyplass her, men denne fekk aldri like stor betydning som flyplassane på Ørlandet og Værnes (Skjæran, 1986, s. 143, Brovold, 1996, s. 7, 23, 34, 45).

Grunna dei ekstravagante planane for Øysand, med visjon om “*Neu Drontheim*”, bygging av flyplass og store hamneanlegg, og tilknyttinga området hadde, og skulle ha, til Trondheim og Trondheimsfjorden, vert også krigsfangeleirane her undersøkt. Desse leirane låg i nærleiken av byggeaktivitetane i området. Eit vidare argument for avgrensingsområda er at dei store prosjekta i dei valde områda, i utstrakt grad vart forsøkt realiserte ved bruk av krigsfangar som arbeidskraft, og at desse var stasjonert i nærleiken av arbeidsstaden.

1.5 Oppbygging

Avhandlingen er bygd opp som følgjande; Kapittel 2 gjennomgår og diskuterer det teoretiske og metodiske grunnlaget. Kjeldematerialet vert også presentert her. Kapittel 3 ser på, analyserer og evaluerer den tidlegare relevante historiske og arkeologiske forskinga. Kapittel 4 gjennomgår først krigsfangevesenet, før resultatane av dei utvalde leirane vert presenterte og diskuterte. Kapittel 5 diskuterer den potensielle kunnskapsvinninga av å nytte arkeologi i dei utvalde leiområda, før avhandlingen vert konkludert i kapittel 6.

Kapittel 2

Teoretisk og metodisk tilnærming

Då denne avhandlinga tek for seg tidsperioden 1940 og fram til i dag, er den samtidsarkeologisk. Dette er ei grein av arkeologisk forskning som studerer det materielle frå den moderne fortida (Buchli & Lucas, 2001, s. 3, Majewski & Schiffer, 2001, s. 27), noko som vanlegvis er definert som tidsrommet frå om lag 1850 og fram til i dag (Burström, 2006, s. 15, Burström, 2007, s. 14, Buchli & Lucas, 2001, s. 3, Schofield & Cocroft, 2007, s. 14). Tidligare fungerte samtidsarkeologien berre som eit pedagogisk verktøy for å utdanne arkeologar, men no ønskjer forskarane at den skal eksistere sjølvstendig for å betre forstå den nære fortida (Burström, 2007, s. 25). I følgje Mats Burström (2006, s. 15, 2008, s. 7) er samtidsarkeologien eit sterkt veksande felt som framleis er i endring og utvikling. Retninga er ei grein innan historisk arkeologi som er grenseoverskridande gjennom å nytte teoriar og metodar frå fleire andre akademiske disiplinar (Burström, 2007, s. 7, Majewski & Schiffer, 2001, s. 27).

I dagens samfunn, med overflod av kjelder gjennom aviser, tv, bøker, internett osv., kan arkeologi som tilnærming til den nære fortida verke noko irrelevant (Schofield & Cocroft, 2007, s. 13). Perioden er som Buchli og Lucas (2001, s. 3) skriv, ei tid som har høyrte historikarane til. Den store mengda av materiale kan leie til villfaring om at all kunnskap om perioden er kjend (Fairclough, 2007, s. 22). Dette er nødvendigvis ikkje tilfellet då materielle spor ofte fortel udokumenterte historier, og opnar for nye tolkingar som igjen leier til ny kunnskap og betre forståing av menneskelege relasjonar (Beck, et.al., 2002, s. 4, Burström, 2007, s. 9, 16). Både Anders Andrén (1997, s. 44, 132) og Barbara Little (1996, s. 42) framhevar desse poenga, og begge hevdar at arkeologien kan vere med på å bringe fram kunnskap om dei menneska eller områda som er "*utan ei historie*", altså dei som ikkje er nemnd i skriftlege kjelder.

Jasinski og Kola (2011, s. 38) viser også til at materielle kultur kan frambringe informasjon av ein annan karakter enn dei skriftlege kjeldene, der ein kan belyse mørklagte sider av

den moderne historia. Eksempel på dette er folkemord og lovbrøt mot menneskeheita, der gjerningsmennene ofte skjuler spora og fjernar dokumentasjon relatert til lovbrota. For å oppnå kunnskap om hendingane, er arkeologiske metodar i mange tilfelle den einaste måten å verifisere hypotesar og konstatere fakta (Jasinski & Kola, 2011, s. 38).

Sjølv om enorme mengder skriftlege kjelder om andre verdskrig eksisterer, finst det hendingar som ikkje lenger er tilstade i den kollektive hukommelsen (Buchli & Lucas, 2001, s. 82). Desse er ein del av den vanskelege kulturarven (the difficult heritage), ofte representert ved spesifikke plassar, område eller institusjonar, som har laga vonde arr i samfunna (Logan & Reeves, 2009, s. 1, 5). Handlingane og hendingane desse representerer, har medført at heile samfunn og folkegrupper bevisst eller ubevisst har undertrykt minna, og dermed mista ein bit av historia gjennom fråveret av dokumentasjon. Områda har også vorte forlatne for så å verte gløymde sidan dei vert assosierte med skam, smerter eller forakt (Logan & Reeves, 2009, s. 10).

I dei seinare åra har den vanskelege kulturarven kome i fokus både hos forskarane, og hos den generelle befolkninga. Det er ei tydeleg trong for å minnast, forstå og forklare, slik at ein kan unngå at historia gjentek seg (Logan & Reeves, 2009, s. 3-4). Dette bakteppet har ført samtidsarkeologien på bana for å handtere spørsmåla om kva som skal gjere med desse områda, og kva som bør takast vare på (Beck, et.al., 2002, s. 4).

Buchli og Lucas (2001, s. 17, 172) viser til at den materielle kulturen frå fortida, også er ein del av notida, der det materielle kan vere med på å hjelpe enkeltmenneske og samfunn å takle vonde motsetningar som elles ville ha vore tause. På same måte må ein ta omsyn til at det er enkeltindivid og grupper som ikkje er klare for å hanskast med dei vonde minna, noko som må respekterast. Det er svært viktig at alle aspekta, både tekstlege og materielle, er inkluderte når historia skal bevarast, forklarast og formidlast. Difor vert kontekstuell teori hovudteorien i denne avhandlinga, saman med landskapsteori og diskursteori.

2.1 Teori

Kontekstuell teori

I denne avhandlinga er den kontekstuelle forståinga av materiell kultur den overordna teoretiske tilnærminga, og problemstillingane har vore utarbeidd med dette som basis. Ordet kontekst kjem frå det latinske ordet *contexere*, som tyder å veve, veve saman eller sette i samanheng (Hodder & Hutson, 2003, s. 170). Hovudessensen i teorien er at ein studerer heile funnsamanhengen, eksempelvis føremålet, depositionsprosessen, arten av fortidsleivningane, miljøet og dei ideelle og symbolske samanhengane (Baudou, 2004, s. 284). Det vert såleis viktig å unngå at dei ulike objekta/ det materielle vert studert separat. Hypotesen til

teorien seier at ved å sette funna saman med rommet og området dei høyrer til, vil betre og meir nøyaktig kunnskap vere oppnåeleg. Intuitivt sett stemmer dette bra sidan ein sidedig observasjon enkelt kan føre til villfaringar, som kunne blitt forklart om ein ser det heile i eit meir heilskapleg bilete av dei historiske hendingane. Eit kulturlandskap eller ein artefakt har liten eller ingen vitskapeleg verdi visst den er lausriven frå sin samanheng (Andrén, 1997, s. 34, Hodder & Hutson, 2003, s. 4, Trigger, 2006, s. 455).

John Carman (2002, s. 11) meiner at fokuset på profesjonell og akademisk bevaring er umogeleg når objekta vert skild frå konteksten av konstruksjon og bruksområde, uavhengig om dette er små berbare objekt, køyrety eller plassar. Vert desse fjerna frå omgjevnadane/konteksten, forvitrar deler av historia til hendinga/området, og den vert vanskelegare å lese (Hodder & Hutson, 2003, s. 190-191). Det same gjeld også for tekstar (Andrén, 1997, s. 122).

William Rathje (2001, s. 65) peiker også på kor viktig det er å sjå konteksten samla, samstundes som han framhevar at arkeologane i dei siste 50 åra har vore opptekne av å finne den mest produktive tilnærminga til arkeologien, som åleine kan forklare dei ulike hendingane, slik som eksempelvis prosessualismen, atferdsarkeologien, forbruksarkeologi osv. Vidare hevdar Rathje at eit heilskapleg perspektiv på fortida eller notida ikkje er oppnåeleg ved å nytte berre ei tilnærming åleine. Ei fullstendig forståing av mennesket si framferd opp gjennom tidene, kan berre oppnåast gjennom integrasjon av alle dei arkeologiske retningane samla.

Landskapsteori

Gjennom den kontekstuelle tilnærminga har arkeologien vorte meir oppteken av å forstå landskapet og meininga dette hadde for menneska (Andrén, 1997, s. 131, Trigger, 2006, s. 447). Sidan landskapet alltid har vore der, har det påverka menneska som har bevega seg i det. Dei har nytta seg av det, og det har betydd noko for dei. Landskapsteori går difor ut på å fokusere på kva tyding landskapet eller "*rommet*" har hatt for menneska i fortida, korleis dei utnytta landskapet til sin fordel, kva tyding landskapet har hatt og korleis landskapet vert opplevd (Tilley, 1994, s. 2, 11-12, 15, Tilley, 2004, s. 1). Eksempelvis seier Tilley (1994, s. 18) at det er viktig å ta omsyn til stadnamn, sidan desse er med på å danne landskapet, og er med på å auke forståinga av lokalitetane, og dermed også heile konteksten.

Diskurst teori

Michel Foucault definerer ein diskurs som ei gruppe ytringar, som ein kan definere moglegheitsføresetningane for (Foucault, 1968/1972, ref. i Jørgensen & Phillips, 1999, s. 22). Utgangspunktet i teorien er at sosiale fenomen aldri vert ferdige eller totale, og dette gir ein konstant

sosial kamp om definisjonar på samfunnet og identitet (Jørgensen & Phillips, 1999, s. 34). Diskurs vert difor analyse av alle måtar å kommunisere på, til dømes skriftleg og munnleg kommunikasjon, der det overordna målet er å analysere korleis og kvifor ytringar oppstår, og kva ytringar som er moglege og umoglege. Dette gjer at ein del av diskursanalysen vert ein tekstanalyse (Neumann, 2001, s. 16). I arkeologien kan dette til ein viss grad nyttast til å drøfte ikkje-tekstleg materiale og kva dette kommuniserer.

2.2 Metode og feltmetodikk

For å svare på problemstillingane formulert i kapittel 1.2, har ulike framgangsmåtar vore nytta. Innleiingsvis vart diskursen i den samla litteraturen forsøkt forstått, dvs. kva ytringar og hypotesar dei ulike forskarane har publisert og grunnlaget for desse. Samstundes vart forskingsområdet denne er sentralisert rundt, studert. Dette vart gjort gjennom at den kjende forskingslitteraturen vart lest og tolka og vidare nytta til å oppdage ny litteratur og relevant kjeldemateriale. På denne måten vart forskingsstatusen evaluert. For å avdekkje kunnskapshol, vart forskingsområdet denne bygg på, analysert for å identifisere tema som ikkje er diskuterte og forska på i utstrekt grad, men som det underliggende eksisterande kjeldematerialet potensielt kan belyse element av. Eksempelvis har dei forskjellige regionale fangelister vore nytta til å belyse problemstillingar knytt til talet på krigsfangar, men ikkje til nøyaktig plassering av krigsfangeleirane. På denne måten vart problemstilling 1 gjennomgått og svart på.


I dette arbeidet vart det avdekka kjeldemateriale som var svært nyttig i lokaliseringa av, og kartlegginga av historia til leirane. For å avklare det som er uklart i kjeldene i tillegg til å diskutere og utveksle kjeldemateriale og hypotesar, vart utvalde historikarar kontakta. På denne måten kom det fram meir informasjon og kjelder om krigsfangane og krigsfangeleirane i Trondheim og Øysand. Ved å lese lokalhistoriske artiklar, kom det fram namn på lokalhistorikarar, lokalkjende og tidsvitne, som kunne sitje inne med verdifull kunnskap, nyttig for denne avhandlinga. Også desse vart kontakta med tanke på samtalar eller intervju. Intervjua som vart gjorde, følgde ein forholdsvis laus struktur, der spørsmåla var utforma på førehand, men det var lagt opp til at intervjuobjektet skulle få prate fritt og kunne ta opp eigne tema. Dette var viktig for å forstå heile konteksten, utan å påverke informanten i stor grad. Desse samtalane og intervjua var særskilt viktige i arbeidet med lokaliseringa av leirane. I fleire tilfelle leia dette til felles eksklusjonar for å undersøke lokalitetane.

Parallelt med dette arbeidet vart det utført søk i arkiv, i tillegg til kontakt av ulike institusjonar med tanke på å skaffe til veie moglege kjeldemateriale. I dette arbeidet vart det funne skriftlege kjelder og kart, noko som vart viktig med tanke på lokaliseringsarbeidet og avdekking av historia.

Etter at kjeldene var innsamla, vart den kontekstuelle analysen gjennomført for å kaste lys over problemstilling 2. Her vart alt det tilgjengelege kjeldemateriale sett under eitt, og sannsynet av innhaldet forsøkt evaluert. På denne måten kunne leirane lokaliserast med tilstrekkeleg nøyaktigheit, samstundes som historia deira vart forsøkt avdekkja. Dette leia vidare til ekskursjonar for å evaluere landskapet og undersøke bevaringsstatusen, noko som igjen betra forståinga av konteksten. I dette arbeidet vart det også viktig å studere flyfoto og bilete over områda frå før krigen for å evaluere potensialet i området for ein krigsfangeleir, og sette dette i samanheng med leirane si plassering og stadnamn. Under ekskursjonane vart det utført overflateregistreringar for å dokumentere synlege spor. Desse vart kartfesta med GPS og fotografert. Også områda der ein meinte krigsfangeleirane hadde lege, vart kartfesta med GPS.

GPS målingane vart gjort med ein Android smarttelefon av typen Sony Ericsson Xperia X10 mini pro, der det vart nytta ein applikasjon kalla GPS status som les ut koordinatane, og gjev eit estimat av posisjonsnøyaktigheita. Figur 2.1 viser den faktiske applikasjonen på den aktuelle telefonen. Normalt hadde målingane 2 meter nøyaktigheit i ope terreng. Alle målingane vart noterte ned i lengde- og breiddegradar (sjå vedlegg B1). GPS-målingane vart plotta inn i programmet Google Earth for å visualisere plasseringa i terrenget (sjå vedlegg A). Dette er eit globusprogram frå dataselskapet Google som inneheld kart og satellittbilete.

Det er viktig å få fram at det i denne avhandlinga ikkje har vorte gjort arkeologiske utgravingar, grunna tidsmessige avgrensingar og omfanget av slike undersøkingar. Men gjennom lokaliseringa av områda og studiet av kjeldene, har det vore identifisert potensielle område som eignar seg for vidare undersøking, og diskutert korleis arkeologien kan nyttast for å oppnå kunnskap som dei andre kjeldene ikkje kan gi. På denne måten er problemstilling 3 svart.



Figur 2.1: Sony Ericsson Xperia X10 mini pro med applikasjonen GPS Status.

2.3 Kjeldemateriale

Lister

I løpet av og etter andre verdenskrig vart det laga ulike oversikter og lister over krigsfangesituasjonen i Noreg. Ein av desse er Central Zone lista (sjå vedlegg B2) som finst i arkivet til Hjemmefrontmuseet i Oslo (FoII Div, boks 9). I rapporten står det:

The attached information has been supplied by German Delegates representing German High Command, Norway, at their interrogation at Craigiehall, 11 May to 14 May 45. Statistics may be presumed to be as of date of capitulation (9 May) unless otherwise stated.

Denne lista gjeld for den sentrale sona i Noreg, definert som området mellom Nordfjord i sør til Sørfoldafjord i nord og inneheld statistikk over krigsfangar pr. 9. mai 1945. Den har kolonnane; *Destination, Guard unit, Nearest railway station or airfield, Strength, og Nationality*. Det er notert i vedheftet i dokumentasjon at lista inneheld; *... List of all P.W. camps giving location, guard unit, P.W. strength and nationality*. Då lista og beskrivinga er tvetydig om innhaldet er krigsfangeleirar eller arbeidsplassen dei aktuelle krigsfangane var utpeika til, må ein nytte andre kjelder for å verifisere dei registrerte nedteikningane. Lista kan nyttast til å seie noko om talet på fangar i dei aktuelle områda og gi ein peikepinn på leirlokaliseringar. Andre kjelder bygg også på denne lista, det er difor viktig å avgjere det faktiske informasjonsinnhaldet.

Den andre lista, “*Verteilung und Einsatz der dem Stalag 380 unterstellten Kriegsgefangenen mit dem Stand vom 1.4.45*” (sjå vedlegg B3) finst også i Hjemmefrontmuseets arkiv (FoII Div, boks 21), heretter referert til som Stalag 380 lista. Denne er ein del av ei tysk utgreiing utarbeida for å gi oversikt over underleirane til Stalaga 303, 330 og 380 (Soleim, 2004, s. 300). Lista er oversett frå tysk til engelsk og vitnar difor om alliert tilgang til informasjonen like etter kapitulasjonen. Lista viser fordelinga av krigsfangar i leirane og tilknyttinga til militære einingar pr. 1. april 1945, og inneheld kolonnane camp, unit, PoW og ED. Sistnemnte er krigsfangar som hadde ein hjelpetenestefunksjon for dei tyske styrkane, noko som gav dei same forpleiing som tyske soldatar. Stalag 380 - og Central Zone listene vil i enkelte tilfelle verte omtalt som dei allierte og tyske listene.

Birgit Kock (1988) har utarbeidd ei oversikt over krigsfangeleirsituasjonen i Noreg med bakgrunn i protokollen til den norsk-sovjetiske krigsfangekommisjonen, som utførte synfaring i Finnmark, Troms, Nordland og Trøndelag i september og oktober 1946. Formålet med lista til Kock var å granske situasjonen til krigsfangane under krigen, levevilkår, talet på fangar og arbeidsforholda i desse områda. I tillegg reflekterer lista deler av den tyske utgreiinga frå september 1945 med oversikt over leirane som høyrde til ulike Stalag, og leirane delte

inn i arbeidsbataljonar (Kock, 1988, s. 115-116).

Marianne Neerland Soleim har utarbeidd ein database over tyske leirar for sovjetiske krigsfangar i Noreg (Soleim, 2004, appendiks 1, database). Leirane er registrert med variablane: stad, fangetal, arbeidstype, operasjonelle tidsrom og underleirar. For meir detaljar og utfyllande materiale har Soleim henta opplysingane frå både primære og sekundære kjelder (Soleim, 2004, s. 55-56). Det er viktig å leggje merke til at Solheim definerer stad som det området ein meinte leirane låg i og gir såleis ingen nøyaktig lokalisering.

Michael Stokke har laga ei liste for Painful Heritage prosjektet, der han har viser til oversikta nazistane hadde over krigsfangeleirsituasjonen den 1.4.1945. Han bygg informasjonen delvis på Stalag 380 og Central Zone listene. Stokke peikar på at oversikta eigentleg er ei liste over arbeidseiningar, dvs. kva tysk eining krigsfangane jobba under (sjå kap. 4.1), og kvar dei jobba, som ofte var på same stad som krigsfangeleirane (informasjon på e-post, 04.03.12).

I dette arbeidet vert listene nytta til å få oversikt over moglege plasseringar av krigsfangeleirar i Trondheim og på Øysand, og dessutan å finne kva arbeidseining krigsfangane jobba for, nasjonalitet og talet på fangar i det aktuelle tidsrommet.

Utfordringane med listene er at leirane har gått under fleire namn, der lokalbefolkninga har brukt eit namn og nazistane eit anna. I tillegg vart leirane ofte omtalt med stadnamnet der leiren låg og leiar til ei oversikt med fleire leirar enn det eigentleg var. Leirane var som nemnt ovanfor, ofte plasserte på arbeidsstaden til krigsfangane. Når jobben var ferdig, vart mange av leirane rivne og/eller flytta og kan ha medført at enkelte leirar ikkje vart registrerte i listene.

Mot slutten av krigen var situasjonen dessutan uoversiktleg og har truleg medverka til at det er avvik mellom listene (Kock, 1988, s. 5).

Når listene ikkje nødvendigvis refererer til leirar, eller nøyaktig plassering, må opplysingane verifiserast mot andre kjelder. Arkeologiske undersøkingar kan i så måte tenkjast som ein brukbar stadfestingsmetode. Denne oppgåva er ikkje basert på arkeologiske utgravingar, men informasjonen i listene er vurdert opp mot andre kjelder og vil difor verte eit nyttig reiskap i planlegginga av slike.

Flyfoto, kart og bilete

Forskjellige flyfoto, kart og bilete er evaluerte og nytta i analysen av krigsfangeleirane. Eit av flyfotoa er teke over Trondheim i 1937, og er det eldste flyfotoet som er nytta. Biletet er henta frå nettsida kart.finn.no, under historiske flyfoto. Enkelte stader er mosaikkbiletet diverre litt ufullstendig og kjem truleg av manglande overlapping som ikkje kunne oppdagast før framkalling med dåverande fototeknologi. Flyfotoet er ikkje datert meir nøyaktig enn

årstalet, men er truleg teke i løpet av sommaren eller på hausten, då det syner mange hesjar på markane. Høytørking i hæs var vanleg på denne tida og vert berre nytta i denne perioden av året. Opphavsmannen til bileta er ukjent.

Eit anna sett flyfoto som er nytta, er dei allierte bileta over delar av Trondheim i 1942. Fotoet er kjøpt hos *Royal Commission on the Ancient and Historical Monuments of Scotland: the National Collection of Aerial Photography*. Bileta er datert til 19.07.42, og viser nokre av dei tyske utbyggingane i byen. Bileta er frigjevne etterretningsfoto, truleg tekne av allierte fly.

Det er også nytta eit etterretningsfoto over Øysand, tatt den 07.07.44. Biletet er henta frå <http://www.skaunnyt.no/litt-om-alt/for-i-tia/845-flyfoto-av-oyсанд-1944.html>, der ein ser brakkeleirane og flyplassen på Øysand under okkupasjonen.

Det er også nytta flyfoto over områda i dag. Desse er henta i frå nettenestane <http://maps.google.no>, <http://kart.finn.no> og <http://kart.gulesider.no>. Bileta er ikkje daterte, men er truleg tekne etter 2010.

I tillegg til flyfoto er det også nytta kart. Eit av dei viktigaste er illustrasjonskartet over Trondheim, teikna opp i august 1945. Kartet er henta frå heimesida til Trondheim byarkiv, http://www.flickr.com/photos/trondheim_byarkiv/3287958435/ men er utan forklaringsar til nummereringane og fargemarkeringane, opphavsreferanse manglar også. Byarkivet foreslår at fargeoversiktene kanskje viser eigeforholda etter krigen.

Der det kunne oppdrivast, er det nytta kart over dei aktuelle leirane. Det vart oppdaga to kart over leiren på Rotvoll i arkivet til Forsvarsmuseet på Dora. Det eine der brakkene er oppteikna, er ein situasjonsplan laga av eit norsk rørleggarfirma. Planen viser to dateringar 21.05.43 og 27.05.43, truleg viser den første datoen då det vart teikna, medan den andre kan vere godkjenningdatoen. Det andre kartet er merka O.T. Lager Rotvold, og viser også brakkeplasseringa, men har ingen datering. Det er også vist til eit britisk etterretningskart over leiren på Rotvoll, datert til oktober 1943. Kartet er henta i frå Knut Sivertsens (2003, s. 110) artikkel “*Strinda i krigsårene. Tysk militær aktivitet 1940-1945*”, der brakkeleiren er oppteikna.

Det vert også vist til eit utsnitt av eit tysk kart over Blindeskulen, henta i frå Kjell Furusets (2008, s. 34) artikkel “*Dalen - frå husmansplasser til blindeskole og høyskole*”. Kartet viser flyplassen på Lade og kvar Blindeskulen låg i forhold til krigsfangeleiren.

Sidan det ikkje er lokalisert flyfoto over Øysand før krigen, vert eit av dei første tyske karta av området viktig med tanke på korleis lokalitetane såg ut før krigen. Dette kartet har tittelen “*Entwurf über Kriegsmarinenhafenanlagen bei Trondheim*”, og er henta i frå Gabriel Brovolds (1996, s. 72-73) bok, “*Neu Drontheim i Hitlers regi og Øysand under krigen*”.

Det tyske kartet av brakkeleirane på Øysand er det også ofte referert til. Dette viser bygningane som tyskarane reiste under krigen, nummereringa av brakkene og beskrivingar av desse (sjå vedlegg B4). Kartet er ein kopi av eit kart frå teknisk etat i Melhus kommune, og viser vatn- og kloakksystemet i leiren. Kartet er gjort tilgjengeleg for dette arbeidet av Michael Stokke og Morten Moe, og er utan datering, men innteikninga av flyplassen og alle leirane tyder på at det er produsert seint i krigen.

I tillegg er det referert til eit kart der søppelhola på Øysand er teikna inn. Kartet, gjort tilgjengeleg av Morten Moe, manglar også datering, men innteikninga av alle brakkeleirane tyder på at det er laga på slutten av krigen.

Det er nytta ulike bilete, i hovudsak henta frå skriftlege kjelder. Bileta er gjort tilgjengelege av Michael Stokke og Morten Moe. Bileta viser både hendingar under og etter krigen. Det er vidare nytta bilete av områda i dag som viser den synlege materielle kulturen.

Intervju av tidsvitne

Munnlege kjelder har særneige kvalitetar og moglegheiter. Intervju er eit godt utgangspunkt for dokumentasjon av hendingar i høve til individuelle opplevingar, forståing og refleksjonar. I tillegg får ein innsikt i informantens erfaringar, tankar og kjensler (Kjeldstadli, 1999, s. 195, Thagaard, 2009, s. 12, 61, 87). Munnlege kjelder kan dermed vere til stor hjelp for forståing av sosiale fenomen, og til studie av tema med lite forskning (Thagaard, 2009, s. 12). Intervju eignar seg i denne samanhengen då mange av tidsvitna levde tett inn på krigsfangeleirane under okkupasjonen. Tidsvitna kan ofte fortelje meir enn dei skriftlege kjeldene om korleis krigsfangane vart behandla, var kledde og kvar dei jobba. Dei er også gode kjelder for nøyaktig stadfesting av leirane, utfyllande opplysningar om brakkeplassering, tal og storleik.

Den attlevande krigsgenerasjonen minkar, og ei av dei største utfordringane er å kome i kontakt med dei. Det er over 70 år sidan krigsutbrotet og truverdet må vurderast då informanten kan ha problem med å hugse rett eller berre brøkdelar av faktiske hendingar (Abraham, 1999, s. 5, Kjeldstadli, 1999, s. 196, Jasinski, 2012). Det kan også vere slik at informanten berre hugsar dramatiske hendingar, og har konstruert ei historie rundt desse. Om ein spør om andre hendingar, hugsar ein ikkje like godt. I nokre tilfelle kan ein oppleve at tidsvitna fortel historier som dei trur dei sjølve har opplevd, men som viser seg seinare å vere del av den kollektive hukommelsen (Thagaard, 2009, s. 88, Jasinski, 2012).

I mange høve kan det utførast intervju med menneske med nær tilknytning til dei fysiske spora, dette gjev unik innsikt i den materielle kulturen. Ein stor fordel, og kontrast til konvensjonell arkeologi, der tidlegare forskning, hypotesar og antakingar er alt ein har å støtte seg til.

Lokalhistoriske dokument og dagbøker

Det er også studert lokalhistoriske artiklar, årbøker, tidsskrifter og dagbøker. I følgje Soleim (2004, s. 37) målber desse kjeldene “*folkets forteljingar*” best, og er eit forum for framstilling av munnleg historie. Dei gir kjennskap til sjølvopplevde hendingar og viser korleis menneska hugsar krigsfangane og leirane (Knutson, 2001, s. 93). Kjeldene er gull verdt i innsamlinga av lokalehistorisk informasjon, og har i dette arbeidet vore viktige med tanke på lokalisering av krigsfangeleirane. Dei er ofte nedskrivne frå hukommelsen og manglar ofte referansar og må difor samanliknast og analyserast kritisk før dei vert nytta (Herschend, 1997, s.77).

Landskap og materiell kultur

I følgje Panikar (2010, s. 154) utarbeidde tyskarane ei forskrift for sovjetiske krigsfangeleirar i Noreg. Desse skulle plasserast i utkanten av byar, i avstand frå lokalbefolkninga og i nærleiken av vegar. I tillegg burde leiren ligge på ei slette (Koch, 1988, s. 59). Antakeleg gjaldt dette i utgangspunktet for alle krigsfangeleirane, då det var strenge forbod mot kontakt mellom fangar og sivilbefolkninga. Likevel finst der prov på avvik frå regelverket. Eksempelvis på Bud, i Møre og Romsdal, der krigsfangane vart husa i allereie eksisterande bygningar (Jasinski, 2012).

Landskapskravet gjer terrenget til ei viktig kjelde for analysen og lokalisering av leirplasseringa. I tillegg vert den materielle kulturen nytta for å stadfeste eksistensen av leirane og for evaluering av bevaringsstatusen.

Tyske og norske dokument

I tillegg til dei nemnte kjeldene, er det vist til både tyske og norske dokument. I arkivet til Forsvarsmuseet på Dora i Trondheim, vart det oppdaga eit dokument, datert 27/8-46, som omtalar frigivinga og avstenginga av straumen på Rotvoll leir (sjå vedlegg B5). I tillegg vart det funne ei oversikt over inventaret i Rotvoll leiren med tittelen; “*Norwegian army, Trondheim zone, Inventory of furniture, cooking utensils, etc. at Rotvoll camp taken over from Lt. R.H. Newy R.A. 24. Nov. 1945*” (sjå vedlegg B6). I arkivet vart det også funne eit dokument som forklarar dei ulike brakkene i OT lager kartet (sjå vedlegg B7). Det er vidare vist til kravet datert 15.10.45 frå ordføraren i Strinda, Per Almaas, sendt til fylkesmannen i Sør-Trøndelag, angående kjøp av tyskarbrakker grunna bustadmangelen i Trondheim (sjå vedlegg B8). Dokumentet vart gjort tilgjengeleg av Per Øverland.

Eit tysk notat datert 08.06.43, som viser kapasitetssituasjonen i dei ulike leirane på Øysand på dette tidspunktet, vert også nytta (sjå vedlegg B9). I tillegg er det referert til eit anna tysk dokument, datert 11.03.44 (sjå vedlegg B10), som inneheld svar på eit spørsmål om

plassering av krigsfangar i ein leir på Øysand. Michael Stokke og Morten Moe gjorde desse dokumenta tilgjengeleg for arbeidet.

Gjennom ei samla vurdering av kjeldematerialet er meir informasjon tilgjengeleg, og gir dermed ein sjanse til ei vidare forståing av samanhengane (Beck, et.al., 2002, s. 1, Hodder & Hutson, 2003, s. 4-5, Burström, 2007, s. 16). Eit utvida informasjonsspenn gjer det lettare å identifisere sprik i kjeldene og analysere materialet for å sannsynleggjere eller avkrefte teoriar om årsakssamanhengar. Det kan i enkelte tilfelle vere ei utfordring å forvalte alle kjeldene på ein effektiv og ryddig måte. Gjennom dette arbeidet vert det danna bruer mellom ulike disiplinar og gjennom samarbeid kan ein utvikle kunnskap nærare dei faktiske tilhøva (Hodder, 2001, s. 190).

Kapittel 3

Forskingshistorikk

I dette kapitlet vert det først vist til den norske historiske forskinga, for å evaluere det skrivne materialet om krigsfangar og krigsfangeleirar. Vidare vert den arkeologiske forskinga analysert. Hovudfokuset ligg på norsk forskning, men sidan dette er eit svært nytt tema innan arkeologi i Noreg vert det også vist til eksempel frå internasjonal forskning. Historisk og arkeologisk forskning komplimenter kvarande, og skaper eit meir heilskapleg bilete av historia, og kan dermed auke forståinga av dei ulike kontekstane, noko som vert viktig i denne avhandlinga. Eit viktig element i kjeldekartlegginga er å få oversikt over manglar i den relevante forskinga. Dette kan forhåpentlegvis hjelpe til med å fokusere på innsatsen slik at kunnskapsutbyttet vert høgast mogleg.

3.1 Historisk forskingsstatus

Det var ikkje før på slutten av 1980- og i byrjinga av 1990- talet at norske historikarar byrja å fokusere på vanskelege spørsmåla knytt til okkupasjonsåra. Tema som landssvikarane, NS- barna, krigsbarna og mødrene fekk no større fokus (Larsen, 1999, s. 25, 28) og historia til krigsfangane byrja å vekke interesse (Soleim, 2004, s. 27, Soleim, 2009, s. 13). Frå 1988 og fram til i dag, er det publisert fire hovudfagsoppgåver, to doktoravhandlingar og ei masteravhandling kytt direkte til temaet krigsfangar i Noreg. I tillegg har det kome ut bøker, artiklar og lokalhistoriske tidskrift.

Birgit Kochs hovudfagsoppgåve, *“De sovjetiske, polske og jugoslaviske krigsfanger i tysk fangenskap i Norge 1941-1945”* (1988) vert sett på som pionerarbeidet når det gjeld historisk forskning på krigsfangar i Noreg. Kock såg på krigsfangane som *“gløymde”*. Ho meiner at grunnen til dette har mykje å gjere med at det på tysk side har vorte fortrent, og temaet var tabu i Sovjet. Noko som kan sjåast i samanheng med den kalde krigen og den vesttyske etterkrigs politikken (Kock, 1988, s. 1-2). Avhandlinga tek opp kva tyske myndigheiter som

hadde ansvar for krigsfangane, og korleis dette systemet var organisert i Tyskland. I tillegg ser ho på korleis dei internasjonale avgjerdene angående krigsfangane var, korleis ansvarsforholda var organiserte i Noreg, kva forhold krigsfangane levde under, talet på krigsfangar, kvifor dei vart deporterte til Noreg, og kvar dei var sysselsett. Kock viser til at det vart laga fleire separate lister med talet på krigsfangar og leirar på slutten av krigen, og har forsøkt å samle desse i ei oversikt.

“*Norsk okkupasjonshistorie. Konsensus, berøringsangst og tabuisering*” (Fure, 1999) kan seiast å vere ein banebrytande artikkel for temaet krigsfangar i Noreg, og denne har inspirert mange forskarar til vidare forskning på temaet. Odd- Bjørn Fure påpeiker at verken historikarar eller den øvre offentlegheita har makta å behandle vanskelege og traumatiske sider ved krigserfaringane på ein tilfredstillande måte (Fure, 1999, s. 32), og framhevar at fleire tema har vore neglisjer, som bl.a. dei utanlandske krigsfangane (Fure, 1999, s. 34-39). Fure viser til Kochs hovudfagsoppgåve, men skriv at krigsfangane si skjebne har enda liten status som eige problemfelt (Fure, 1999, s. 37).

Hovudfagsoppgåva til Einar Kristian Steffenak frå 1995, “*Repatrieringen av de sovjetiske krigsfangene (frå Norge i 1945)-forspill og etterspill*”, er den andre hovudfagsoppgåva som tek for seg sovjetiske krigsfangar i Noreg. Viktige aspekt i oppgåva er frigjeringa, samarbeidet mellom norsk og dei allierte styresmaktene, og utfordringar med repatrieringa. Det er også interessant at han tek føre seg kvifor det kom så mange sovjetarar til landet, korleis desse var organisert, og kaoset som oppstod etter frigjeringa, som leda til den uoversiktlege situasjonen over krigsfangeleirane (Steffenak 1995, s. ii(innleiinga), 41-50). I 2008 gav Steffenak ut boka “*Russerfangen. Sovjetiske krigsfanger i Norge og deres skjebne*” basert på avhandlinga.

Den tredje hovudfagsoppgåva er av Ole Jakob Abraham, “*Leonid Dnjeprovskij alias “NILS”*”, med undertittelen “*Norsk okkupasjonshistorie med sideblikk på sovjetisk okkupasjons- og krigserfaring. Brokkar frå ein sovjetborgars liv i det tyske- okkuperte Norge*” (Abraham, 1999). Her tek han føre seg korleis fangane vart behandla, kvifor og korleis tyskarane frakta sovjetiske krigsfangar hit, og korleis forholda til krigsfangane var i Os. Abraham (1999, s. 1) legg vekt på at hans problemstillingar er blant dei Odd- Bjørn Fure etterlyster. I 2007 gav Abraham ut boka “*Forelebig udöd*” basert på denne avhandlinga.

Hovudfagsoppgåva “*Erindringen omkring de østeuropeiske krigsfangene i Norge- En drøfting av realhistorie versus erindringshistorie med vekt på historisk bevissthet og kollektiv erindring*” (2001), er skriva av Bjørn Knutsen, og er den fjerde som tek føre seg krigsfangar i Noreg. Avhandlinga har eit teoretisk perspektiv, der hovudproblemstillinga er å avdekke korleis minna omkring dei austeuropeiske krigsfangane i Noreg har utvikla seg i etterkrigshistorie. Knutsen viser til at når det gjelder erindringspolitiske hendingar i norsk forskings- og erindringssamanheng om andre verdskrig er det deler av historia som har fått mykje

merksemd, medan tema som har vorte oppfatta som problematiske og tabu, ser ut til å vere gløymd av den store offentlegheita og tidvis neglisjert i forskinga (Knutsen, 2001, s. 25). Knutsen konkluderer med at tabutema som krigsfangane har i dei siste 10-15 åra (då i 2001) vorte inkorporert i bevisstheita i så sterk grad at den no blir uttrykt gjennom det kollektive minnet (Knutsen, 2001, s. 111).

I 2004 fullførte Marianne Neerland Soleim doktoravhandlinga “*Sovjetiske krigsfanger i Norge 1941-1945- antall, organisering og repatriering*”. Denne er eit hovudverk i studiet av sovjetiske krigsfangar i Noreg. Soleim gjer ei empirisk undersøking av ulike sider ved opphaldet til dei sovjetiske krigsfangane. Avhandlinga ser på talet sovjetiske krigsfangar i Noreg i tida 1941- 1945, oppbygginga av krigsfangevesenet i Tyskland og i Noreg, leirforhold, fangebehandling, kva rolle krigsfangane spelte i tysk krigsøkonomi, og nordmennenes hjelp til fangane. I tillegg legg ho vekt på repatrieringa av krigsfangane i 1945, og korleis dei vart motteken i Sovjetunionen etter frigjeringa (Soleim, 2004, s. 6). Avhandlinga viser at det var nærmare 100.000 sovjetiske krigsfangar som vart sendt til Noreg i perioden 1941- 1945 (Soleim, 2004, s. 57). Hennar arbeid vert viktig for denne avhandlinga, både for å forstå krigsfangeproblematikken, talet på fangar, historia deira, forstå leirane og lokaliseringa av dei. Soleim si doktoravhandling er også gitt ut som bok med same tittel, “*Sovjetiske krigsfanger i Norge 1941-1945- antall, organisering og repatriering*” frå 2009.

I 2008 fullførte Marina Panikar doktoravhandlinga “*Sovjetiske krigsfangar i Noreg under andre verdskrig*” (oversatt tittel). Hovudaspektet i denne avhandlinga er organiseringa av det nazistiske leirsystemet i Noreg, og korleis fangane var behandla med tanke på matforsyning og medisinsk pleie. I tillegg ser ho på repatrieringa av krigsfangane etter frigjeringa, der både russiske og norske kjelder er nytta (Panikar, 2008, ref. i Lundemo, 2010, s. 15).

Mari Olafson Lundemos masteroppgåve “*The causes of mortality of the Soviet prisoners of war in German captivity in Norway 1941-1945*” kartleggje kvifor og korleis dei sovjetiske krigsfangane i Noreg døydde. Lundemo tek føre seg spørsmåla om korleis krigsfangane levde, kva miljø dei levde i, korleis fangevaktarane behandla krigsfangane, klede, hygiene og om dei vart straffa eller torturete. (Lundemo, 2010, s. 8). På generell basis konkluderer ho med at tuberkulose var ein av dei høgaste sjukdomsårsakene blant krigsfangane (Lundemo, 2010, s. 69-71). Lundemo har også samanlikna to leirar, ein ved Engeløy, 100 km frå Harstad, og ein ved Øysand. Ved å gjere denne samanlikninga forbeholdt forståinga av orsak til dødelegheit blant krigsfangane (Lundemo, 2010, s. 92).

I tillegg til forskingsmaterialet ovanfor har det dei seinare åra kome ut ein rekkje vitskaplege og populærvitskaplege bøker knytt krigsfangar i Noreg. I 2010 kom boka “*Blod og tårer- historien om sovjetiske krigsfanger og sivile tvangsarbeidere i Rogaland 1941-1945*” av Atle Skarsten og Michael Stokke ut. Hovudfokuset i boka er krigsfangane og krigsfangeleirane i Rogaland, der dei har identifisert 16 fangeleirar og 16 arbeidskommandoar. I tillegg har

Michael Stokke og Kjartan Rødland kome ut med boka "*Helter, svikere og mordere- Espeland fangeleir*" (2011). Forfattarane tek her føre seg historia til leiren, frå den vart bygd i 1942 og fram til i dag. Boka tek også føre seg perioden 1945-1948, då leiren vart nytta som tvangsarbeidsleir for såkalla norske landssvikarar, perioden 1948- 1951, då leiren fungerte som fengsel for tyske krigsforbrytarar, og til slutt perioden då leiren høyrde til Siviltforsvaret. Noko som er svært interessant i historia til Espeland, er at leiren vart lagt ut for sal i 1997 (Stokke & Rødland, 2011, s. 9). Riksantikvaren velsigna salet, som rett nok ville gi bygningane vernestatus, men ikkje leirområdet (Rødland, s. 12). Dette førte til at eldsjeler tok opp kampen for bevaring av leiren og fekk stoppa salet. Takka vere desse eldsjelene, er fangeleiren i dag eit unikt kulturminne i nasjonal målestokk, og er den einaste fangeleiren i Noreg som er så fullstendig og autentisk. I dag er leiren museum (Stokke & Rødland, 2011, s. 9).

I 2008 kom det også ein dokumentar om sovjetiske krigsfangar med namnet "*Do svidanija - På gjensyn!*", skrevet av Magne Haugland. Boka er omtalt for å vere eit utfyllande og konkretiserande supplement til det som har vorte skriven tidlegare om sovjetiske krigsfangar (Perminow, 2008, s. 6), og er eit omfattande verk.

3.1.1 Historisk forskning i Trøndelag, med fokus på Trondheim og Øysand

Det er gjort lite eller inga forskning direkte på krigsfangeleirar og krigsfangar i Trondheim og Øysand, men fleire forskarar kjem innom desse temaa når dei jobbar med andre problemstillingar. Desse vil no verte gjennomgatte, der det vil også vert vist til andre relevante arbeid i Trøndelag.

I boka "*Trondheims historie, vekst gjennom krise og krig 1920-1964*" nemner Anders Kirkhusmo at det jobba krigsfangar med utbygginga av ubåtbunkerane Dora I og Dora II på Nyhamna i Trondheim, og fortel om den polske krigsfange Sigfred Spica som arbeidde med å reise Dora II. Spica budde i ei brakke på Strindheim, og marsjerte til og frå Nyhamna morgon og kveld, der han arbeida som jernbindar. Han fortel at arbeidet ved ubåtbunkerane gjekk føre seg døgnet rundt utan stans, og fangane stod tett langs heile forskalinga og stampa betongmasse. Det var også mange som omkom av svolt, frost, liding og mishandling (Kirkhusmo, 1997, s. 255).

I "*Trøndelagshistorie, bind 3. Grenda blir global 1850 til 2005*" er det skrevet;

...tusenvís av trøndere og nordmenn fra andre steder i landet deltok sammen med krigsfanger og frivillige fra ulike land i arbeid med å reise tyske leirer og festninger. (Kirkhusmo, 2005, s. 325).

Eit prov på at det er gjort lite om emnet, er at ein finn marginalt med informasjon i Trondheim byleksikon. Dei ulike krigsgravene og plasseringa av ulike krigsminne i Trondheim er dokumenterte (Bratberg, 2008, s. 304), men verken krigsfangar eller krigsfangeleirer er omtala generelt. Den informasjonen som er tilgjengeleg, i svært varierende grad, finst under stadnamna der leirane er tenkte å ha vore.

For Strindheim eller Strinda finn ein ingenting om krigsfangar, men om ein ser på Bromstad, ein gard på Strindheim, finn ein dette; “*Under den annen verdenskrig beslagla tyskerne 200 daa av gården; dette arealet ble bl.a. brukt til fangeleir for 700 russiske krigsfanger*” (Bratberg, 2008, s. 98).

Det som står skrevet i leksikonet om Rotvoll, er at Rotvoll sjukehus fekk;

fire av avdelingene og ca. 80 daa dyrket mark beslaglagt av tyskerne under den annen verdenskrig. Det ble oppført en stor bunker her; dessuten hadde tyskerne en leir for serbiske krigsfanger i området. (Bratberg, 2008, s. 455).

Undersøkjer ein kva som står om Dalen offentlege skole for blinde, i dag Dronning Mauds Minne høgskule, er det ikkje nemnd at det var krigsfangar der eller i området. Det som står er blant anna;

Dalen ble beslaglagt av tyskerne under den annen verdenskrig. . . og bygninga ble blant anna brukt til fengsel og det ble pådømt flere krigsrettsaker her (Bratberg, 2008, s. 131).

Slår ein opp på Korsvika, finn ein heller ikkje noko om krigsfangar. Om Lade står det; “*Lade var i likhet med de øvrige storgårdene beslaglagt av tyskerne under den annen verdenskrig*” (Bratberg, 2008, s. 313), og at tyskarane bygde flyplassen på Lade i 1940. Det er også dokumentert at det finst fleire bunkarar, tyske anlegg og krigsminne i området og langs Ladestien (Bratberg, 2008, s. 313, 320), men det står ingenting om at det var krigsfangar eller krigsfangeleirar her.

Til tross for at mange forfattarar refererer til bruk av krigsfangar i bygginga av anlegget på Nyhamna, står det ikkje noko i Trondheim byleksikon om at krigsfangar var nytta. Hovudessensen av dokumentasjonen er at det var meininga at tyskarane skulle bygge ut Trondheim til ein stor marinebase, og at OT oppførte dei to ubåtbunkarane Dora I og II på Nyhamna (Bratsberg, 2008, s. 146).

For Øysand står det heller ingenting om at krigsfangar. Om *Neu Drontheim* står det;

planlagt tysk by på Leinstrand. Man hadde tenkt å benytte flatene ved Gaula for å anlegge en ny by, som skulle befolkes med tyskere og være et støttepunkt for den store flåtehavnen som man hadde tenkt å bygge ut i Trondheimsområdet. Svært få bygninger ble oppført, men de storslåtte planene er bevart (Bratberg, 2008, s. 381).

Det står dermed ikkje noko om at krigsfangar vart brukte til bygginga av byen, eller at det vart brukt krigsfangar i det heile teke.

Den populærvitskaplege boka "*Neu Drontheim i Hitlers regi og Øysand under krigen* (1996), av Gabriel Brovold, er den som gir mest informasjon om Øysand. I denne kjem det fram ei rekkje interessante opplysningar knytt til dei tyske planane om bygging av verdas største marineverft i Gaulaområdet, og ein "*germansk*" by som skulle huse ca. 300.000 innbyggjarar. Desse prosjekta kravde enormt med arbeidskraft, og Brovold (1996, s. 108) viser til at det vart nytta krigsfangar til dette. Det er dedisert eit eige kapittel som omhandlar krigsfangane (Brovold, 1996, s. 108- 139).

Då det er lite forskning på krigsfangar og krigsfangeleirar i avgrensingsområda, vert det interessant å sjå på anna forskning som tek føre seg leirar i regionen. Boka "*Falstad. Nazileir og landssvikfengsel*" (2008), av Trond Risto Nilssen og Jon Reitan er difor interessant. Boka tek for seg tidsperioden 1941-1949, og fortel om dei to periodane då Falstad fungerte som tysk SS- leir under andre verdskrig og som landssvikfengsel etter krigen (Nilssen & Reitan, 2008, s. 7). Boka tek opp viktige element i dagleglivet i leiren, korleis fangane vart behandla, og endringane som skjedde gjennom perioden.

Ein artikkel som også vert viktig er forskingsartikkelen "*Krigsfanger, politiske fangar eller opprørere?*" (2010) skrive av Trond Risto Nilssen i heftet *Forskning Trøndelag*, der han tek føre seg problematikken om kva status jugoslaviske fangar hadde, og viser til at det er av forskjellig oppfatning blant historikarane, derav tittelen.

I tillegg kan ein også finne informasjon i artiklar frå dei ulike historielaga sine tidsskrifter og populærvitskaplege bøker som kan vere til hjelp. Eit godt eksempel er Sverre Lilleengs bok "*Krigstid, Ung trønder under andre verdenskrig*" (2011). Denne er hovudsakleg bygd på eigne dagboksnotat frå krigen. Gjennom denne boka får vi eit innblikk i korleis Lilleeng opplevde okkupasjonsåra, og korleis han vart flytta rundt i tvungen arbeidsteneste, der han blant anna arbeida ved Lerkendal i Trondheim.

Det som er viktig å huske på når ein brukar slike forteljingar, som hovudsakeleg er bygde på eigen husk, er at dei må kryssjekkast med andre kjelder eller forteljingar. Slik vert det også med lokalhistoriske artiklar. Det finst fleire av desse i ulike historielagshefte, der ulike personar fortel om sine hendingar frå krigen og sine opplevingar knytte til krigsfangar og krigsfangeleirane. Desse kjem til å verte nytta i denne avhandlinga, men det vert stilt spørsmålsteikn med dei artiklane der det ikkje har vore mogleg å finne andre kjelder.

3.2 Arkeologisk forskingsstatus

Samtida, eller den moderne historia, er tidsperioden som strekkjer seg frå 1850 og fram til i dag. Dette er definert ut i frå antakinga om at eit menneske kan bere med seg levande minna frå to generasjonar (Burström, 2007, s. 14). Det har vore diskutert om perioden burde ha fokus hos arkeologane, men i dei seinare tiåra har deler av det arkeologiske miljøet bevega seg mot denne, og i dag er samtidsarkeologi eit sterkt veksande forskingsfelt. Sidan krigsåra fell innanfor den aktuelle tidsperioden er retninga høgst relevant for avhandlinga, både teoretisk og som metode.

Dei første arkeologiske studia av samtida vart utført i USA på 1970- talet. Eit av dei mest kjente er “*The Garbage Project*” av William Rathje i 1973, som gjekk ut på å studere menneska sine levevanar ved å intervjuer dei om deira konsum av matvarer, for så å gå igjennom avfallet og sjå i kva grad informasjonen stemde. Skilnaden skulle vise seg å vere stor, spesielt med tanke alkoholvanar. Søppelet vitna om eit konsum som var 40- 60 % høgare enn det som kom fram i intervjuet. I tillegg viste det seg at den eller dei som hadde ansvaret for innkjøp av maten oftast overdreiv familien si samla matmengd, medan dei einskilde familiemedlemmene undervurderte sitt eige (Rathje, 2001, s. 64-65, Buchli & Lucas, 2001, s. 3, 6, Burström, 2007, s. 25-26). Dette er interessant då det viser at informasjon som har kome fram gjennom intervju kan vere sterkt farga av personen sine tolkingar og oppfatningar. I forhold til krigsfangeleirar kan dette eksempelvis gi utslag i at leiren var mykje større eller mindre enn den faktisk var. På denne måten ser ein at arkeologien kan hjelpe til å kvantifisere og talfeste dei faktiske forholda.

Tidlige samtidsarkeologiske studium har i ettertida fått kritikk for å ha hatt eit sterkt funksjonalistisk perspektiv som leia til trivielle resultat (Burström, 2006, s. 15), eksempelvis studium av korleis den materielle kulturen spegla menneska si framferd (Wilk & Schiffer, 1981, s. 16, Rathje, 1981, s. 52, Burström, 2008, s. 7). I forhold til krigsfangeleirar vert denne argumentasjonen urimeleg då meir eller mindre all konkret informasjon om leirane er relevant. Både med tanke på mål og plassering, men også på korleis dei påverka menneska. Dette er også noko Mats Burström tek opp i boka “*Samtidsarkeologi*” (2007). Her viser han til korleis bunkerane, som høyrde til Atlanterhavet, er med på å oppretthalde minna blant menneska. Han hevdar at om leivningane forsvinn, forsvinn minna, og dermed også deler av konteksten til historia om andre verdskrig (Burström, 2007, s. 46). Sidan dei materielle spora ikkje er automatisk verna, forsvinn dei sakte. I følge Burström (2007, s. 46) må derfor målet for samtidsarkeologien verte å verne menneska si mulegheit til å minnast.

Eit antologisk verk som tek opp samtidsarkeologi er “*Matériel Culture, The archaeology of twentieth century conflict*” (2002). Boka inneheld arkeologisk forskning som ser på materiell kultur frå ulike krigar, konflikhtar, slag, samanstyrt og sivil uro som har dominert liv og

erfaringar gjennom det siste hundreåret. Dei ulike artiklane diskuterer kvifor den materielle dokumentasjonen frå denne tida er viktig, og kva følelsar som dukkar opp når ein tar for seg den smertefulle kulturarva og ser på korleis relasjonen av objekt, strukturar og område med konfliktar er med på å skape eit meir fredeleg og toleranget samfunn (Beck, et.al, 2002, s. 1). I tillegg diskuterer dei ulike forfattarane korleis arkeologien og den materielle kulturen kan brukast til å undersøkje utviklinga av vitskapen og teknologien som oppstod under det 20. hundreåret (Beck, et.al., 2002, s. 2). Dei materielle spora frå krigføringane i denne tidsepoken skil seg frå dei tidlegare periodane, og arkeologien kan difor vere til hjelp med å utvikle kunnskapen. Artefaktene frå konfliktane kan ha enorm fortolkingsverdi, og forfattarane viser til at desse objekta kan fortelje oss mykje om fortida. Dei viser også til problematikken med å ta vare på all materiell kultur med tanke på den enorme mengda, og argumenterer for å velje ut noko til bevaring (Beck, et.al., 2002, s. 4- 7).

Ein spesiell relevant artikkel er: “*The differing development paths of Second World War concentration camps and the possibility of an application of a principle of equifinality*” (2002). Her diskuterer og analyserer John G. Beech ulike konsentrasjonsleirar på kontinentet, og kva som skjedde med leirane etter krigen. Beech (2002, s. 199) skriv at det ikkje var før frigjeringa at verda fekk vite det fulle omfanget av det som hadde skjedd i dei ulike leirane, noko som medførte eit enormt arbeid for å få oversikt over alle fangane. Beech (2002, s. 199) viser til at leirane i første omgang vart brukt til å huse fangane. Nokre leirar vart forlatne rett etter frigjeringa og rivne ned, medan andre vart tatt i bruk til andre føremål, eksempelvis som fangeleirar for nazistane.

Antologiboka “*Places of Pain and Shame, Dealing with ‘Difficult Heritage’*” (2009) er eit krysskulturell studie som har samla forskarar, akademikarar og praktikantar frå seks ulike land og er eit viktig verk innan forskning på vond kulturarv. Forskarane har studert område som representerer vonde eller skamfulle episodar frå deler av verda, og ser på korleis offentlegheita og samfunnet sjølv huskar det som skjedde, og korleis desse hendingane vert tekne vare på eller undertrykt. Dei viser til at det er viktig å finne ut kva aspekt av fortida som vert ignorert, og kva kulturminne som er dårleg representert i ulike tolkingar (Logan & Reeves, 2009, s. 1-2). Forfattarane framhevar at dei ulike plassane der vonde hendingar har skjedd, er viktige for vårt opphav, historie og tidlegare levemåtar, og ønskjer med denne forskinga å finne ut meir om desse områda for å oppnå nye tolkingar og meiningar, og i tillegg sjå på område som ikkje har fått særleg betydning før i dei seinare åra grunn deira assosiasjon med den vonde og smertefulle arven (Logan & Reeves, 2009, s. 3-4). Ein av artiklane i boka tar for seg korleis “*The Dome*” i Hiroshima har vorte eit minnesmerke og ein del av kulturarven som vitne om atomangrepet 6. august 1945. For nokon er “*The Dome*” eit universelt monument for heile menneskeheita, og symboliserer eit håp om evigvarande fred, medan andre meiner at den er ei hindring for freden og ei hindring for å kunne gjenopprette byen (Utaka, 2009, s. 36- 41). Artikkelen viser til at kulturminne og kulturarv frå

dei smertefulle hendingane kan skape usemje. Det er noko som også må takast i betraktning når det gjeld kulturminna frå andre verdskrig i Noreg og i Trøndelag.

Andre arkeologiske studium med fokus på krigsfangar og krigsfangeleiar kjem fram i “*Historical archaeology in national socialist concentration camps in Central Europe*”, av Claudia Theune i 2010. Artikkelen framhev kor viktig rolle arkeologien kan ha for å oppnå mest mogeleg kunnskap om historiene til krigsfangeleiar og konsentrasjonsleirar. Det vert vist til eksempel frå ulike land som Polen, Tyskland og Austerriket (Theune, 2010, s. 1). Theune (2010, s. 3) skriv at gjennom ulike undersøkingar har dei kome over tilfelle der lokalbefolkninga ikkje var klar over leiren sin eksistens, sidan den vart riven ned, øydelagt eller bygd over etter krigen. Nokre leirar har heller ikkje skriftlege kjelder eller overlevande vitne, noko som gjer at arkeologiske undersøkingar må til for å oppnå kunnskap. Eit eksempel på dette er utryddingsleiren Belzec i Polen der det vart gjort arkeologiske undersøkingar for å stadfeste leiren sin eksistens (sjå kap. 5), utført av Andrzej Kola (Theune, 2010, s. 3, jamfør Kola 2000). Eit anna eksempel Theune (2010, s. 4) viser til er leiren i Witten- Annen i Tyskland. Her vart det utført arkeologiske utgravingar for å bestemme utstrekninga av leivningane av leiren, fangane sitt leveforhold og sørgje for at den materielle kulturen vart verna. I dette tilfellet eksisterte det skriftlege kjelder, og Theune (2010, s. 4-5) skriv at desse var svært viktige.

3.2.1 Norsk arkeologisk forskning

Delkapittelet “*Landscape of evil- Archaeology and Nazi POW camps in Norway: A new approach, i boka Prisoners of war and forced labour. Histories of War and Occupation*” (Jasinski & Steenvik, 2010, s. 205) er eit av dei tidligaste relevante norske arkeologiske studia på krigsfangar og krigsfangeleiar. Her nyttar Marek E. Jasinski og Lars F. Stenvik (2010) arkeologiske metodar for å undersøke historia til krigsfangane ved SS- Straffefangenelager Falstad i Nord-Trøndelag. Undersøkinga var ein test- og case studie for å evaluere arkeologiske metodar for framtidige studium av historia til krigen (Jasinski & Stenvik, 2010, s. 210). Under undersøkingane vart også maritim arkeologi forsøkt i Trondheimsfjorden i søket etter Falstadbåten (Jasinski & Stenvik, 2010, s. 212). I tillegg vart det utført geofysiske undersøkingar for å lokalisere bygningsrestar rundt leirområdet, og geofysiske- og magnetiske undersøkingar i Falstadskogen i leitinga etter umarkerte graver (Jasinski & Stenvik, 2010, s. 212, 215, 216-217).

Sjølv om resultatane frå undersøkingane var blanda, illustrerer dei problemstillingar ved bruk av samtidsarkeologi. Både geofysikk og prøveutgravingar av leirområdet vart evaluerte. Hovudmålet var å registrere alle synlege spor etter infrastrukturen i leiren frå 1940-50, og identifisere potensielle område og metodar for arkeologiske undersøkingar (Jasinski & Sten-

vik, 2010, s. 219). Dette arbeidet er viktig med tanke på undersøkingar av andre fangeleirar, då metodologien illustrerer korleis forarbeidet før utgravingar kan gjerast.

Studiet viste også at forskjellige uventa utfordringar kan gi store utslag på resultata. Eksempelvis vart ikkje Falstadbåten lokalisert, og områda i Falstadsbogen skapte problem for dei i geofysiske- og magnetiske, grunna området topografi, vegetasjon og dagens gravmarkører (Jasinski & Stenvik, 2010, s. 214, 219). Til tross for at det er relativt kort tid sidan krigen, viser dette at dagens topografi og vegetasjon i område med potensielle fangeleirar kan skape utfordringar i det arkeologiske arbeidet. Dei arkeologiske undersøkingane på Falstad fekk også stor merksemd i media (Trønder- Avisa, 31. 10. 2007, Trønder- Avisa, 2.11.2007, Adresseavisa, 02.11.07, Verdens Gang, 02.11.07, Levanger- avisa, 13.09.08, Trønder- Avisa, 16.09.08, Verdens Gang, 22.09.08, Trønder- Avisa, 22.09.08, Levanger- Avisa, 24.04.09, Trønder- Avisa, 26.09.09, Trønder- Avisa, 08.10.10, Adresseavisa, 08.10.10). Med bakgrunn i undersøkingane vart det utarbeida ein rapport i tilknytning til Falstadbåten av Jasinski, Jørstad, Ludvigsen (2007), og ein rapport om dei geofysiske undersøkingane av Arne Stammenes (2010).

I 2009 gav Marek E. Jasinski, Marianne Neerland Soleim og Leiv Sem ut den populærvitenskaplege artikkelen “*Smertefull kulturarv*” tilknytt Painful Heritage-prosjektet, som framhevar at krigsproblematikken har hatt fokus, men vondskapens landskap har fått lite merksemd i den arkeologiske forskinga (Jasinski, et.al, 2009, s. 40-41). Det arkeologiske delprosjektet “*Landscape of Evil: Nazi POW as Cultural Heritage within the Norwegian Landscape*” har difor definert følgjande mål:

man ønsker å oppnå kunnskap blant anna om hva vi i dag vet om diverse tyske militære og industrielle anlegg og leirene forbundet med dem, hva som er bevart og hva som er forsvunnet, hvilket potensiale disse strukturene har som datakilde, og hvordan de oppfattes og erkjennes av Kulturminnevernet og det generelle publikum (Jasinski, et.al., 2009, s. 42).

Jasinski og Stenvik (2010, s. 207) diskuterer også det arkeologiske aspektet, og viser til at prosjektet “*Landscape of Evil*” er det første forsøket på å nytte arkeologi på krigsfangeleirar i Noreg. Forfattarane framhevar at slike prosjekt vil vere med på å auke interessa for dei fysiske restane frå den mørke tida i europeiske historie, både i nasjonale og internasjonale forskingsmiljø, og at resultata vil bli sett inn i eit komparativt perspektiv i forhold til situasjonane i Polen, Russland, Finland og Tyskland (Jasinski & Stenvik, 2010, s. 208-209).

I tilknytning til delprosjektet har Marek E. Jasinski (2012) gjort arkeologiske registreringar av krigsminne i Møre og Romsdal. Målet med undersøkingane var å evaluere bevaringsstatusen for dei attverande konstruksjonane av Atlantervollen, og krigsfangeleirane i området. Jasinski ønskjer også å undersøkje leiranes typologi, korleis dei pregar landskapet, korleis dei egner seg som undersøkingsskjelder. I tillegg vert der forsøkt å kartfeste attverande konstruksjonar.

sjonar ved hjelp av GPS. Jasinski viser til at det er enno materielle spor frå dei undersøkte lokalitetane, men i varierende grad. Skriftlege kjelder hevdar at det skulle ha vore mellom 15- 23 krigsfangeleirar i Møre og Romsdal, og Jasinski har arbeida med å lokalisere desse. Det er generelt få spor frå leirane, men i enkelte tilfelle finst noko, eksempelvis fundament frå fangebrakker i Fræna, Julneset, Malmedalen og Gossen. Undersøkingane viser at det er enklare å lokalisere bunkerar enn krigsfangeleirar, sidan desse i hovudsak var bygde av tjukk betong. Jasinski viser til at dette er eit tidskrevjande arbeid då det sjeldan finst skriftlege kjelder som nøyaktig lokaliserer leirane, og må difor nytte munnlege skildringar i lokaliseringsarbeidet.

Jasinski (2012) har også utarbeidd ein typologi der fangeleirane vert delt inn i seks kategoriar;

1. Relativt store leirar, for fleire hundre fangar, bygd frå grunnen av, beståande av meir enn ein type trebrakker, trehytter, og av og til telt. Der alle var omringa av piggrådgerder, vaktårn og kontrollposter.
2. Leirar i medium størrelse, beståande av meir enn ein type trebrakker.
3. Medium eller små leirar med eksisterande bygningar (lokale skuler, bedehus, og gardsbygningar).
4. Tilleggsleirar med nokre få små, for det meste rektangulære, prefabrikkerte hytter som fengsel.
5. Leirar der fangar vart plassert i jord/steinhytter, som var delvis bygd ned i grunnen (dette er ein svært vanleg kategori leirar i dei nordlegaste delane av Noreg).
6. Det er mogleg at enkelte leirar var kombinasjonar av kategoriane nemnd ovanfor.

Denne typologien er viktig for å beskrive krigsfangeleirar på ein standardisert måte.

Hausten 2011 utførte Arne Stamnes med underteiknande som assistent, geofysiske undersøkingar av leirkomplekset ved Falstad for Painful Heritage, der det vart nytta georadar (Stamnes, 2012, s. 6). Dette var ei vidareundersøking av arbeidet frå 2008/2009, der det vart utført fluxgate gradiometer- og earth resistance undersøkingar. Ved georadarundersøkingar vert det oppnådd eit tredimensjonalt bilete av innhaldet i dei undersøkte jordmassane. Ved å sende elektromagnetiske bølger ned i bakken og måle tida til dei kjem i retur, kan ein kalkulere djupna til gjenstanden som skapte refleksjonen. Ved å gjere dette systematisk over heile området, kan det tredimensjonale biletet av restane dannast (Stamnes, 2012, s. 19). Målet med undersøkinga var å estimere bevaringsstatusen for tidlegare bygningar og konstruksjonar og kartlegge geofysiske avvik (Stamnes, 2012, s. 6). Stamnes (2012, s. 6) framhevar at denne typen undersøkingar blant anna kan brukast til å vurdere graden av bevaring, samt å identifisere potensielle område for utgravingar, og innhente GPS koordinatar av tidlegare bygningar og konstruksjonar i dagens landskap. Resultata av undersøkinga

på Falstad viste snev av rester av dei ulike brakkene, men grunna seinare aktivitet er jorda i området omrota. Ved å nytte kart som vart oppteikna under krigen, kan restane koplatt til dei forskjellige brakkene som stod i leiren (Stamnes, 2012, s. 48). Liknande undersøkingar har også vore gjort i Finnmark, der prosjektet *Ruin Memories*, under leiing av Bjørnar Olsen, i juli 2011 undersøkte ein krigsfangeleir i Sværholt i Finnmark (Grabowski, 2012, s. 3). Det vart nytta forskjellige arkeologiske metodar for å stadfeste og dokumentere leirens eksistens. Det at det vart gjort utgravingar og funn i forbindelse med undersøkinga er interessant (ruinmemory.org). Prosjektet illustrerer potensialet av arkeologiske metodar og gjev ein peikepinne på kva materiell kultur ein kan forvente å finne. Eksempel på dette er; spillbrikker, sko, tinnkanner osv. Slike gjenstandar kan fortelje mykje om det daglege livet i leiren, og spesielt belyse sider som ein finn lite av i skriftlege primærkjeldene.

For undersøkingsområda i avhandlinga, har det ikkje tidlegare vore utført arkeologiske undersøkingar knytt opp mot andre verdskrig eller krigsfangeleirar. Likevel vart det under arkeologisk påvisingsundersøking, under arbeid med riksveg E39 i 2000 frå Udduvoll bru over til Øysand (Vennatrø, 2002, s. 1), påvist rester etter massive piggtrådgjerder, ein inngangsport, ein hardtrampa gangveg og (moderne) stolpehol. I tillegg vart det avdekkede rektangulære nedgravingar, ca. 2x2 m., med piggtrådrullar og fangeuniformer. Det vart ikkje grave djupare med gravmaskin i tilfelle det kunne ligge menneskeleivningar djupare i jordlaga. Vennatrø fortel at skal ha eksistert fleire massegraver langs Gaula og aust for dagens E39, noko som stoppa dei vidare undersøkingane (informasjon mottatt frå Ragnar Vennatrø på e-post 01.03.12). Sjølv om den arkeologiske undersøkinga var retta mot å avdekke automatisk freda kulturminne, viser dette at arkeologiske metodar også fungerer godt for å avdekke historia om andre verdskrig.

3.3 Evaluering av forskingsstatusen

I dette kapittelet har den viktigaste historiske og arkeologiske forskinga på krigsfangar og krigsfangeleirar vorte samla og gjengitt. Studiet viser at den norske historiske forskinga ikkje kom i gang før på slutten av 1980- talet, noko som er problematisk sidan det hadde gått over 35 år sidan krigen tok slutt til forskjellige aspekt vart undersøkte og forska på. Tilgangen på vitne med hendingane friskt i minne, minkar også i eit slikt tidsrom. Det er meir eller mindre semje i det akademiske miljøet om at den seine forskinga skuldast den kalde krigen, gjenbygginga av landet, fokus på andre tema, den vesttyske etterretningspolitikken, manglande dialog mellom norske og sovjetiske historikarar, praktiske vanskar som tilgang til materiale, den raske heimsendinga av krigsfangane etter frigjeringa, og at temaet har vore vanskeleg eller skamfullt for mange av dei involverte.

Etter 1980 auka interessa blant forskarane, og hovudområdet til diskursen, dvs. publikasjo-

nane, hypotesane osv. vart sentralisert rundt krigsfangane, og forskjellige aspekt kopla til desse. Intuitivt sett er det ikkje så rart at det menneskelege kom i første rekkje då det gjekk hardt utover fangane som vart utsett for umenneskelege overgrep og utnytta. Hovudfokuset i forskinga har vore på tyske styresmakter som hadde ansvaret for krigsfangane, ansvarsforholda og organisering av desse i Noreg, kvifor krigsfangane kom og korleis dei vart frakta hit, kva forhold krigsfangane har levd under, nordmennene si hjelp til fangane, fluktforsøk, dødelegheit, repatrieringa og kaoset etter frigjeringa og kva situasjon dei sovjetiske krigsfangane møtte då dei kom tilbake til heimlandet. Ein kan difor seie at fokuset på sjølve fangane har kome langt, og at dette har fått tilstrekkeleg plass i forskinga til no. Det er ofte referert til talet på krigsfangar i Noreg, men her vert det operert med ulike tal. Dette kan skyldast forskjellig bruk av kjeldemateriale og ulike definisjonar av fangegruppene, men det er tydeleg at det burde vere fokus på å avklare talet og definere meir nøyaktige tal.

Studiet viser også tydeleg at sovjetiske krigsfangar har hatt hovudfokus. Sannsynlegvis kjem dette av deira signifikante fleirtal i norske leirar, noko som også har ført til at andre nasjonalitetar har vorte nedprioritert i forskningssamanheng. Sjølv om enkelte historikarar har nemnt og diskutert polske og jugoslaviske fangar, har desse aldri hatt hovudfokus i forskinga, slik som dei sovjetiske. Risto Nilssen (2010, s. 26) peiker også på dette i sin artikkel (sjå kap. 3.1.1.). Blant historikarane har det vore diskusjon om kva status dei jugoslaviske fangane hadde, om dei var krigsfangar, poliske fangar eller opprørarar. Usikkerheita har mykje å gjere med den manglande forskinga på akkurat dette feltet. I tillegg har det vore enda mindre fokus på dei polske krigsfangane, og ikkje minst på fangane frå andre nasjonar. Det har vore få spørsmål knytt til deira status, kvar desse kom i frå, korleis desse vart behandla, og om dei vart nytta i den tyske økonomien.

Basert på det tilgjengelege kjeldematerialet og den sterke koplinga mellom krigsfangar og krigsfangeleirar, er det identifisert eit tydeleg kunnskapshol i forhold til leirane i seg sjølv. Før Painful Heritage er det gjort lite for å få eit heilskapleg bilete over leirsituasjonen, både på eit nasjonalt og lokalt nivå. Det er viktig å analysere og kvantifisere typologien til leirane, og gå nærare inn på korleis desse var designa og konstruerte. Arbeidet til Jasinski (2012) er difor eit viktig utgangspunkt for å diskutere leirane sidan dette gir ei felles plattform for katalogisering av den strukturelle utforminga av leirane. Dette er nødvendig for å undersøke om leirane var strukturelt like eller om det var geografiske variasjonar.

Lite er også skriva om krigsfangesystemet på det lågaste planet, dvs. korleis kvar enkelt leir var organisert og styrt, om det fanst retningslinjer eller om det var opp til kvar enkelt øvstkommanderande. Det er heller ikkje forska særleg på om det har vore noko form for utveksling av krigsfangar mellom leirane. Hovudgrunnen til den manglande forskinga er sannsynlegvis fråveret av dei skriftlege kjeldene frå det lågaste planet (Kock, 1988, s. 4), men likevel utgjer dette eit hol i forskinga på krigsfangane og krigsfangeleirane som er

viktig for å forstå heilheita. Eit viktig element i forskinga på krigsfangar og fangeleirar, er Organisasjon Todt, men også her er forskinga mangelfull, noko som delvis kjem av den manglande oversikta av Todt sine arkiv i Riksarkivet i Oslo. Heldigvis er eit prosjekt med mål om å kartlegge dette sett i verk.

Naturleg nok, med det fokuset leirane har fått, har det vorte forska lite på kva som skjedde med desse etter krigen. Til tross for at nokre forskarar nemner at enkelte leirar vart nytta som oppsamlingsleirar, er dette eit interessant tverrkulturelt tema med eit breitt forskingsområde. Eksempelvis er det skriva lite om kva som skjedde med materiellet frå leirane, korleis dette vart behandla, og korleis områda vart nytta etter krigen. Det er også delvis manglande forskning på dei leirane som vart omgjort til landssviksfengsel etter krigen (Nilsen, 2008, s. 123, 127), korleis desse fungerte og vart drivne, korleis levetilhøva var, om dei som sat inne, vart nytta som arbeidskraft osv. Samstundes er det publisert lite som dokumenterer det leirsystemet styresmaktene etablerte etter krigen. Kjeldemateriale for å undersøke nokre av desse problemstillingane er til stades gjennom fokuset på krigsfangane.

Dei fleste leirane i Noreg er ikkje lokaliserte, det vil seie ei nøyaktig posisjonsfesting, noko som kjem av at dette i hovudsak er ukjent og/eller kopla til stadnamn som kan vere relativt generelt og lite beskrivande. Denne problematikken er openbar i dei listene som omhandlar krigsfangar med vink om kor desse var stasjonert. Difor er det tydeleg kunnskapsmangel på gode kart og konkrete kartfestingar av kor leirane har stått, i tillegg til beskrivingar av korleis områda ser ut i dag. Det er difor ein viktig jobb som må gjerast med å lokalisere og få kartfesta leirane. På generell basis er dette eit problem med det meste av den materielle kulturen frå andre verdskrig.

Eit anna punkt som er ei enorm utfordring, er å samle inn informasjon frå tidsvitne før det er for seint. Problemet her er den korte tidshorisonten på dette arbeidet som kjem av at generasjonen som opplevde krigen, utan å vere for unge, har byrja å verte veldig gamle. Då det er manglande dokumentasjon på mange område, kan slike kjelder vere uvurderlege for å kunne svare på viktige spørsmål frå krigen.

Innanfor avgrensingsområda er det svært lite historisk forskning som har vorte gjort på krigsfangar og krigsfangeleirar. Dei publikasjonane og dokumenta som finst er knytt opp mot Øysand, og aktiviteten der. Forsking på desse forholda i Trondheim er fråverande, men dette betyr ikkje at det ikkje finst kjelder eller informasjon. I hovudsak har krigsfangane og krigsfangeleirane her berre vorte nemnde i den tidlegare litteraturen, der det vert referert til namn på leirar og talet på krigsfangar, og at Trondheim var eit av gjennomgangsområda for krigsfangane etter krigen. Grunnen til at det har vore større interesse for Øysand enn Trondheim, kan vere at dei fysiske spora har vore meir synlege der, noko som har ført til at befolkninga har i større grad vorte minna på hendingane. Utbygginga av Trondheim som by har ført til at dei fysiske spora har vorte fjerna, og dermed har ikkje befolkninga her

vorte minna på hendingane i same grad som på Øysand. Til tross for dette har ikkje leirane på Øysand fått same fokus som krigsfangane, og dette gjer at det enno er hol i forskinga. Namna på leirane blir ofte nemnt, men det blir ikkje vist til kor dei har stått, dimensjonar, kapasitet, tal på bygningar, eller kva som skjedde med det materielle etter krigen. Sidan det har vore større interesse blant lokalbefolkninga på Øysand, har ein også betre oversikt over dei ulike kjeldene her, noko som gjer det lettare å lokalisere leirane.

I Trondheim er kjeldene meir spreitt og vanskelegare å finne. Dette medfører at det er ei større utfordring å lokalisere leirane og kome i kontakt med dei som har kjennskap til emnet. Difor er det vanskelegare å få eit heilskapleg bilete over krigsfange- og krigsfangeleirsituasjonen i byen enn på Øysand. Lokalhistoriske kjeldene vert difor svært viktige for å kome i gang med forskinga, men hovudfokuset i desse artiklane er ofte forfattarane sine opplevingar. Sidan dette er skrifter basert på hukommelse og kollektiv hugs, er det også ofte udokumenterte påstandar om nasjonalitet og tal på krigsfangar. Trass i eit godt utgangspunkt, er det viktig å huske at desse opplysningane ikkje er vitskapelege, noko som medfører at dei må verifiserast tilstrekkeleg før dei kan publiserast og nyttast i forskinga.

Om ein ser på det kronologiske livet til leirane, finn ein det vanskeleg å svare på om krigsfangeleirane var bygde ut då krigsfangane vart førte til Trondheim, eller om dette var ein meir dynamisk prosess som endra seg med kor mange som kom til. På same måte er det interessant å undersøke korleis leirane vart nytta og utvikla seg i samband med ulike utbyggingar. I forhold til etterkrigstida er det mogleg å finne litt informasjon om kva som skjedde direkte etter krigen, medan elles er det lite som er skriva om kva som skjedde med leirane seinare, korleis dei vart nytta og kva som skjedde med materialet frå leirane. Det har heller ikkje vore fokus på korleis ein i dag vernar krigsfangeleirane. Konklusjonen her vert at forskning på krigsfangar og krigsfangeleirar i Trondheim er svært manglande, mens Øysand har noko meir forskning, men har framleis store hol.

Sjølv om arkeologi har vore brukt for å avdekkje informasjon om krigsfangar og krigsfangeleirar på kontinentet sidan 1980- talet, har dette vorte lite nytta i Noreg, med nokre få unntak. Eksempelvis prøveprosjektet for Painful Heritage i 2007 og 2008, samt Ruin Memory undersøkinga av fangeleiren i Sværholt i Finnmark i 2011. Med bakgrunn i resultatane desse undersøkingane kom fram til, ser ein at samtidsarkeologien kan verte viktig også her. I Noreg er ikkje kulturminna frå andre verdskrig automatisk freda, og det har svært mykje å seie for kvifor arkeologi ikkje har vorte nytta tidligare. I tillegg har også det skriftlege materialet vege tyngst, og andre verdskrig har vore ei tid som har høyrd historikarane til, noko som også har mykje å seie for kvifor dette ikkje har hatt fokus hos arkeologane. Samtidsarkeologien er som nemnt svært fersk i Noreg, og på mange måtar ikkje eksisterande. Den første fullstendige samtidsarkeologiske undersøkinga vart ikkje utført før i september 2010 og september 2011 av husmannsplassen Søndre Åsgårdstua på Tangen i Hedemark,

av arkeolog Hilde Rigmor Amundsen (NIKU) (Amundsen, 2011, Amundsen, 2012). Denne viser til at det er ikkje før i dei seinare åra at ein har begynt å tenke på at den materielle kulturen frå samtida som kjelde, men i forhold til tema andre verdskrig, krigsfangar og krigsfangeleirar, er det lite vitskaplege forskingar som har vorte gjort, og som gjer at dette er eit manglande felt i norsk arkeologisk forskning.

Litteraturstudiet og diskursanalysa har også avdekt at det har vore lite samarbeid mellom dei ulike fagdisiplinane, og at potensialet er stort. Dette er noko prosjektet Painful Heritage også ønskjer å formidle, sidan den kontekstuelle tilnærminga er særskild viktig når ein behandlar tema med eit vidt spekter av kjelder. Oversikta som har vorte gitt av den tidlegare forskning, vert i denne avhandlinga brukt saman, og bygd vidare på for å oppnå eit meir heilskapleg bilete av tema i avgrensingsområda.

Kapittel 4

Krigsfangeleirar i Trondheim og Øysand


Før analysa av krigsfangeleirane i Trondheim og Øysand, vil det vert gitt ei oversikt over krigsfangevesenet i Noreg. Grunnen til dette er for å betre forstå funksjonane til leirane og kvifor dei vart etablerte.

4.1 Organisering av krigsfangeleirane i Noreg

Leirane i Noreg var underlagde Wehrmacht, i samarbeid med Organisation Todt og SS (Schutzstaffel) fram til 25. september 1944 (Steffenak, 1995, s. 274, Soleim, 2004, s. 69, Jasinski, 2012). Då tok SS over styringa åleine (Soleim, 2004, s. 69), før Wehrmacht tok tilbake kontrollen 5. mai 1945 (Kock, 1988, s. 36, Steffenak, 1995, s. 274).

Krigsfangane vart som tidlegare sagt, sende til Noreg som ein arbeidskraftressurs. Gjennom heile krigen vart krigsfangar sende frå Stettin i Tyskland til Noreg (Abraham, 1999, s. 35, Skarsten & Stokke, 2010, s. 37). I tillegg til fangar frå andre nasjonalitetar, kom det om lag 100.000 sovjetiske (Soleim, 2004, s. 57), 4200 jugoslaviske og 1600 polske krigsfangar til landet (Fure, 1999, s. 37, Lundemo, 2010, s. 33). Genèvekonvensjonen av 1929 regulerer ansvaret for krigsfangar og definerer ansvaret til dei einskilte nasjonale militærvesen (Steffenak, 1995, s. 35).

“*Oberkommando der Wehrmacht*” (OKW) oppretta 4. februar 1938 var det høgaste tyske militære planleggings- og forvaltningsorganet frå 1938- 1945, og hadde den sentrale kommandoen for den væpna styrka i landet. Wehrmacht var inndelt i tre greiner: hæren, luftvåpenet og marinen (Kock, 1988, s. 7, Steffenak, 1995, s. 35). Krigsfangar utanom fangar frå “*Luftwaffe*” eller “*Der Kriegsmarine*”, var underlagde OKW (Koch, 1988, s. 9, Soleim,




Figur 4.1: Ansvarsforholda for krigsfangar i Noreg. (Koch, 1988, s. 32).

2004, s.72). Fangar frå desse våpengreinene vart tekne hand om av sin respektive motpart på tysk side, “*Reichsminister der Luftwaffe und Oberbefehlshaber der Luftwaffe*” og “*Oberkommando der Marine*” (Kock, 1988, s. 9, Soleim, 2004, s. 72). I tillegg hadde SS eit fåtal krigsfangar i si varetekt (Koch, 1988, s. 12). Både i Tyskland og i andre okkuperte land hadde OKW fleire underorganisasjonar og stillingar med forskjellige oppgåver knytte til krigsfangane, eit omfattande system, kontinuerlig utvida i løpet av krigen (Sjå Soleim, 2004, s. 72- 80).

I følgje Marianne Soleim Neerland,(2004, s 69-70) kan det dannast ei hypotese om at krigsfangesystemet i Noreg var eit direkte resultat av tilsvarande utvikling i Tyskland. OKW hadde ansvaret for både okkuperte område og Riks- Tyskland (Koch, 1998, s. 13, Steffenak, 1995, s. 37, Abraham, 1999, s. 33, Soleim, 2004, s. 74, 77). Noreg var lagt under OKW og organisasjonen bestemte kvotene som skulle til Noreg og hadde kontroll over transporten. I Noreg hadde “*Wehrmachtbefehlshaber*”, ansvaret, men kun etter direkte ordre frå OKW i Tyskland (Steffenak, 1995, s. 37, Soleim, 2004, s. 72, Lundemo, 2010, s. 33). Utover hausten 1942 auka talet på krigsfangar, og OKW oppretta funksjonen “*Kriegsgefangenen Bezirkskommandant*” med hovudansvaret for leiinga av heile krigsfangevesenet i Noreg, både Stalagas, arbeidsbataljonane og i tillegg dei krigsfangane som høyrde til “*Luftwaffe*” og “*Kriegsmarine*”. “*Kriegsgefangenen Bezirkskommandant*” hadde også fordelingsansvaret til dei ulike institusjonane (sjå fig. 4.1) (Koch, 1988, s. 31, Abraham, 1999, s. 33, Soleim, 2004, s. 85).

Etter innkomsten vart krigsfangane fordelte til forskjellige institusjonar. Ein av desse var Stalag (*Mannschaftstammenlager*), og desse fangane stod til Wehrmacht sin disposisjon (Koch, 1988, s. 77). Leirane vart oppretta som hovudleirar for eit bestemt distrikt (Kock, 1988, s. 39) og stalagaleirane fungerte både som ein slags overordna samordningsinstitusjon og gjennomgangsleirar. Samtidig var stalagene arbeidsleirar. I Noreg vart det oppretta fire stalagleirar. Stalag 303 (Lillehammer), Stalag 380 (Drevja/ Oppdal), Stalag 330 (Alta/Narvik). I kvar stalagleir tok “*Landeschützenbataillioar*” (landsvernsbataljonar) seg av vakthaldet (Soleim, 2004, s. 88).

Ansvarsdelinga knytt til Stalagane i Noreg var som vist nedanfor:




Figur 4.2: DOBN øskje 008, Verwaltung alliierter Kgf, 1945 (Solheim, 2004, s. 88).

Etter innkvartering i Stalagleirane, vart dei fleste delte inn i kompani og vidaresende til underleirar med behov for arbeidskraft. I nokre tilfelle var fangane inndelte før dei vart skipa til Noreg og difor sende direkte til underleirane (Soleim, 2004, s. 88-90).

Stalag 380 Oppdal/Drevja var to separerte leirar som dekte områda i Midt- Noreg (sjå fig. 4.3). Underleirane vart plasserte i Trøndelag, Møre og Romsdal og deler av Nordland. I følgje Kock (1988, s. 40) Steffenak, (1995, 44) Soleim (2004, s. 92) og Lundemo (2010, s. 34) var i alt 76 underleirar tilhøyrande Stalag 380 ved frigjeringa, og talet stemmer med Stalag 380 lista, frå 1.4.1945.

På dette tidspunktet var det i følgje Koch (1988, s. 40) og Soleim (2004, s. 92) 6840 krigsfangar lagt under Stalag 380, men ved gransking av Stalag 380 lista frå 1.4.1945, finn ein eit viktig skilje ved at talet reflekterer både Kgf. (krigsfangar), og dei som vart kalla E.D.-fangar (*ergänzungsdienst*), som tyder supplementsteneste. Desse fangane var ei form for hjelpe- eller komplementærtsteneste som hadde både soldatforpleiing og rasjonering, og dei levde dermed under betre tilhøve enn Kgf-fangane. Gruppa vart likevel rekna som krigsfangar. I følgje lista var det 4362 Kgf.- og 2 478 E.D.- fangar, til saman 6840 krigsfangar. Då Kgf. og E.D. er konsekvent oppført under forskjellige leirar, fell det naturleg å anta at fangane budde i ulike leirar (Lager).

I tillegg til stalaginstitusjonen vart også krigsfangane i Noreg delte i tre ulike arbeidsbataljonar, “*Kriegsgefangenen Arbeitsbataillone*”, “*Bau und Pionierbataillone*” og “*Nachschubbataillone*”, og var plasserte på ulike stader i Noreg. Krigsfangane i desse bataljonane arbeidde kun på to prosjekt, Nordlandsbanen og Atlanterhavsvollen, og fungerte forvaltningsmessig på same måte som stalaga, der krigsfangane var delte inn i kompani og fordelt på småleirar ved arbeidsplassen (Kock, 1988, s. 41, Abraham, 1999, s. 32, Soleim, 2004, s. 95). I følgje Kock (1988, s. 41) kan skilnaden mellom stalaga og arbeidsbataljonane vere vanskeleg å definere, men ho meiner at det er mogeleg å konkludere med at krigsfangane som høyrde under Stalag, stod til Wehrmachts disposisjon, medan krigsfangane under arbeidsbataljonane, var styrt av Organisasjon Todt (OT) med Willi Henne som administrerande leiar i



(a) Stalaga 380 på Oppdal 1941. Foto: Hugo Lange. Utlånt av Lars Gisnås.



(b) Lokalteten i dag huser Skiferhotellet (30.10.11). Retning SV.

Figur 4.3: Bilete av området til Stalag 380 på Oppdal, 1941 og 2011.

Noreg (Soleim, 2004, s. 70). OT var til liks med Stalag underlagt “*Bezirkkommandanten*”, Slik sett kan det hevdast at OT og Stalag fungerte innanfor same system (Steffenak, 1995, s. 274-275, Soleim, 2004, s. 90), men med eigne leirar og arbeidsoppgåver (Kock, 1988, s. 77-78).


Organisasjon Todt var halvmilitær og oppattkalla etter ingeniøren Fritz Todt og var sentral i tysk krigsøkonomi. Organisasjonen hadde ansvaret for byggjeverksemnda i Tyskland og dei okkuperte landa og arbeidde for det meste med krigsviktige anlegg for Wehrmacht (Kock, 1988, s. 79). OT var delt i sju hovudgrupper og var fordelt i dei ulike okkuperte landa, Noreg tilhøyret “*Einsatzgruppe Wiking*”, oppretta sommaren 1942. I Noreg var oppdraget å byggje ny infrastruktur, som festningsverk, jernbane og vegar. Dei tre største prosjekta var Nordlandsbanen, ubåtbasen i Trondheim og Festung Norwegen, og arbeidet skulle utførast i samarbeid med Wehrmacht (Kock, 1988, s. 87, Steffenak, 1995, s. 45, Abraham, 1999, s. 32, Soleim, 2004, s. 180, 207). Prosjekta hadde enorme behov for krigsfangar, og førte tidvis til rivalisering og interessekonfliktar mellom OT og Wehrmacht grunna i usemje om tildeling av krigsfangar, men hovudsakleg samarbeidde partane godt. OT var i tillegg avhengig av Wehrmacht grunna ansvaret for vakhald og leirutrusting. Fred mellom partane var dermed viktig for prosjektgjennomføring (Soleim, 2004, 69-71, 108,194).

Samtidig samarbeidde OT ofte med “*Heren*”, “*Luftwaffe*” og “*Kriegsmarine*” med dei ulike byggeprosjekta. “*Luftwaffe*” hadde hovudansvar for utbygging og vedlikehald av flyplasar, eksempelvis ved Lade og Øysand. “*Kriegsmarine*” hadde ansvar for festningsverk og hadde fått tildelt eit fåtal krigsfangar til arbeid med ubåtbasen i Trondheim. Heren arbeidde elles med alle slags viktige oppdrag for Wehrmacht i Noreg (Koch, 1988, s. 94). Denne prosjektblandinga gjer grensene mellom, “*Heren*”, “*Luftwaffe*”, “*Kriegsmarine*” og OT uklare, særleg sidan Wehrmacht hadde ansvar for tildeling av krigsfangar til alle fire organisasjonane (Soleim, 2004, s. 101, 108).

Eit anna viktig moment er dei jugoslaviske fangane som i 1942 -43 var underlagde dei tyske- og norske SS- vaktene og innkvartert i “*Kriegsgefangenenlager der SS*”, underlagt Terboven og vakta av Hirden (Kock, 1988, s. 98, 109). Her levde fangane under brutale forhold, vart ofte mishandla utan grunn eller for bagatellar og gjorde at leirane tenderte til å vere utryddingsleirar (Fure, 1999, s. 37, Knutsen, 2002, s. 50, Christie, 2010, s. 17). Det har vore diskutert kvifor fangane vart plasserte her, og tidlegare forskning hevdar at fangestatusen som enten krigsfangar, politiske fangar eller partisaner, kan vere grunnen (Nilssen, 2010, s. 16). Risto Nilssen (2010, s. 16) meiner at fangestatusen hadde lita innverknad på behandlinga. Naziideologien gikk mellom anna ut på kuing av slaviske rasar og leia til at jugoslavane var utsette for marginale levekår med svolt, mishandling og drap. I tida fram til våren 1943 overlevde berre 27 % av dei deporterte i leirane i Nord- Noreg (Kock, 1988, s. 97-99, Fure, 1999, s. 37). Tilhøva endra seg noko etter mars/april 1943 då Røde Kors fekk pressa fram ei godkjenning av jugoslavane som vanlege krigsfangar og behandla i tråd med Genèvekonvensjonen. Fangane som kom under Wehrmacht sin kontroll, vart inndelte i bataljonar og stilte til rådvelde for OT. I følgje Kock (1988, s 99), fekk fangane betra tilhøve.

Mot slutten av krigen vart krigsfangevesenet omorganisert (Kock, 1988, s. 17, Steffenak, 1995, s. 274). Frå 25. september 1944, etter ordre frå Hitler, tok SS under leiing av Heinrich Himmler over styringa av heile krigsfangevesenet (Koch, 1988, s. 17) og fekk dermed det overordna ansvaret både sentralt og i Noreg. Ein av hovudgrunnane til omleggingane var å hindre flukt blant fangane (Soleim, 2004, s. 81), men i følgje Koch (1988, s. 19), Steffenak (1995, s. 39) og Soleim (2004, s. 82) viser kjeldematerialet at omleggingane verken gav store systemendringar, eller skifte i fangetilhøva. Den 5. mai 1945, berre nokre dagar før kapitulasjonen, tok Wehrmacht attende leiinga i systemet. Den siste omorganiseringa førte truleg til utsetjing av alliert overtaking av krigsfangeleirane (Soleim, 2004, s. 84).

Denne gjennomgangen viser til det som Soleim (2004, s. 222) har skrive: “*krigsfangesystemet kan karakteriseres mer som et lappeteppe enn som et strømlinjeformet system*”. Det er vanskeleg å definere klare ansvarsavgrensingar. Ei slik organisering var i tråd med leiingsprinsippa til Hitler då den kunne medverke til redusert rivalisering mellom ulike interessegrupper (samtale med Marek E. Jasinski, 16.03.12). Samtidig reflekterer systemet eit visst bilete over korleis ting var, og hjelper dermed på forståinga av tilhøva i dei ulike leirane i Trondheim og på Øysand.



Figur 4.4: Illustrasjonskart over Trondheim august 1945. Viser tyske militære installasjonar (Byarkivet).

4.2 Trondheim

Figur 4.4 viser eit illustrasjonskart over tyske militærinstallasjonar i Trondheim oppteikna i august 1945. Kartet er henta frå byarkivet i Trondheim, men er utan forklaringar til farge-merkingane og nummereringane. Kartet manglar også framstillingsreferansar. Hypotesa framsett av byarkivet, foreslår at fargeoversiktene kanskje viser eigeforholda etter krigen (kommunale/statlig/militære), og at svarte bygningar viser murbygg eller bunkersar, og at lyse bygningar er trehus, men dette kan ikkje verifiserast.

Per Øverland har jobba med kartet og har vore til god hjelp med lokalisering av leirane. I artikkelen “*Tyskhus på Lade og Lademoen i 1945*” går han gjennom nummereringa og prøver å forklare dei ulike områda og bygningane (Øverland, 2010, s. 3-4). Slik tittelen viser, drøfter artikkelen hovudsakleg området Lade og Lademoen, men Øverland beskriv fire moglege område der fangar kan ha vore plasserte i leirar. På kartet er desse lokalitetane nummerert med 1, 6, 9, og 16. Opplysningane frå kartet og dei ulike oversiktslistene angående moglege krigsfangeleirar, vil verte fortsøkte verifisert gjennom studium av andre relevante kjelder. Bevaringsstatusen og kor egna området er for vidare arkeologiske undersøkingar, kan berre evaluerast gjennom lokalisering av leirplasseringa.

Områda som er evaluerte og analyserte i dette delkapitlet er; Strindheim, Rotvoll, Korsvika og Blindeskulen. Desse er likevel ikkje dei einaste potensielle områda for krigsfangeleirar i

Trondheim, og andre stadar vert nemnde og vurderte mot slutten av kapitlet. Prioriteringa av utvalde leiområde kjem i første rekke frå den geografiske argumentasjonen i kapittel 1.4.2 og det tidsmessige aspektet.

4.2.1 Strinda/Strindheim/Bromstad


Lokalisering

Kjeldene indikerer at leiren har gått under fleire namn. I listene til Kock, Soleim og Stokke er Strinda nemnd, det same gjeld i Central Zone-lista. I illustrasjonskartet (sjå fig. 4.5) referert av Øverland, er leiren på Strinda omtala som Strindheim. Då det ikkje er andre leirar med namn som kan forvekslast, samt at Strinda og Strindheim ofte er nytta om same område, kan ein mest truleg anta at dette er same leir. Dette kan indikere at tyskarane, nordmennene og engelskmennene opererte med forskjellige namn på den same leiren. I enkelte samanhengar kan leiren også ha gått under namnet Bromstad, då dette er gardsnamnet på området leiren vart etablert på. Dette går også fram av Trondheim byleksikon (Bratberg, 2008, s. 98). Den lokalhistoriske artikkelen ”*Bromstad. En storgård på Strinda*”, omtalar at det vart bygd ein krigsfangeleir for serbiske og russiske fangar her (Hansen, 2005, s. 106). Stadnamnet kan såleis seiast å ha hatt stor innverknad på nemninga til leiren, men har også skapt uklarheit ettersom området har gått under fleire namn. Namnet på leiren er likevel viktig for lokaliseringa av leiren.

I følgje Øverland (2010, s. 3) skal plassering for heile leiren ha strekt seg frå Innherredsveien i retning mot Bromstad gard, området som i dag er Strindheim Hageby. Hermann Hansen (2005, s. 106) og Arnold Sjø Sund (2005, s. 18) viser til at krigen var ei dramatisk periode for Strindheimsområdet, Bromstad og folket på garden. Okkupasjonsmakta tok ikkje omsyn til eigaren sine interesser og rekvirerte store delar av eigedomen, heile 200 mål vart beslaglagt (Osnes 1948, s. 124). I intervju med Jon Hjelde (intervju, 06.03.12), som er oppvaksen på Strindheim og var 17 år i 1940, kjem det fram at dei første brakkene vart reiste heilt inn mot Innherredsvegen (dåverande riksveg 50) allereie våren 1941. Som ein kan sjå frå flyfotoet teke i 1937 (sjå fig. 4.6), var området lite utbygt på dette tidspunktet, men Hjelde fortel at etter 1941 gjekk det slag i slag med bygging av brakker her. Dei første brakkene vart bygde for å huse danske arbeidarar som jobba med bygginga av ubåtbunkrane på Nyhamna. Dette



Figur 4.5: Utklipp av illustrasjonskartet i fig. 4.4.



Figur 4.6: Flyfoto tatt sommaren 1937 av Strindheimområdet. Det gule området markerer Bromstadområdet. Leangen travbane sjåast til høgre i biletet (<http://kart.finn.no>).

indikerer at heile området ikkje einseitig vart nytta som krigsfangeleir, men også til frivillige arbeidarar, og i følgje Hjelde budde det også tyskarar her under heile okkupasjonen (sjå fig. 4.7). Om ein ser i Strinda Bygdebok (Osnes, 1948, s. 124), stemmer dette med Hjelde sitt minne. Her står det at i brakkene som var oppførte på eigedommen, budde det både tyskarar, danske frivillige arbeidarar og russiske fangar.

På spørsmål om det var krigsfangar på Strindheim, huskar Hjelde dette godt. Han kan ikkje hugse nøyaktig når dei kom, men han meiner det kunne ha vore i 1942. Ved kryssjekking mot krigsfangeleirlistene til Kock og Soleim stemmer årstalet. Begge skriv der at leiren var oppført i 1942 (Kock, 1988, s. 132, Soleim, 2004, s. 5 i databasen). Biletet i figur 4.8 indikerer



Figur 4.7: Bilete av brakker i arbeidsleiren på Strindheim. Jon Hjelde fortel at dei store brakkene var spisebrakker, og at det er Bromstadvegen som går til høgre i biletet.

også dette då leiren er godt utbygd. Når det gjeld nøyaktig plassering av krigsfangeleiren, kjem det fram i intervjuet med Hjelde at det vart oppført to store brakker og at desse vart isolerte frå dei andre brakkene i svingen langs Bromstadvegen (sjå fig. 4.6). Grunna det strenge vakthaldet og forbodet mot kontakt med fangane (Kock, 1988, s. 44-45, Soleim, 2004, s. 245), var ikkje Hjelde oppe ved leiren under okkupasjonen. Det han likevel hugsar godt, var at det var lys i desse brakkene på kveldstid og at ein av og til kunne høyre song frå dei. Det strenge vakthaldet vitnar også om at dette var ein krigsfangeleir som måtte skiljast frå sivilarbeidsleirane (Stokke, s. 34-35).



Figur 4.8: Alliert etterretningsfoto av Strinda og Lade 30.05.1942. Stindheimsleiren er innringa (Sivertsen, 2003, s. 109).

Kvifor nazistane valde å legge ein leir akkurat på dette området, var truleg grunna ei tysk forskrift som ga pålegg om å plassere sovjetiske krigsfangar i Noreg i leirar i utkanten av byar, på god avstand frå lokalbefolkninga, i nærleiken av vegar (Panikar, 2010, s. 154) og om mogeleg ligge på ei slette (Koch, 1988, s. 59). Ein kan rekne med at forskrifta gjaldt for alle krigsfangeleirane uansett nasjonalitet, grunna det strenge forbodet om kontakt mellom fangar og lokalbefolkninga.

Sjølv om det er fleire tilfelle der forskrifta ikkje har vorte følgt, eksempelvis Jasinski sine (2012) undersøking av krigsfangeleiren på Bud i Møre og Romsdal der krigsfangane vart plassert i allereie eksisterande bygningar tett ved lokalbefolkninga, kan det tyde på at når tyskarane valde å bygge nye leirar, vart retningslinjene følgde innanfor rimelege grenser. Flyfotoet frå 1937 (sjå fig. 4.6) viser at plasseringa av krigsfangeleiren på Strindheim mest sannsynleg vart bygd ut i frå forskrifta, sidan Bromstadorrådet og landskapt er lite utbygd og jamt, ligg i utkanten av sjølve byen, og er plassert i nærleiken av vegar. I tillegg fortel Hjelde at området var nytta til dyrking av korn og poteter, noko som gjorde at nazistane fekk tilgang til enkelte formar for mat. Tilknytninga til veggen var også viktig med tanke på arbeidet til krigsfangane. Sjø Sund (2005, s. 18) er ein av mange (Kock, 1988, s. 132, Kirkhusmo, 1997, s. 255, Soleim, 2004, s. 5 i databasen, Hansen, 2005, s. 106, Eggen, 2008, s. 48, Øverland, 2010, s.3) som fortel om krigsfangane sin marsj i frå Strindheimleiren til Nyhamna for å arbeide med ubåtbunkrane Dora I og Dora II.

Det var et daglig syn å se lange kolonner av fanger i fillete uniformer og dårlig forfatning marsjerte til eller fra arbeid, fulgt av bevæpnede vakter (Sjø Sund, 2005, s. 18).

Dette viser at nazistane var opptekne av korleis landskapa eigna seg til etablering av leirar, og studiet av flyfotoet og nazi-lovverket gir gode indikasjonar på korleis nazistane nytta landskapet til sin fordel utan omsyn til sivilbefolkninga.

Leirform, historikk, nasjonalitet og tal på krigsfangar

I følgje kjelda til Soleim (2004, s. 96) "*Deutscher Oberbefehlshaber Norwegen*" frå hausten 1945, går det fram kva arbeidsbataljonar som var i bruke ved slutten av krigen. I oversikta står det at Strinda var ein "*Kriegsgefangenen Arbeitsbataillone*" og er omtalt som bataljon nummer 180. Dette går også fram av krigsfangeleirlista Central Zone og det tydar på at Strinda låg under Organsisasjon Todt sin kommando. I følgje kjelda til Soleim, jobba desse krigsfangane med festningsbygg, vegbygging, skogsarbeid og lastearbeid og er med på å støtte opp under kjeldene som fortel at krigsfangane arbeidde med bygginga av dei to ubåtbunkerane Dora 1 og 2 på Nyhamna.

Når det gjeld talet på krigsfangar i leiren, er det referert til forskjellige tal. I følgje fleire kjelder (Osnes, 1948, s. 124, Kock, 1988, s. 132, Soleim, 2004, s. 5 i databasen, Hansen, 2005, s. 106, Sjø Sund, 2002, s. 13, Bratberg, 2008, s. 98) var det i løpet av krigen opp mot 700 krigsfangar plasserte her, medan det er oppført 557 russiske krigsfangar i Central Zone-lista, noko Stokke også viser til. Kock (1988, s. 42) og Soleim (2004, s. 96) viser igjen til eit anna tal, 2895 krigsfangar, som er henta i frå kjelda "*Deutscher Oberbefehlshaber Norwegen*. Det høge talet er truleg grunna i evakueringa av krigsfangane nordfrå mot slutten av krigen, og mange kan ha vorte plasserte i denne leiren (samtale med Soleim, 25.01.12). Problemet med å fastsette eit nøyaktige tal krigsfangar i Noreg og i dei enkelte leirane, er vanskeleg då tala varierer utifrå registreringstidspunkt og registrator.

Eit anna sentralt spørsmål i høve Strindheimleiren er nasjonaliteten til krigsfangane. I følgje Central Zone-lista, var det kun sovjetiske krigsfangar i leiren, men i følgje fleire lokalhistoriske artiklar skal det også ha vore jugoslavar her (Sivertsen, 2003, s. 120, Sjø Sund, 2005, s. 18, Hansen, 2005, s. 106, Øverland, 2010, s.3). I følgje tyske vedtak, skulle sovjetiske krigsfangar vere skilde frå andre krigsfangar for å hindre sabotasjar og fluktforsøk (Soleim, 2004, s. 78). Samtidig var nazistane redde for at dei sovjetiske krigsfangane skulle spreie sin kommunistiske politikk (samtale med Jasinski, 16.05.12). Det er med andre ord ein forskjell mellom det tyske regelverket og den praktiske handhevinga, avdekka gjennom observasjonar. Sjølv om observasjonane kan vera usikre, veit ein at lokalbefolkning har hatt problem med å skilje mellom nasjonaliteten til krigsfangane. Likevel er dei med på å introdusere ei viss usikkerheit i høve til sikker nasjonalitetsbestemming av krigsfangane. Ein kan heller ikkje lite 100 % på kjeldematerialet i Central Zone-lista, då det ser ut til at leiren hadde fangar frå fleire nasjonar. Et anna spørsmål er kor nøye tyskarane følgde eigne regelverk og kor nøyaktig registreringane var, særleg mot slutten og etter krigen.

Både Soleim (2004, s. 5 i databasen) og Kock (1988, s. 132) skriv i sine lister at krigsfangeleiren på Strinda var i verksemd til slutten av krigen, og ein kan dermed konkludere med at leiren var i stabil drift frå 1942-1945.

Undersøkingane indikerer også at Strindheimleiren kjem innanfor den første kategorien i Jasinski sin (2012) typologi, sidan leiren var relativt stor, husa fleire hundre fangar, og bygd frå grunnen av. Leiren skulle også ha vore omringa av piggrådsgjerder, noko som igjen kan tyde på at den hadde vakttårn og kontrollpostar.

Kva skjedde med leiren, brakkene og andre strukturar etter krigen?

Tidlegare forskning har hatt lite fokus på spørsmålet, men ein veit er at mange leirar vart nytta som oppsamlings- og gjennomgangsleirar (Soleim, 2009, s. 282, Steffenak, 1995, s. 71) for krigsfangane før dei vart sendt tilbake til heimlanda. Det høge talet krigsfangar i Strindheimsleiren på slutten av krigen kan tyde på leiren vart nytta som gjennomgangsleir. Steffenak (1995, s. 178) hevder at det var ein slik leir i Trondheim, men om dette var Strindheimsleiren vert berre spekulasjonar, sidan det ikkje har kome fram fleire kjelder som støtter denne teorien. Ein veit likevel at mange fangar vart verande igjen i leirane i tida like etter frigjeringa, før dei vart sendt heim.

Den første tida etter krigen var det mange spørsmål knytt til kva ein skulle gjera med både brakkene frå krigsfangeleiren og tyskarleiren. Mange ønskte nok å fjerne brakkene med ein gong sidan desse gav assosiasjonar til vonde minner frå okkupasjonsåra, dårleg behandling av krigsfangane og generell ufridom i eige land. Samtidig var det stor bustadmangel i Trondheim på denne tida, som krevja hurtig igangsetjing av bustadbygging. Eit vesentleg hinder var mangelen på byggematerial slik situasjonen hadde vore i Noreg i lang tid, som representerte ingen ny situasjon, for i følge Heinrich Christens dagbok, leiar for den sivile delen av den tyske okkupasjonsmakta på Vestlandet og i Trøndelag, var det også under krigen stor mangel på dette;

Drontheim er fullstendig ribba, og det er ikke lett å skaffe noe som helst, men jeg skal nok klare å oppdrive det som trengs av utstyr og materialet til oppussingen (oversett av Ingebrigtsen & Skorgen, 2009. s. 144).

Materialsituasjonen kom også til å prege bustadbygginga etter krigen, og det vart dermed satt i gang ekstraordinære tiltak frå kommunenes side om innkjøp av tyskarbrakker for å bøte på forsyningssituasjonen (Skaugvold, 1973, s. 153). Noko som går fram av mange samtidige kommunale dokument. Eit er av Strindas ordførar Per Almaas, der han stiller krav til fylkesmannen i Sør- Trøndelag (15.10.45);

Boligsituasjonen i kommunen er uhyre vanskelig. Som eks. kan nevnes at det finnes opp til 9 personer på 1 rom og 15 personer med 2 rom og kjøkken... Det synes å være et rimelig krav at de militære myndigheter snarest mulig avgir hus og brakker som kan brukes til boliger (sjå vedlegg B8).

Desse diskusjonane leda til at fleire brakker vart frigitt til bygging, også til bygging av bustader på Strinda, altså på same området som tyskarane hadde nytta under okkupasjonen. Om ein ser på bildet i figur 4.9, som er tatt etter krigen, ser ein at bygginga av Stringheim Hageby er i full gang. Bildet viser det området som Hjelde stadfesta som krigsfangeleirrområde, der det no er lite som vitnar om at det stod ein krigsfangeleir her. Ein veit vidare at materialet som vart nytta til bygginga av desse husa stammar i frå leirbrakkane i Strindheimleiren (Sivertsen, 2003, s. 120, Øverland, 2010, s. 3).

Om materialet frå krigsfangeleiren vart nytta er usikkert. Sjølv om brakkane i følgje Genèvekonvensjonen skulle garantere sunnheit og helse, og verne mot fuktigheit (Kock, 1988, s. 22-23), var det slike at brakke-
ne ofte var bygde av svært dårleg material, og var skitne og lukta vondt. Dette taler difor imot at brakke-
ne vart nytta til bustad-
bygging, men grunna den store mangelen på byggetilfang er det truleg at dei dårlegaste brakke-
materiala vart nytta til bygging av andre type hus. I tillegg fortel



Figur 4.9: Utbygging av Strindheim Hageby etter krigen (Sjøsund, 2002. s. 13).

Solveig Eggen (intervju 27.02.12), som opplevde krigen i Stjørdal, at brakke-
ne der vart rivne og brende, grunna vond lukt, dårleg tilstand og frykt for epidemiar. Om dette var situasjo-
nen for Strindheimsleiren og Trondheim kan vere mogleg, men utan dokumentasjon vert det berre spekulasjonar.

Lokaliteten i dag

I dag er området som nemnt Strindheim Hageby (oversiktbilete i figur 4.10a), eit tettbygd område, der husa er definert med antikvarisk verdi av Trondheim kommune, utan at området har fredingsstatus (Antikvarisk klassifikasjon av bebyggelse, Trondheim kommune, 2012). Om ein ikkje veit at det ein gang stod ein krigsfangeleir her, er der ingen synlege spor att



(a) Strindheim hageby
2011

(<http://kart.gulesider.no>).



(b) Hus frå slutten av 1940-talet i Strindheim hageby, 06.03.12. Retning Ø.

Figur 4.10: Strindheimsområdet pr. 2011. Antatt plassering av krigsfangeleiren.

på overflata (sjå fig. 4.10b). Det einaste som vitar om krigen er kledinga av husa, men det gir ingen indikasjonar på korleis brakkene såg ut, størrelsen eller plasseringa under krigen. Handsaminga av brakkene og bruken av dei etter krigen tydar på at det ikkje var særleg mange som tenkte at brakkene hadde historisk verdi, som kunne gitt fleire svar enn dei skriftlege kjeldene.


Om ein studerer bilete frå bustadbygginga etter krigen (sjå fig. 4.9), og samanliknar det med oversiktsbilete over området slik det ser ut i dag, ser ein akkurat dei same husa. Dette tydar på at det ikkje har vore anna bygging i området etter krigen, noko som gjer at det fortatt kan ligge igjen materielle spor mellom bygningane som kan fortelje meir om livet i krigsfangeleiren og gi ei meir nøyaktig plassering av brakkene (sjå kap. 5).

For å lokalisere leiren, har det vorte nytta fleire kjelder. Likevel kan det ikkje seiast nøyaktig kvar plasseringa av brakkane var, men gjennom overflateregistreringar og samanlikning av bileter og flyfoto er det truleg mogeleg å gjere arkeologiske undersøkingar mellom husa, og resultatane frå desse kan bidra til eit klarare bilete av krigsfangehistoria og betre forståinga av heile konteksten.


4.2.2 Rotvoll

Lokalisering

Det finnast fleire referansar til ein leir på Rotvoll, både i listene til Kock (1988, s.145) og Stokke, samt Central Zone lista, og kartet i figur 4.11 nemner denne. Øverland (2010, s. 3) viser også til leiren, der han skriv at denne vart nytta hovudsakeleg til jugoslaviske krigsfangar. Med bakgrunn i at alle desse kjeldene refererer til Rotvoll, er det høgst sannsynleg snakk om same leir. I tillegg nemner også andre kjelder leiren ved Rotvoll sjukehus/asyl (Osnes, 1948, s. 125-126, Bratberg, 2008, s. 455). Her ser ein igjen at tyskarane nytta stadnamn for å namngi leirane, sidan Rotvoll er namnet på området.



Figur 4.11: Utklipp av Rotvoll frå illustrasjonskartet i figur 4.4



Figur 4.12: Alliert etterretningskart av Rotvoll oktober 1943 (Sivertsen, 2003, s. 110).

Basert på skildringane til lokalhistorikar Knut Sivertsen (2003, s. 115) skal denne leiren ha stått mellom jernbanelinjene og Ranheimsveien. Torleif Eggen (2008, s. 48) beskriv også ein stor fangeleir for jugoslavar som var omkransa av piggråd, og hadde to høge vaktårn, på vegen frå Ranheimsvegen til Rotvoll sjukehus/asyl. Sivertsen (2003, s. 110) refererer i tillegg til det britiske etterretningskart laga i oktober 1943 som er vist i figur 4.12, der han skriv at nummer 3 er krigsfangeleiren på Rotvoll, noko som stemmer godt overens med kjeldene ovanfor. Difor er det rimeleg å anta at det låg ein krigsfangeleir på det beskrivne området.

Plasseringa av leiren passar godt med den tyske forskrifta om plassering av slike anlegg (Panikar, 2010, s. 154). Leiren ligg på ei slette i utkanten av byen, med god kommunikasjon, og utan påtrengande nærleik av lokalbefolkninga. Flyfotoet frå 1937 (sjå fig. 4.13) indikerer at alle desse faktorane er oppfylte, i tillegg til at det ikkje er noko tidligare strukturar eller bustadar på områda dei kunne ta i bruk.

Leirform, historikk, nasjonalitet og tal på krigsfangar

Basert på Central Zone lista, og listene til Kock (1988, s. 145) og Stokke høyrde Rotvoll krigsfaneleir til “*Kriegsgefangenen Arbeitsbataillone 180*”, noko som i hovudsak innebar arbeid med festningsbygg, vegbygging, skogsarbeid og anna (Soleim, 2004, s. 96). Dette stemmer bra med påstandane til Sivertsen (2003, s. 115), som hevder leiren var i regi av Organisasjon Todt da OT hadde forskjellige byggeplassar i området. Det er ikkje definitivt avgjort kor desse var, men det er antyda at lyskastaravdelinga på St. Haugen sør-aust for leiren kan ha vore eit av prosjekta. Torleif Eggen (intervju 27.02.12) antyda også moglegheita for at krigsfangane arbeida med utbygginga av tyskarleiren på Charlottenlund (sjå fig. 4.11).


Dei lokalhistoriske kjeldene hevdar at leiren husa jugoslaviske krigsfangar (Eggen, 2008, s. 48, Øverland 2010, s. 3), noko som kan vere grunnen til at denne manglar i Soleim si liste. Til tross for dette er det i Central Zone lista ikkje oppført jugoslavar, men 275 sovjetiske krigsfangar ved krigens slutt. I følgje Thor Sunsfjord (samtale, 09.05.12), som budde i nærleiken av leiren, og var 17 år i 1945, hevdar at det både var sovjetiske og jugoslaviske fangar i leiren. Torleif Eggen (intervju 27.02.12), som også var 17 år ved frigjeringa, hevdar at det berre var jugoslaviske krigsfangar på Rotvoll. Han fortel at etter frigjeringa var han mykje i leiren, og fekk god kontakt med jugoslavane, sidan desse kunne litt tysk. Her ser ein problematikken med å nytte intervju av tidsvitne, sidan hukommelsen og minna kan ha endra seg på dei 67 åra som har gått sidan hendinga. Det verkar sannsynleg at det var jugoslaviske fangar i leiren, men ueinigheit om det faktisk var sovjetiske der ved krigens slutt.

I følgje Solheim (2004, s. 336) vart sjuke sovjetiske krigsfangar transportert til O.Ts lasarett på Rotvoll. Dette er truleg sjukehuset, men det er mogeleg at nokon vart plassert i brakkene i leiren. Dette vil isåfall kunne forklare kvifor det var sovjetiske krigsfangar her. Kvifor dei jugoslaviske krigsfangane ikkje er oppført i listene er ukjent, men det kan vere eit utslag av kaoset i krigens siste fase (Beech, 2002, s. 199), då krigsfangane vart flytta sørover.

Oppføringa av leiren er noko usikker, og kjeldene spriker, men ein god indikasjon kan vere situasjonsplanen som vart laga av eit norsk rørleggarfirma (sjå fig. 4.14). Planen viser to dateringar, 21/5-43 og 27/5-43. Truleg representerer den første då planen vart laga, og den



Figur 4.13: Rotvoll 1937, området for leirens plassering er merka (kart.finn.no).




Figur 4.14: Utklipp av situasjonsplan for Rotvoll mai 1943.

av leiren. Eit anna kart som styrker leirens eksistens er O.T. Lager Rotvoldkartet (sjå fig. 4.15). Dette viser også plasseringane av brakkene, i tillegg til eit gjerde som er antatt å vere eit piggrådgjerde. Det er rimeleg å hevde at den inngjerda seksjonen husa jugoslavane (Eggen, 27.03.12, Sunsfjord, 09.05.12), men det er usikkerheit rundt dei andre brakkene. I følgje Sunsfjord (samtale 09.05.12) var den ugjerda delen for dei sovjetiske krigsfangane, men dette er Eggen ueinig i. Det er difor vanskeleg å seie kven som nytta dei andre brakkene i leiren.

O.T. Lager kartet i figur 4.15 er ikkje dato-stempla, men inneheld ei ekstra brakke (nr. 10) jamfør situasjonsplanen, noko som kan tyde at det vart teikna seinare enn situasjonsplanen frå mai 1943. Saman med kartet følgde det med forklaringar på dei ulike brakkene (sjå vedlegg B7), der nr. 1- 3 er mannskapsbrakke som husa 60 mann kvar, nr. 4 er kjøkkenbrakke, nr. 5-6 er latrine, nr. 7 er mannskapsbrakke for 60 mann, nr. 8 er mannsaksbrakke for 45 mann, nr. 9 er

andre godkjenninga. Basert på dette er det sannsynleg å anta at leiren vart påbyrja etter 27/5- 43. Også etterretningskartet referert av Sivertsen (sjå fig. 4.12) indikerer leirens nærvær i 1943. Dette spriker noko med Venenskapets røtter (1995, s. 80), skrevet av Zoran Jovanovic som hevdar at leiren på Rotvoll vart tatt i bruk 23.april 1945, berre nokre få dagar før krigens slutt. Med bakgrunn i den pressa arbeidssituasjonen i Trondheim under krigen er det lite sannsynleg at leiren var ferdig i siste halvdel av 1943, men ikkje kom i bruk før i 1945. Det er difor mogeleg å anta at leiren var i drift i 1943. Central Zone lista tyder at det var drift i leiren fram til frigjeringa i 1945.

Situasjonsplanen stadfester også at leiren var ein OT- leir, og viser planlagd plassering av brakkene. I tillegg viser den at norske byggefirma var involvert i planlegginga



Figur 4.15: OT-Lager Rotvoll utklipp.

kjøkkenbrakke, nr 10 er mannskapsbrakke for 45 mann, nr. 11 er latrine, og nr. 12- 14 er mannskapsbrakke som husa 45 mann kvar. Det inngjerda området er brakkene 8- 14 og plass til 225 mann. Eggen (2008, s. 48) skriv at brakkene var innreia med køyer i 3 høgda, der det var plass til 2 til 3 fangar i kvar køy. Det er difor ikkje usannsynleg at det kan ha budd fleire krigsfangar i brakkene enn dei var designa for. Eggen (intervju 27.02.12) hevdar at det også var 2-3 vakttårn i leiren, men desse er ikkje innteikna i planane. Basert på dei to karta (fig. 4.14 og 4.15) og intervjuet med Eggen kan leiren plasserast i kategori 1 i Jasinski sin (2012) typologi, då den har mange forskjellige permanente brakker, var inngjerda, hadde vakttårn og var reist frå grunnen av.

Kva skjedde med leiren, brakkane og andre strukturar etter krigen?

Nokre dagar etter at freden vart kunngjort 8. mai 1945, var krigsfangane fri til å gå utanfor leiren (Eggen, 2008, s. 49). Eggen (2008, s. 50) skriv at det var stor begeistring blant både nordmennene og krigsfangane då freden kom, og at nordmennene vart inviterte til fokedans og framsyningar i kantinebrakka i den tyske delen av leiren.



Figur 4.16: Rotvoll leir 21.08.1945, foto av reisane jugoslavar. Foto: Michael Stokke.

Eit biletet (sjå fig. 4.16) teke den 21.08.45 av reisande jugoslavar (e-post frå Michael Stokke 04.03.12) vitnar om at begge brakkene vart ståande og krigsfangane vart verande i leiren heile sommaren. Ein meiner at alle fangane drog frå leiren på dette tidspunktet, noko som Eggen (2008, s. 54) også hevdar.

1945. Etter at dei opphavlege krigsfangane hadde reist frå leiren, vart den nytta som fengselsleir for Gestapo-personell fram til november same året. Steen hevdar vidare at det vart utført avrettingar ved leiren i denne perioden.

Egil Steen (samtale, 09.05.12), som jobba som tysk-engelsk tolk etter krigen for dei allierte på Rotvoll, hevdar at eit alliert vaktlag kom til leiren i juli

I eit dokument som vart funne i Forsvarsmuseet sitt arkiv på Dora, står det under overskrifta Rotvoll leir (sjå vedlegg B5); “*frigivelse av samtlige brakker (14 stk.)*” og “*avbestilt strømmen til leiren.. 27/8-46*”, noko som viser til at leiren vart ståande over eit år etter frigjevinga, og at alle brakkene, inkludert dei som høyrde til krigsfangeleiren, vart frigjevne, og sannsynlegvis ikkje brent. Talet brakkar som er refererte, stemmer overeins med O.T.

Lager Rotvoldkartet (sjå fig. 4.15). Dette indikerer at kartet er korrekt, og at det ikkje vart sett opp fleire brakker i området. Biletet teke 21.08.45 (sjå fig. 4.16) viser brakkene. Då biletet ser ut til å vere teke mot vest, er det sannsynlegvis brakke 10 (sjå fig. 4.15) som kan sjåast heilt til venstre. Det ser ut til at det er den lange brakka i bakgrunnen, er brakke 7 (sjå fig. 4.15), og at det er brakke 9 som står til høgre i biletet. Ein kan også skimte eit gjerde som skil brakke 9 og 10 frå brakke 7, og det er høgt sannsynleg at dette er gjerdet som er innteikna på O.T. Lager Rotvoldkartet.



**Figur 4.17: Området til Rotvoll leir 08.10.2011.
Retning N.**

I Forsvarsmuseet sitt arkiv er det også funne ei oversikt over inventar som var i brakkene i leiren (sjå vedlegg B6). Dette dokumentet er datert til 24.11.1945, og viser til at det inventaret som var i best tilstand, vart tatt vare på, og nytta av lokalbefolkninga, kommunane eller det militære etter krigen.

Lokaliteten i dag

I dag vert området nytta som beitelandskap (sjå fig. 4.17), og både Øverland (samtale, 16.09.11), Eggen (intervju, 27.02.12) og Sivertsen (telefonsamtale 06.02.12) hevder at det ikkje har vore bygging eller bustadar her etter krigen. I følgje “*Antikvarisk klassifisering av bebyggelse*” (Trondheim kommune, 2012) er området leiren stod på, eit bevaringsområde i reguleringsplanen. Dette viser i hovudsak at området er viktig, sidan det er både fysisk og visuell kontakt med sjøen og marka-områda. I dag er dette det einaste resterande samanhengande store grøntarealet frå fjorden til marka, i Trondheim (Lade, Leangen og Rotvoll Kommunedelplan, Trondheim kommune, 2006, s. 45). Området sin bevaringsstatus kjem ikkje av krigsfangeleiren som låg her, men av den nemnte koplinga til fjorden og det rike kulturlandskapet på Rotvoll. Hadde det ikkje vore for dette, ville sannsynlegvis ikkje området vore freda.



**Figur 4.18: Området til
Rotvoll leir 2011
(maps.google.com).**



(a) Betongrør.
Retning N.



(b) Betongfragment.
Retning V.



(c) Jernstenger.
Retning V.

Figur 4.19: Materiell kultur på området til Rotvoll leir 23.11.2011.

Ved samanlikning av flyfoto frå 1937 (sjå fig. 4.13) med flyfoto av området i dag (sjå fig. 4.18), er det tydeleg at landskapet er meir kupert no enn før krigen. Sivertsen (telefonsamtale 06.02.12) hevder at desse ujamne områda er rester frå leiren, noko som vert understøtta av at overflaterregistreringar på lokaliteten og det er påvist materielle spor. Registreringa lokaliserte betongrør (sjå fig. 4.19a), betongfragmenter/betongplater (sjå fig. 4.19b) og jernstenger (sjå fig. 4.19c) som kan stamme frå leiren. Vest for området vart det lokalisert haugar beståande av betong, stein, teglestein og jern (sjå fig. 4.20), som kan tyde på restar frå leiren. Funna støttar teorien om at det hovudsakleg var trematerialet og inventaret frå leirane som vart brukt om att og tatt vare på, og at det resterande vart dumpa ved eller i leiområdet. Då oversikta over inventaret (sjå vedlegg B6) viser til at dette var i god stand, er det mogleg å anta at utstyr som ikkje var det, kan ha vorte dumpa, og som dermed kan ligge i dei ulike haugane.

Det er også mogeleg at tyskarane prøvde å skjule diverse materiell før frigjeringa, sidan dette var av sensitiv karakter, og kunne få fatale konsekvensar for dei involverte nazistane. Ei moglegheit er at dette vart grave ned i nærleiken av leiren, eller brent.

Sidan det med høgt sannsyn er mykje materiell kultur som stammar frå leiren, og at det ikkje har kome ny bebyggelse, gir området stort potensiale for vidare undersøking. Dette kan vere med på å gi svar på korleis livet var i leiren, og betre forståinga av



Figur 4.20: Moglege restar etter Rotvoll leir 2011. Leirområdet kan skimtast i bakgrunnen. 23.11.2011. Retning Ø.

kva material og utstyr som vart nytta. Ved å samanlikne dei antekne materielle spora med dei ulike karta og biletet frå august 1945, kan ein også stadfeste den nøyaktige plassering av brakkane, noko som igjen vil kunne vere med på å indikere kva materiale som tilhørde kvar brakke.

Sjølv om bustadbygginga i nærområdet har auka, er området verna og definert som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) fram til 2018 (Lade, Leangen og Rotvoll Kommunedelplan, Trondheim kommune, 2006, s. 22). Dette medfører at kulturminna frå leiren ikkje kan fjernast, utan spesielt samtykkje frå myndigheitene. Om området skulle verte frigitt til bygging, er det viktig at lokaliteten vert arkeologisk undersøkt slik at viktig materiell ikkje forsvinn.

Rotvoll gravplass



(a) Rotvoll gravplass 21.07.1945
(Eggen, 2008, s. 49).



(b) Betongkant på Rotvoll gravplass
18.11.2011.

Figur 4.21: Materiell kultur på Rotvoll gravplass.

Ein direkte konsekvens av dei umenneskelege forholda krigsfangane levde under, var mange dødsfall. For å handtere dette var det naudsynt å opprette fleire gravplassar, og ein av desse vart oppført på sør-austsida av St. Haugen på Rotvoll. Ved krigsslutt var det gravlagt 30 sovjetiske og 13 jugoslaviske krigsfangar her, og allereie i mai 1945 byrja dei overlevande jugoslaviske krigsfangane å støype eit minnesmerke ved gravplassen, i tillegg til karmar på dei ulike gravene (sjå fig. 4.21a) (Eggen, 2008, s. 48- 51). I dag står framleis minnesmerket her (sjå fig. 4.21a) som eit symbol og vitne på dei grufulle hendingane som krigsfangane opplevde under krigen.

Leivningane til dei omkomne er i dag flytta til Lademoen kyrkjegard der dei sovjetiske krigsfangane er gravlagde, og dei jugoslaviske vart flytta til Moholt kyrkjegard i desember 1953 (Eggen, 2008, s. 56-57). Det var anteke at karmane som var støypte rundt gravene også vart fjerna, men ved registrering 18.11.11 hadde då bonden snudd om torva ved gravplassen

så restar etter desse var synlege (sjå fig. 4.21b). Dette beviser at det kan framleis ligg igjen materielle leivningar under jorda, som kan gi svar på spørsmål som ein enno ikkje har funne svar på. Det vart gjort ei tidligare registrering av gravplassen 16.09.11, før jorda vart snudd, og ingen synlege spor etter desse gravene vart påvist.

4.2.3 Korsvika på Lade

Lokalisering

Både Kock (1988, s. 132), Soleim (2005, s. 5 i databasen) og Stokke referer til ein krigsfangeleir på Lade, noko som delvis stemmer med Central Zone og Stalag 380 listene, då det er to oppføringar med Lade her. Øverland (2010, s. 3) skriv at markering 16 i figur 4.22 er ein leir der det budde krigsfangar i nokre av brakkene. Denne leiren ligg i Korsvika på Lade, og det er mogleg at dette er referansen til Lade, men ein kan ikkje seie dette sikkert. Det er ikkje nemnd leirar i Korsvika i forskingslitteraturen, og då bydelen Lade dekkjer eit relativt stort geografisk område, med tidvis mykje tysk aktivitet (både flyplass og forsvarsanlegg), vert andre kjelder viktige i verifiseringsarbeidet. Det at Korsvika ikkje er nemnd eksplisitt i kjeldene styrkar hypotesen om at dette kan vere ein av dei omtala



Figur 4.22: Utklipp frå illustrasjonskartet i fig. 4.4 av leiren i Korsvika.



(a) Korsvika 1937, leirområdet er markert. Lade gården kan skimtast i høgre biletet (kart.finn.no).



(b) Korsvika 19.07.1942, leiren er innringa.

Figur 4.23: Korsvika 1937 og 1942.



Figur 4.24: Foto av leiren i Korsvika (Lade historielag heimeside).

områda ved Korsvik Allé. Med tanke på størrelse og plassering av bygningane er dette med høgt sannsyn ein tysk leir.

Dette vert vidare understøtta av at det også finst eit bilete av leiren (sjå fig. 4.24). I underteksten til originalbiletet blir det hevda at fotoet viser tyske brakker i Korsvika, der dei som jobba med ubåtbunkrane på Nyhamna budde. Det er tidligare hevda at biletet er tatt i 1943, men dette er noko usikkert då brakkene nærast Korsvik Allé, tydeleg er rivne, og at kartet frå august 1945 (sjå fig. 4.22) har desse teikna inn. Ved nærare inspeksjon kan ein truleg skimte det norske flagget i flaggstanga, noko som tydar på at biletet er nyare enn kartet (august 1945), noko som også vil passe med at enkelte brakker er fjerna.

Leirform, historikk, nasjonalitet og tal på krigsfangar

I følgje Kock (1988, s. 132) og Soleim (2005, s. 5 i databasen) skulle det ha vore 1500 krigsfangar på Lade, der dei arbeidde med bygging av flyplass, drenering, bygging av flyshelter og anna arbeid. Dette talet spriker med dei allierte og tyske listene, der den eine har 18-ED fangar (sjå Kap. 4.1), som hørde til Fliegerhorstkommandantur, mens den andre har 126 fangar, som hørde til Lw. Beu-Btl, (*Luftwaffe*). Stokke refererer også til den første av dei to sistnemnde, noko som gir tydelege kvantitative usemje i kjeldene. Det kan også vere at Kock og Soleim refererer til det totale talet krigsfangar på Lade, eller at det var fleire leirar i området. Eit anna punkt som kan tyde på ytterligare leirar på Lade, er storleiken på leiren i Korsvika. Det er lite sannsynleg at denne kan ha husa så mange som 1500 krigsfangar, sjølv om det ikkje er umogleg. Det høge krigsfangetalet kan også vere eit resultat av evakueringa frå Nord- Noreg, noko som kan forklare avviket mellom Kock (1988, s. 132) og Soleim (2004, s. 5 i databasen), og listene frå 01.04.45

Illustrasjonskartet frå august 1945 (sjå fig. 4.22) viser tyske brakker ved Lade Gård og Lade kyrkje i Korsvika. Desse bygningane er nyttige referansepunkt for å lokalisere leiren meir nøyaktig. Flyfotoet frå 1937 (sjå fig. 4.23a), bekreftar at det ikkje er oppført bygningar i området før krigen, og at landskapet passar godt med den tyske forskrifta om leiranlegg (Koch, 1988, s. 59, Panikar, 2010, s. 154). Ved å samanlikne dette fotoet med det allierte flyfotoet i figur 4.23b frå 19.07.1942, ser ein at det er bygd ut fleire brakker på dei ubrukke

Lokalhistoriske artiklar kan kaste litt lys over leiren i Korsvika. Trygve Lingås i “*Butikkene på Lade/ Korsvika i 30 åra*” skriv;

I øvre del av Korsvika mot Lahammeren lå det to krutthus. De ble benyttet av tyskerne som lagerhus. Der hvor Lade Skole i dag ligger var det brakker av forskjellig slag. (lager osv.) På begge sider av Korsvik Allé var det tyskerbrakker. De ble benyttet som fangeleir og arbeidsleir. Folkene som bodde der arbeidet på Dora 1 og Dora 2 på Nyhavna. I den nederste brakka bodde en del tyskere, og der hadde de anlagt en kjeglebane..

Beskrivingane til Lingås passer godt med det allierte flyfotoet (sjå fig. 4.23b) frå 1942, der ein ser brakkene på begge sider av Korsvik Allé. Lingås skriv at brakkene vart nytta til fangeleir, noko Per Isaksen også hevdar i “*Oppvekst i Korsvika/ Lade i 1940/1950 årene*” (2005). Han skriv at det var russiske krigsfangar her. Det at Soleim (2004, s. 5 i databasen) har Ladeleiren i listene sine, indikerer også at det var sovjetiske krigsfangar i leiren, noko som stemmer overeins med det Isaksen skriv. I tillegg skriv også Øverland (2010, s. 3) at det var fangar i leiren. Basert på desse kjeldene er det rimeleg å anta at det var ein krigsfangeleir i Korsvika.

Kva krigsfangane i Korsvika jobba med, er noko usikkert. Kjeldene som går direkte på denne leiren, hevdar at fangane jobba med ubåtbunkerane på Nyhamna, medan Kock og Soleim skriv at krigsfangane på Lade arbeidde med blant anna bygging av flyplassen. Dette kan indikere to eller fleire forskjellige leirar, eller at det var ulike arbeidslag i den same leiren. Plasseringa av leiren er gunstig for både arbeid på Nyhamna og ved flyplassen på Lade.

Oppføringa av leiren i Korsvika stemmer bra overeins med opplysningane om Ladeleiren nemnd av Kock (1988, s. 132) og Soleim (2004, s. 5 i databasen), noko som indikerer at det er snakk om same leir. Ladeleiren dei refererer til, skal ha hatt byggestart i oktober 1941, noko som stemmer bra med at leiren i Korsvika ser ut til å vere ferdig utbygd på det allierte flyfotoet (sjå fig. 4.23b) datert til 19.07.42. Det at dette fell saman, er ikkje noko endeleg bevis for at det er same leiren, men det er eit punkt som kan tale for denne hypotesen. Det bør også nemnast at det i beskrivingane som følgde med biletet i figur 4.24 heiter at fotoet viser tyske brakker frå 1940-1945. Om dette tyder at brakkene vart oppførte allereie i 1940, er høgst usikkert, sidan denne årsmarkeringa kan vere tilfeldig for å markere at dette var under krigen. Basert på dei diskuterte fotoa kan leiren plasserast i kategori 1 i Jasinski sin (2012) typologi, då den har mange brakker som vart reist frå grunnen av.

Med bakgrunn i diskusjonen ovanfor er det ikkje konkluderande bevis for at leiren i Korsvika er Ladeleiren. Det kan også vere at Korsvika var ein underleir av Lade, noko som kan forklare kvifor Korsvika ikkje er nemnd på dei refererte listene, men dette er berre speulasjonar.

Kva skjedde med leiren, brakkene og andre strukturar etter krigen?

Om biletet i figur 4.24 er teke etter krigen, indikerer dette at rivinga må ha skjedd etter august 1945. Biletet viser også at det kjem røyk frå pipa til ei av brakkene, noko som kan tyde på at leiren er i bruk på dette tidspunktet. I så fall er det sannsynleg at denne fungerer som oppsamlingsleir for fangar eller arbeidarar som enda ikkje har fått returnere til heimlanda sine.




Figur 4.25: Foto av Korsvika 27.10.2011, retning Ø.

Ingen av kjeldene seier noko om kva som skjedde med denne leiren etter at den vart forleten, men sidan det var ein stor etterspørsel etter byggemateriale i Trondheim, er det ikkje usannsynleg at materialet frå brakkene vart nytta til bustadbygging. Øverland (samtale 16.09.11) antyda også dette, og framhevar sjansen for at materialet vart nytta til bygging av husa som i dag står i Korsvika (sjå fig. 4.25). Desse er i dag definerte med antikvarisk verdi av Trondheim kommune, utan at området har fredingsstatus (Antikvarisk klassifikasjon av bebyggelse, Trondheim kommune, 2012). Då det var tettare busetnad i Korsvika enn for eksempel på Strindheim og Rotvoll, kan det vere at lokalbefolkninga pressa på styresmaktene for å få fjerna leiren, slik dei slapp å sjå denne til dagleg. Slik kunne dei kome seg vidare og gløyme dei vonde hendingane.

Lokaliteten i dag

I dag er det ingen synlege spor på overflata etter leiren i Korsvika då området er fullt utbygd med bustadar (sjå fig. 4.26b). Om flyfotoet frå i dag vert samanlikna med flyfotoet teke i 1958 (sjå fig. 4.26a), ser ein dei same seks bustadane sør for Korsvik Allé. Det er rimeleg å anta at desse er dei same husa som vart oppførte i tida etter krigen, noko som medfører sjansen for at det enno finst materiell kultur i jorda. Det er også mogleg at desse husa er bygd med materiale frå leiren. Det er som ved dei andre leirane, også tenkjeleg at tyskarane grov ned gjenstandar for å skjule spora sine.

Sjølv om leiren har mange ubesvarte spørsmål knytt til seg, og at det kan vere materiell kultur i jorda, er potensialet for arkeologiske utgravingar i området dårlege. Dette skyldast i hovudsak at området er mykje utbygd. Dette vil verte diskutert vidare i kapittel 5.



(a) Korsvika 1958, Foto Schrøder.



(b) Korsvika 2011 (maps.google.com).

Figur 4.26: Busetnaden i Korsvika i 1958 og 2011.

4.2.4 Blindeskolen/ Blindenschule


Lokalisering

I Stokke si liste, samt i Central Zone-lista og Stalag 380 lista er Blindenschule/Blindeskolen oppført. Der står det at denne skulle ha vore i Trondheim. Verken Kock, Soleim eller Øverland skriv at det var ein fangeleir ved Blindeskolen, men i samtale med Øverland (16.09.11) hevder han at det skulle ha vore krigsfangar i området.



Figur 4.27: Utklipp Blindeskolen frå figur 4.4.

Det offisielle namnet til Blindeskolen var: “Dalen offentlige skole for blinde”, og den var oppført i 1912 på landeigedommen Dalen mellom Leangen og Lademoen (Furuset, 2008, s. 7). I den lokalhistoriske artikkelen: “Dalen- frå husmannsplasser til blindeskolen og høgskole” av Kjell Furuset (2008, s. 33), står det skrive at skulebygga og 60 mål av eigedommen vart beslaglagt 25. mai 1940. Dette vert bekrefta av Terje Bratberg (2008, s. 313). I dag vert bygningen nytta som høgskule for førskuleutdanning og heiter “Dronnings Mauds Minne”. Det at bygningen står i dag, gjer den til eit viktig referansepunkt i lokaliseringsarbeidet av leiren. Flyfotoet (sjå fig. 4.28a) frå 1937 viser bygningen og store opne områder ikring den. Landskapet er flatt og ligg i nærleiken av vegar, noko som passar med landskapet tyskarane nytta for å bygge fangeleirar. Då dette området ligg utanfor byen, vert vegane svært



(a) Dalen 1937 (kart.finn.no).




(b) Dalen 19.07.1942.

Figur 4.28: Blindeskolen 1937 og 1942. Leiren er ikkje oppført endå, men anteken plassering er markert.

viktige, og nedst i biletet ser ein Innherredsveien (dåverande riksveg 50), som var ei viktig kommunikasjonsåre under krigen.

På illustrasjonskartet frå august 1945 (sjå fig. 4.27) er Blindeskolen teikna inn med nummering 18, og det er tydeleg at det er fleire brakker og hus som har vorte bygde etter 1937. Furuset (2008, s. 34) viser til det tyske kartet i figur 4.29, som viser flyplassen på Lade, og at området Dalen, med Blindeskolen, var integrert i flyplassforsvaret. I tillegg viser dette brakkene som stod rundt skulen. Furuset hevdar vidare at fangebrakkene ikkje er teikna inn på dette kartet, og grunnar dette med at fangeleiren ikkje tilhørde luftforsvaret (Furuset, 2008, s. 34). Han hevdar at krigsfangeleiren stod lenger vest på eigedommen, der hus nr. 8-10-12 i Thoning Owesens gate står i dag (Furuset, 2008, s. 34) (sjå fig. 4.30).



Figur 4.29: Blindeskolen og flyplassen (Furuset, 2008, s. 34).

Om ein studerer flyfotoet teke i 1942 (sjå fig. 4.28b), ser ein stor byggeaktivitet til venstre i biletet. Samanlikna med illustrasjonskartet i figur 4.27 kan dette vere bygningane som er teikna inn under nummering 17. Om nokre av desse brakkene er fangeleiren, er usikkert. Basert på Furusets tekst stemmer dette ikkje, sidan han hevdar at der leiren var plassert, manglar det busetnad i 1942. Eit anna punkt ein må vere klar over, er at brakkene til Luftwaffe, som skulle ha stått nede til høgre i biletet (sjå fig. 4.28b), ikkje er oppførte på tidspunktet då biletet er teke. Det tydar på at området ikkje er ferdigbygd i 1942, og at krigsfangeleiren mest sannsynleg ikkje var påbyrja.

Leirform, historikk, nasjonalitet og tal på krigsfangar

I Stalag 380 lista står Blindenschule oppført under marinen, noko som stemmer bra med at Central Zone-lista og Stokke refererer til eininga “*Stabs-u. Wachkomp*”, då desse er einingar i marinen. Dette medfører med høgt sannsyn at krigsfangane i leiren ved Blindeskolen høyrde til “*Kriegsmarinen*”. Soleim (2004, s. 106) skriv at totalt 640 sovjetiske krigsfangar var underlagt “*Kriegsmarinen*” i Trondheim, og om ein studerer dei allierte og tyske listene frå 1. april 1945, er der tre leirar som høyrde til “*Kriegsmarinen*”. Dette er Steinvik (ikkje lokalisert), ein som berre vert referert til Drontheim (ikkje lokalisert) og Blindenschule. I Central Zone-lista står det at Stenvik hadde 33 sovjetiske krigsfangar, Drontheim 45 sovjetiske krigsfangar, og Blindenschule 562 sovjetiske krigsfangar. Til saman vert dette 640 sovjetiske krigsfangar. I Stalag 380-lista vert det referert til dei same tala som i Central Zone- lista, men her står det at dei krigsfangane som tilhørde Blindeskulen og Steinvik, var sovjetiske ED- fangar, noko som gjorde at desse fangane, etter definisjonen, skulle bli behandla og ha den same forpleiinga som tyske soldatar. Det sistnemnte stemmer dårleg med Harald Pedersen sine opplevingar av desse fangane på nært hold;

Jeg erindrer godt disse fangene som to ganger per dag marsjerte forbi huset vårt til og fra arbeid. Det var et trist skue. Tynne, slitne og alvorlige menn i meget dårlig bekleddning, noe som vekket vår medfølelse. Beboerne i Thoning Owesens gate gjorde hva de kunne for å gi en hjelpende hånd i form av en liten matpakke eller et klesplagg (Furuset, 2008, s. 35).

Basert på denne skildringa verker det ikkje som desse fangane fekk betre forpleiing enn dei andre krigsfangane. Furuset (2008, s. 35) skriv også at fangane ved Blindeskulen levde under strengt vakthald, der fangebrakkene var innegjerda av eit omlag 4m høgt gjerde av kraftige tømmerstokkar, stålnetting og piggråd. Det er openbart at desse krigsfangane ikkje hadde den same fridommen som dei tyske soldatane, noko som kan indikere ein av to ting; enten var dei krigsfangar og ikkje ED fangar, eller så var ED fangane behandla dårlegare enn tidlegare anteke.

Krigsfangane i leiren skulle ha jobba med bygginga av ubåtbunkerane på Nyhamna, noko som det også vert hevda av Soleim (2004, s. 106). Han skriv at dei krigsfangane som var tildelte “*Kriegsmarinen*” i Trondheim, arbeidde blant anna med bygginga av ubåt-basen. Dette gjer at det er sannsynleg at krigsfangane som var stasjonerte ved Blindeskulen, arbeidde på Nyhamna.

Som nemnd tidlegare er det vanskeleg å fastslå når leiren vart oppført, men det allierte flyfotoet indikerer at det var etter 19.07.42, då det ikkje er bygd noko i det området Furuset (2008, s. 34) hevdar krigsfangeleiren stod på då fotoet er teke. Basert på dei tyske og allierte listene frå 1945, tyder det på at leiren stod fram til då, men det er ikkje funne verifikasjon

på dette. Med bakgrunn i usikkerheita rundt leiren vert den vanskeleg å plassere i Jasinski sin (2012) typologi, men basert på flyfotoet frå 1937 og lokalbefolkninga sine skildringar, vart leiren reist frå grunnen av. Med tanke på det høge talet på fangar, er den ein kandidat for kategori 1.

Kva skjedde med leiren, brakkene og andre strukturar etter krigen?

På same måte som referert av Torleif Eggen (intervju 27.02.12), fortel Harald Pedersen at også i Dalen vart lokalbefolkninga bedne på tilstellingar inne i leiren etter frigjeringa;

De hadde laget en liten utendørscene og vartet opp med eget sangkor og orkester med selvlagde strengeinstrumenter- og å synge, spille og danse, det kunne de, så det var en fryd så vel for øye som øret (Kjell Furuset, 2008, s. 36)

Pedersen skriv at brakkene som husa dei russiske krigsfangane, vart ståande ei stund etter frigjeringa. Kor lenge dette var, er usikkert, men i illustrasjonskartet frå august 1945 (sjå fig. 4.27), der det ser ut til at krigsfangeleiren ikkje er oppført. Dette kan indikere at den var revet før dette tidspunktet. Om det motsette er tilfelle, er det ikkje konsistent med resten av kartet, då det eksempelvis i Rotvolleiren er teikna inn brakker som er antekne å vere fangebrakkene. Det er heller ingen openbar grunn til at denne typen brakker ikkje skulle teiknast inn i det generelle kartet over tyske anlegg i byen, då det vart laga etter frigjeringa. Furuset (2008, s. 37) bekreftar at heile området vest for skulen vart seld til bustadformål, og i åra som følgde vart det sett opp ei rekke bustadar her som i dag utgjer Konsul Loreks gate 14 og Thoning Owesens gate 2-6. Mest sannsynleg vart også materialet frå brakkene ved Blindeskolen nytta til bygging av nye bustadar i Trondheim og var med på å fylle materialmangelen i byen etter krigen.

Lokaliteten i dag

Lokaliteten i dag er som Strindheim og Korsvika, fullt utbygd, noko som gjer at det ikkje er synlege spor etter krigsfangeleiren på overflata. Situasjonen er at området er lite endra på etter den første busetnaden etter krigen, noko som mogleggjer spor etter leiren mellom husa (sjå fig. 4.30). Øverland (samtale 16. 09. 11) hev-



Figur 4.30: Området der leiren ved Blindeskolen skulle ha stått, 23.11.2011, retning NØ.

dar at det ved bygging av barnehagen ved høgskulen, vart det funne restar som vitna om tysk aktivitet under krigen, men grunna manglande lovgiving er det sannsynleg at desse materielle spora ikkje er tekne vare på.

Eit anna eksempel på dette er referert av Harald Pedersen (Furuset, 2008, s. 36), som hevdar at då kjellaren under Thoning Owesens gate 10 vart graven ut etter krigen, fann ein leivningar etter to krigsfangar. Då desse vart overførte til kyrkjegarden på Ila, er dette mogleg å verifisere. Dette viser at det kan ligge fleire graver i nærleiken.

4.2.5 Andre krigsfangeleirar i Trondheim

I tillegg til dei krigsfangeleirane som er undersøkte i denne avhandlinga, finst det enno fleire udokumenterte leirar i undersøkingsområdet, men grunna det tidsmessige aspektet har ikkje desse vorte nærmare undersøkte. Dei ulike listene indikerer at det kan ha vore fangar ved Trolla, Nidarvoll, Persaunet, Eberg, Marienborg, Arsenal, Stenvik og Leangen. Samstundes er det element som tyder på at det har vore fleire leirar på Lade. Drontheim er også lista opp som både leir/område, og som nærmaste togstasjon på forskjellige lokalitetar i listene. Det sistnemnte treng ikkje å bety at leiren eller området er heilt i nærleiken av Trondheim, men berre at Trondheim var næraste knutepunkt til tog eller fly. Kva som vert meint med at leirar/område er lista opp som Drontheim, er usikkert. Det kan potensielt indikere ein leir ein eller annan stad innanfor bygrensa, eller at det var eit arbeidslag dedisert til Trondheim generelt. I så fall må desse fangane ha vore innkvarterte i ein av dei andre leirane, eller i midlertidige arrangement.

Eit anna viktig aspekt er leirar som verken er nemnd i forskingslitteraturen eller i dei allierte og tyske listene, men som lokalbefolkninga huskar. Eksempel på dette er ved Pineberget (Bratberg, 2008, s. 425, Hjelde, 19.03.12), Nidarosdomen (Tiller, 2004, s. 113), Byåsen (Ørnhøi, 2000, s. 96) og på Øya (Adresseavisen). Det kan vere fleire grunnar til at desse ikkje er oppførte i listene som vart laga ved krigens slutt, men først og fremst kan det tyde på at desse ikkje var i drift då listene vart laga, noko som understøtter inntrykket av at leirsituasjonen var dynamisk og endra seg fortløpande under heile krigen. Leirar vart etablerte, flytta og avvikla. Eksempel kan vere arbeidsleirar som vart oppretta for eit spesifikt prosjekt og avvikla når dette var over. I følgje Knutsen (2001, s. 44- 45) er dette med på å forklare avvika mellom talet på leirar ved frigjeringa, og det totale talet det vert anteke å ha vore i løpet av krigsperioden.

4.3 Øysand

I følgje Kock (1988, s. 132), Soleim (2004, s. 5 i databasen) og Lundemo (2010, s. 92) var det frå hausten 1942 til mai 1945 til ei kvar tid mellom 1500 og 1800 krigsfangar på Øysand. Desse deltok i bygginga av flyplass, skogsarbeid, lasting av sand på båtar til ubåtbunkeren i Trondheim eller anna betongarbeid i Sør- Trøndelag. På sikt skulle den nazistiske visjonen om ein germansk by, Neu Drontheim, realiserast på Øysand.

Fangane var generelt dårleg behandla og fekk lite mat, og dei vart tvinga til å jobbe hardt og lenge. Eit augevitne fortel (Brovold, 1996, s, 112);

Russerne ble satt til å hugge ved og tømmer over hele området fra Øyås og utover mot Buvika. Ovenfor oss hugg de tømmer som de kappet opp i tremetringer og satte 6 mann til å bære det ned til veien. Det var forferdelig tungt. ... Dette arbeidet skjedde under brøling fra tyskerne og slag med geværkolber mot kroppar som nesten ikke fikk mat, bare "bunkersuppe".

Gabriel Brovold (1996, s. 108) skriv at krigsfangane vart fordelte i ulike brakkeleirer då dei kom til området i 1942, noko som indikerer at det var fleire leirar på Øysand. Dette passar bra med lista til Stokke og dei allierte og tyske listene, der det er oppført 6 arbeidseiningar på Øysand, som må ha tilhøyrd ein eller fleire leirar i området. Desse er;

Arbeidsbataljon	Eining
Stalag 380	Flugplatz- Kommando med 5 russiske krigsfangar og 7./Ln. Regt.15 med 47 russiske krigsfangar
Kgf.Arb. Batl. 180	ei eining med 278 jugoslaviske krigsfangar, og ei med 1 jugoslavisk arzt. krigsfange
Kgf. Arb. Batal. 206	ei eining med 574 russiske krigsfangar, og ei med 252 jugoslaviske krigsfangar

Utfordringane med å lokalisere kor krigsfangane til dei respektive arbeidseiningane vart plasserte, er at alle er oppført under Øysand, utan vidare beskrivingar. Dette gjer at ein vert avhengig av ander kjelder for å kunne seie noko om leirsituasjonen i området.

Utsnittet frå det tyske kartet i figur 4.31 og flyfotoet frå 1956 i figur 4.32, som begge viser det aktuelle området på Øysand, vert svært viktige og sentrale kjelde for lokaliseringa av leirane. Begge karta viser bygningane som tyskarane reiste under krigen og korleis desse var nummerert. I eit tysk dokument datert 8. juni 1943 (sjå vedlegg B9) er kapasiteten i dei ulike leirane på dette tidspunktet greidd ut. Det kjem fram at Lager 1 (leir 1) og Lager 2 (leir 2) husa vaktmannskap og sivilarbeidarar frå ulike nasjonar, Lager 3 (leir 3) er oppført med 381 serbiske og 20 russiske arbeidarar, Lager 4 (Leir 4) med 700 russiske arbeidarar og




Figur 4.31: Krigsfangeleirane er markert i eit tysk oversiktskart (Melhus kommune).

Lager 6 (Leir 6) med 500 russiske arbeidarar. Ved Lager 5 (leir 5) og Lager 7 (leir 7) står det at leirane ikkje er ferdige, grunna uferdig kjøkken og manglande vatn, men at leir 5 skal vere klar til neste fangetransport. Dokumentet presiserer også kva leirar som er inngjerda. Leir 2 er ikkje inngjerda, medan leir 3 og 4 er. Det er vanskeleg å tyde om det er leir 5 eller 6 som også er inngjerda, då markeringa er dårleg plassert i det maskinskrivne dokumentet. Då leir 5 ikkje er ferdig, kan dette tyde på at det er leir 6 som er inngjerda. Desse opplysningane kan oppsummerast slik;

Leir / Lager	Nytte	Inngjerding
Lager 1	Vaktmannskap og sivilarbeidarar	Nei
Lager 2	Vaktmannskap og sivilarbeidarar	Nei
Lager 3	381 serbiske og 20 russiske krigsfangar	Ja
Lager 4	700 russiske arbeidarar	Ja
Lager 5	Uferdig leir	Nei
Lager 6	500 russiske arbeidarar	Ja
Lager 7	Uferdig leir	Nei

Det er interessant å sjå at tyskarane gjer eit poeng ut av kva leirar som skulle vere inngjerda, og kva for nokre som ikkje skulle vere det. Såleis er dette ein veldig god indikator på kor det var krigsfangar og kor det var sivilarbeidarar eller vaktmannskap. Basert på dette kan det difor tolkast at leir 3, 4 og 6 vart nytta som krigsfangeleirar. Det er også truleg at leir 5 var krigsfangeleir då det er notert at denne skal vere ferdig til neste fangetransport. Brovold (1996, s. 108) stadfestar denne påstanden. Han skriv at det var sovjetrussiske krigsfangar i leir 4, 5 og 6, medan leir 3 husa jugoslaviske krigsfangar.




Figur 4.32: Flyfoto over Øysand 1956, restane etter leirane er fotsatt synlege (Melhus kommune).

4.3.1 Lager 3/ Leir 3


Lokalisering

Det tyske kartet i figur 4.31 og flyfotoet frå 1956 i figur 4.32 viser denne leiren i nærleiken av Gaula, noko som er rett etter den første svingen ved dagens Øyvn/Øyvegen. Då det ikkje har vore flyfoto over Øysand frå før okkupasjonen tilgjengeleg, kan ein ikkje seie med sikkerheit korleis områda var. Det næraste ein kjem er det tyske kartet i figur 4.34 som er titulert “*Entwurf über Kriegsmarinens hamneanlegg ved Trondheim*” (utkast over krigsmarinens hamneanlegg ved Trondheim) (Brovold, 1996, s. 72-74), som blant anna viser dei norske gardane (svarte firkantane) på Øysand før dei tyske utbyggingane byrja (informasjon fått på e-post av Morten Moe, 06.05.12). I kartet er garden Markja merkt av. Ved å nytte denne som referansepunkt i figurane 4.31 og 4.32, kan det sannsynleggjerast at det ikkje var utbygging her før krigen. Ved å nytte dei ulike gardane og landskapet som referansepunkt, kan områda der leirane vart bygde evaluerast med bakgrunn i informasjonen frå det tyske kartet (sjå fig. 4.31) og flyfotoet frå 1956 (sjå fig. 4.32).



Figur 4.33: Brakkene i Lager 3, utsnitt av fig. 4.31.

I dag kan området leiren låg på lokaliserast ved hjelp av garden Udduvollen, der lokaliteten er der det i dag står eit stort reiskapshus. Dette ligg på vegen frå garden, og i retning Gaula.



Figur 4.34: Tysk kart over Øysand før utbyggingane. (Brovold, 1996, s. 72-74).

Øysand er eit av dei største flate områda i Trøndelagsfylka, med omlag ca. 3000 mål jordbruksareal (Brovold, 1996, s. 10), og tyskarane tok fritt av dette etter invasjonen (Brovold, 1996, s. 81). Området er godt egna til etablering av leirar då det passar forskrifta (Panikar, 2010, s. 154, Koch, 1988, s. 59), både med tanke på landskap, kommunikasjon og arbeidsaktivitet. Kartet over leirane (sjå fig. 4.31), viser at alle var plasserte i nærleiken av den viktige kommu-

nikasjonsåra riksveg 1 (i dag Øysandvegen), som knyt Øysand til Trondheim i nord, og Orkanger i sør. Kvifor leirane vart plasserte akkurat som dei vart, er ukjend, men det kan ha å gjere med praktiske omsyn med tanke på konstruksjon og kommunikasjon.

Leirform, historikk, nasjonalitet og tal på krigsfangar

I følgje Brovold (1996, s. 109) kom det i april 1943 jugoslaviske krigsfangar til Øysand. Dette stemmer overeins med det tyske dokumentet frå 8.juni 1943 (sjå vedlegg B9), som viser ei større gruppe plassert i leir 3. Basert på Central Zone lista og Stokkes liste vart jugoslavane plassert i ein av to arbeidseiningar, enten Kgf. Arb. Batl. 180 eller Kgf. Arb. Batl. 206, då begge desse bataljonane skal ha hatt jugoslaviske krigsfangar på Øysand. Batl. 180 er oppført med 278 jugoslaviske krigsfangar, medan Batl. 206 er oppført med 252 jugoslaviske krigsfangar. Då desse tala er frå 1945, og leir 3 er ført opp med 381 jugoslaviske fangar i 1943, er det vanskeleg å konkludere med kva bataljon som vart plassert i leir 3 i 1943. Det er mogleg at bataljonane var delte over fleire leirar, sjølv om dette verkar noko upraktisk. Då OT hadde kontrollen med dei nemnde arbeidsbataljonane, stemmer dette bra overeins med at Brovold (1996, s. 44) hevdar at OT tok over alle arbeidsoppgåvene på Øysand. Dokumentet frå 1943 viser at det også var plasserte sovjetiske krigsfangar i leir 3, om ikkje anna enn for ei periode då det er notert at det var 20 russiske krigsfangar her pr. 8. juni dette året. Basert på Central Zone-lista kan desse ha vore ein del av arbeidseiningane Flugplatz- Kommando eller 7./Ln. Regt.15, men då dette er referansar frå 1945, vert dette berre spekulasjonar.

Øysandkomiteen fekk i mars 1995 ein telefaks frå Miladin Zajic. I telefaksen er opplyst at leir 3 vart oppretta i april 1942, og at dette var ein sjukeleir for utmattande jugoslaviske

fangar som vart overførte frå andre fangeleirar i Nord- og Midt- Noreg (Brovold, 1996, s. 119). Dette kan stemme med at det kom jugoslaviske krigsfangar til Øysand i 1943, men det gjev eit relativt stort gap i tid som ikkje har noko historie knytt til seg. Samanliknast desse kjeldene med opplysningane i “*Venskapets Røtter*” (Jovanovic, 1995, s. 79), der det er hevda at sjukeleiren på Øysand vart grunnlagt den 15. mars 1943, ser ein at kjeldene spriker. Dette gjer det vanskeleg å konkludere med når leiren vart satt i drift, men ein veit at den var operativ utover i 1943. Samstundes verkar det sannsynleg at leiren husa hovudsakleg sjuke jugoslaviske krigsfangar som tilhøyra Organisasjon Todt, sjølv om det er hevda at friske fangar av og til jobba utanfor leiren. Då dei nemnde arbeidsbataljonane er oppført i Central Zone lista, og at det er hevda av Jovanovic (1995, s. 79), er det nærliggande å tru at leiren var i drift fram til frigjeringa.

Skissa av leiren i figur 4.31 (sjå vedlegg B4) viser 8 brakkar, med forklaringane; brakke nr. 24 er “*entlaus*”, mogleg avlusningsbrakke, nr. 25-27 er bustadbrakkar, og nr. 28 økonomibrakke/arbeidsbrakke, nr. 29 vaskebrakke, nr. 30 toalett og nr. 31 skur. Sidan leiren var bygd frå grunnen av, var inngjerda av piggråd, og har forskjellige typar brakker, fell den innanfor kategori 1 i Jasinski sin (2012) typologi.

Kva skjedde med leiren, brakkene og andre strukturar etter krigen?

Gabriel Brovolds bok viser fleire bilete av jugoslaviske krigsfangar etter krigen (sjå fig. 4.35). Desse bileta er gode eksempel på at leirane på Øysand stod ei stund etter frigjeringa, og biletet som er teke i månadsskifte juli-august under avskjedsfesten til krigsfangane, vitnar om at fangane var her over sommaren 1945.



Figur 4.35: Jugoslaviske krigsfangar under avskjedsfesten i månadskiftet juli-august 1945 (Brovold, 1996, s. 136).

I dette studiet er det ikkje funne kjelder som fortel nøyaktig kva som skjedde med brakkene i leir 3 etter krigsfangane reiste, men sidan dette var ein sjukeleir, er det ikkje sikkert at materialet frå brakkene vart nytta til andre byggingar. Dette kan grunnast med at lokalbefolkninga var svært redde for epidemiar, og at det ikkje var like stor mangel på bustadar som i Trondheim. Eit alternativ moglegheit er at materialet frå leiren kan ha blitt transportert til Trondheim.



Figur 4.36: Området for Lager 3 i 1964. Foto: Morten Moe.

Biletet teke i 1956 (sjå fig 4.32) viser at berre grunnmurane står igjen. Det same gjeld for biletet i figur 4.36, teke i 1964. I begge bileta ser ein tydelege strukturar som vitnar om brakkene og leiren som heilheit. Frå desse kan det konkluderast med at områda har vore unytta i 20 år etter krigen, sjølv om dei omliggande områda vart nytta til jordbruk.

Lokaliteten i dag

Flyfotoet (sjå fig. 4.37) som er teke over lokaliteten i dag, viser eit stort reiskapshus der leir 3 stod. I følgje Morten Moe (samtale 27.03.12), som er oppvaksen på Øysand etter krigen, hørde ikkje dette til den tidlegare leiren, noko som kan verifiserast gjennom biletet (sjå fig. 4.36) tatt i 1964.

Overflateregistreringane gjorde i mars 2012 viste at alle dei synlege restane som var tilstade på bilete frå 1964 er borte (sjå fig. 4.36). Moe (samtale 27.03.12) fortel at restane var fjerna for omlag 20-30 år sidan, og at det einaste som på overflata indikerer at det ein gong stod ein leir her, er to brønner (sjå fig. 4.38). Om restane som stod i 1964 enno var intakt, kunne desse definitivt ha avgjort den nøyaktige storleiken og plasseringa til brakkene og leiren. I tillegg hadde det sannsynlegvis vore mogleg å avdekke materielle spor som kunne fortalt meir om krigsfangane sitt liv i leiren. Det at gode kart og beskrivingar av funksjonane til dei ulike brakkene i leiren finst, kunne desse ha vorte verifisert gjennom undersøkingar av dei ulike restane og områda som var antekne å høyre til desse.



Figur 4.37: Området der leir 3 låg er merka i flyfoto frå moderne tid (kart.finn.no).



Figur 4.38: Brønn nr. 2 i leir 3. Retning N.

kan det finnast stolpespor, slik som Ragnar Vennatrø (sjå kap. 3.2.1) fann under ei arkeologisk påvisingsundersøking på Øysand hausten 2000. Overflateregistreringa på Rotvoll viste også at gjenstandar og strukturar kan verte bevarte sjølv om det øvste jordlaget vert nytta til jordbruk.


4.3.2 Lager 4/Leir 4 og Lager 5/Leir 5

Det vert unaturleg å skilje leir 4 og 5 då desse ligg i umiddelbar geografisk nærleik av kvarandre og er av same utforming og funksjon. Difor vert den påfølgjande analysa gjort samla.


Lokalisering

Det tyske kartet i figur 4.39 og flyfotoet frå 1956 i figur 4.32 viser tydeleg at Lager 4 (leir 4) og Lager 5 (leir 5) ligg svært nært kvarandre sør for leir 3 og nord for riksvegen (i dag Øysandvegen). Studerer ein krigsmarinkartet (sjå fig. 4.34) er leirane plasserte på det ubygde området mellom gardane Udduvollen og Noisomhet (Nøysomhet), noko som viser at området sannsynlegvis ikkje var utbygd før kriggen. Ved å samanlikne desse karta, og nytte dei eksisterande gardane som referansepunkt, kan leirane plasserast i terrenget. Denne lokaliseringa kan vidare bekreftast av eit britisk etterrettingsfoto som viser leirane og vegane på Øysand tydeleg.

Området i dag er ikkje fullstendig utbygd (sjå fig. 4.37), noko som kan bety at det enno ligg igjen spor og strukturer under jordoverflata. Kor mykje dette er, kjem veldig an på korleis restane av grunnmurane og liknande vart fjerna, og kva type jordbruksdrift det har vore i ettertida. Sannsynlegvis er det øvste jordlaget omvelta fleire gongar i etterkrigstida, noko som kan ha vore øydeleggande for strukturane. Likevel



Figur 4.39: Brakkene i Lager 4 og 5, utsnitt av fig. 4.31.



Figur 4.40: Britisk etterretningsfoto av Øysand 07.07.1944.

Fotoet er teke 7.juli 1944 (sjå fig. 4.40). Naturleg nok er landskapet leirane ligg i, meir eller mindre identisk med forholda til leir 3. Dei ligg også veldig nær flyplassen og er antekne å vere ein viktig arbeidsplass for fangane. Som tidlegare nemnd, er dette landskapet godt egna for brakkeleirar (Panikar, 2010, s. 154, Koch, 1988, s. 59).

Leirform, historikk, nasjonalitet og tal på krigsfangar

Det tyske dokumentet datert 8. juni 1943 (sjå vedlegg B9), stadfestar at det var 700 russiske arbeidarar i leir 4 på dette tidspunktet, og sidan det er spesifisert at denne leiren var inngjerda, er det naturleg å anta at desse var krigsfangar. Dette vert også hevda av Brovold (1996, s. 108), som skriv at det var plasserte sovjetrussiske krigsfangar i leir nummer 4. Det tyske dokumentet opplyser som sagt at leir 5 ikkje er ferdig utbygd, men at leiren skulle vere klar til neste fangetransport. Brovold (1996, s. 108) hevdar at det allereie kom sovjetiske krigsfangar til leir 5 i 1942. Ei mogleg, men ikkje veldig sannsynleg forklaring på spriket i kjeldene, er at krigsfangane vart plasserte i leiren før den var ferdig, men då det tyske dokumentet, som er ei førstehandskjelde, framhevar at leiren skal vere ferdig til neste transport, tyder dette på at Brovold sitt årstal er feil, og at den ikkje kom i bruk før i 1943. Då Brovold ikkje refererer til kjelda som hevdar at leiren kom i drift i 1942, er det ingen måte ein kan analysere sanningsgrunnlaget i denne. Dette er eit godt eksempel på at lokalhistoriske kjelder må handsamast med varsemnd.

Som tidlegare nemnd er det vanskeleg å avdekkje kva arbeidseiningar som hørde til dei ulike leirane, då desse berre er referert som Øysand i dei ulike listene. For å belyse dette, må ein forsøke å sjå samanhengar mellom dei forskjellige listene og dokumenta som er framskaffa. Det tyske dokumentet opplyser at det var 700 russiske krigsfangar i leir 4 i 1943, medan Central Zone-lista og Stokke si liste opplyser at det er ei arbeidseining på Øysand som er oppført med sovjetiske krigsfangar. Dette er Kgf. Arb. Batal. 206 som er oppført med 574 sovjetiske krigsfangar. Det at talet på fangar spriker, kan komme av at det siste talet er henta frå 1. april 1945, to år etter det første. Med bakgrunn i dette vert det nærliggande å anta at leir 4 hadde eit større tal på sovjetiske krigsfangar som hørde

til Kgf. Arb. Batal. 206, men ein skal også vere klar over at det kan vere mogeleg at dette ikkje stemmer, då krigsfangeleirsituasjonen endra seg i løpet av krigen, noko som kan ha ført til ukjende omplasseringar av fangane, både i leirar og arbeidsbataljonar.

Brovold (1996, s. 108) hevdar som nemnd at det også skulle ha vore sovjetiske krigsfangar i leir 5, men då det tyske dokumentet ikkje har oppført nasjonalitet på fangane som var tiltenkt denne leiren, er det vanskeleg å stadfeste dette. I Stalag 380 lista er det oppført ytterligare ei arbeidseining til med sovjetiske krigsfangar; Flugplatz- Kommando med 5 russiske krigsfangar og 7./Ln. Regt.15 med 47 russiske krigsfangar. I eit tysk dokument, datert 11. mars 1944 (sjå vedlegg B10), er det stadfesta at Kommando Flughafenbereich kan nytte leir 5 til sine krigsfangar, då det var ledig kapasitet her. Difor er det rimeleg å anta at det har vore sovjetiske borgarar i leiren etter 1944. Då dette er eit relativt lite tal fangar, og seint i krigen, er det sannsynleg at leiren også husa fangar frå enten Kgf. Arb. Batal. 206, Kgf. Arb. Batal. 180, eller ei anna arbeidseining.

Det er vanskeleg å seie eksakt kva arbeidseiningar som tilhørde dei to leirane, på same måte som det er vanskeleg å verifisere nøyaktig kva nasjonalitet som var i leirene og kor mange krigsfangar dei husa. Kjeldene peiker mot at det har vore mellom 500 og 700 sovjetiske krigsfangar i leir 4, og mykje tydar på at leiren var underlagt OT. For leir 5 er situasjonen enda meir diffus. Med bakgrunn i det Brovold (1996, s. 108) skriv, og det tyske dokumentet frå mars 1944, er det sannsynleg at det var sovjetiske krigsfangar her.



Figur 4.41: Bilete av krigsfangar etter krigen. Arbeidsbrakkra frå leir 5 kan sjåast i bakgrunnen.

Med utgangspunkt i dei tilgjengelege kjeldene, er det mogleg å fastslå at leir 4 var i drift allereie i 1942, medan leir 5 ikkje vart operasjonell før etter 8.juni 1943. Det er også mogleg å anta at leirane var i drift fram til frigjeringa då dei indirekte vert nemnde gjennom arbeidsbataljonane i dei ulike listene. Dette vert understøtta av eit bilete av krigsfangar som er teke ved leir 5 (sjå fig. 4.41) den 7.7.1945. I bakgrunnen på fotoet visast ei lang kvit bygning som sannsynlegvis er brakke 40 (sjå fig. 4.39) som var ei økonomi/arbeidsbrakke. Biletet viser også at leir 5 var inngjerda. Kartet i figur 4.31

(sjå vedlegg B4) gjev vidare beskrivingar av dei andre brakkene i leiren; der brakke nr. 38 og 39 er bustadbrakker, nr. 41 vakebrakke, nr. 42 toalett og nr. 43 skur.



Figur 4.42: Området der leir 4 og 5 låg, pr. 27.03.2012. Retning V.

For leir 4 gjev figur 4.31 beskrivingane; nr. 32 og 33 er bustadbrakke, nr. 34 økonomibrakke/arbeidsbrakke, nr. 35 vakebrakke, nr. 36 toalett og nr. 27 skur. Sidan leirane var bygde frå grunnen av, var inngjerda av piggtråd og har forskjellige typar brakker, fell dei innanfor kategori 1 i Jasinski sin (2012) typologi.

Kva skjedde med leiren, brakkene og andre strukturar etter krigen?

Som ved leir 3, er det er ikkje funne kjelder som seier kva som skjedde med brakkene og det materielle i leir 4 og leir 5 etter krigen, men basert på biletet i figur 4.32, tatt i 1956, er det nærliggande å tru at leirane vart ståande i ei periode etter frigjeringa. Fotoet viser at leir 4 er riven, medan leir 5 enno står delvis. Biletet viser at den kvite arbeidsbrakka i figur 4.41 står, medan brakke nr. 35 og 38 er riven. Dette kan tyde på at også leir 5 er under riving då biletet er teke.



Figur 4.43: Restane etter leir 4 og 5 i 1964.

Foto: Morten Moe.

Sjølv om ikkje heile området til leir 5 er synleg i biletet frå 1964 (sjå fig. 4.43), tyder det på at bygningane i begge leirane no er rivne. Det einaste som står igjen på områda, er grunnmurane.

Kva som skjedde ytterlegare med det materielle i leirane, er usikkert, men det kan vere nærliggande å tru at det leid same skjebne som restane etter leir 3.



(a) Brønn i leir 4, pr. 27.02.2012. Retning NØ.



(b) Sementrestar på overflata i leir 5. Retning NØ.

Figur 4.44: Synleg materiell kultur frå leir 4 og 5 pr. 27.03.2012.

Lokaliteten i dag


I dag er ikkje området utbygd, og på same måte som i leir 3, kan det vere mogleg å finne strukturane etter leirane under jorda, men overflateregistreringane i mars 2012 viste at det var få synlege spor igjen (sjå fig. 4.42). Den attverande synlege strukturen var ein brønn som hørde til leir 4 (sjå fig. 4.44a), og enkelte sementrestar var synlege på overflata (sjå fig. 4.44b). Utanom dette var det lite som vitna om leiraktiviteten i området. Heller ikkje vegane som gjekk frå riksveg 1 og til leirane, er synlege i dag.

Grunnmurane til leirane stod fram til 1980-talet, men som ved leir 3, var det ønskje om å nytte områda til dyrking som gjorde at restane vart fjerna (samtale med Morten Moe 27.03.12). Dette gjer at ein, i likskap med leir 3, har mista mogeleg kunnskap om leirane sin struktur, brakkene sin storleik og det generelle livet til krigsfangane i leir 4 og 5. Det kan enno vere strukturar igjen under jordoverflata som diskutert ved leir 3. Då ein har gode kart og bilete frå leirane, kan desse vere nyttige i tolkingsarbeidet av eventuelle funn.

4.3.3 Lager 6 / Leir 6

Lokalisering


I det tyske kartet i figur 4.31, ser ein Lager 6 (leir 6) vest for garden som i Krigsmarinekartet er namngitt Noisomhet. Dette er Gafseths gård, som også går under namnet Nøysomhet. Garden er eit handfast referansepunkt som forenkler den nærare lokaliseringa av leir 6. Analyse av Krigsmarinekartet (sjå fig. 4.34) mot kartet i figur 4.31 indikerer at det har vore konstruert ein ny veg som gikk gjennom leir 6, og som enda finst i dag. Det britiske etterretningsbiletet frå 7. juli 1944 (sjå fig. 4.40) verifiserer at denne eksisterte under krigen og faktisk gjekk gjennom leiren. Biletet teke i 1956 (sjå fig. 4.32) viser også leir 6 og gir eit inntrykk av kor nær denne låg Gafseths gård. Basert på dette kjeldemateriale kan leir 6 lokaliserast med relativt høg nøyaktigheit.



Figur 4.45: Brakkene i Lager 6, utsnitt av fig. 4.31.

Kjeldene indikerer og Moe (e-post 06.05.12) stadfestar at området leiren låg på, ikkje var utbygd før krigen. Landskapet er, som for dei andre leirane på Øysand, ideelt for utbygging (Panikar, 2010, s. 154, Koch, 1988, s. 59), og det vart ikkje nytta eksisterande bygg i leiren. Den einaste forskjellen frå dei andre er at denne leiren var plassert noko nærare lokalbefolkninga. Årsaka til dette er ukjent, men nærleiken til riksveg 1 kan kanskje vere ein av grunnane.

Leirform, historikk, nasjonalitet og tal på krigsfangar



Figur 4.46: Sovjetiske krigsfangar i leir 6, tidleg i juli 1943. Foto: Michael Stokke.

I dokumentet datert 8. juni 1943 er leir 6 oppført med 500 russiske arbeidarar, og som nemnt tidlegare, er det vanskeleg å avgjere om merknaden om inngjerding er mynta på leir 5 eller 6. Det er to aspekt som gjer den sistnemnte sannsynleg; leir 5 var ifølge dokumentet ikkje operativ og at Brovold (1996, s. 108) hevdar at sovjetrussiske krigsfangar var plasserte i leiren allereie i 1942, noko som intuitivt tilseier at den var inngjerda.

Michael Stokke (e-post 04.03.12) hevdar at eit tysk bilete (sjå fig. 4.46) viser sovjetiske krigsfangar frå leir 6 i juli 1943. Det må nemnast at det både er usikkert om biletet er frå leir 6, og om det er sovjetiske fangar som er fotograferte, men gitt at dette stemmer, bygg det opp under hypotesen om at leiren husa sovjetiske krigsfangar. Ei augnevitneskildring frå 1944 støttar vidare opp under hypotesen;

Jeg husker julekvelden 1944. Russerne i leiren bak fjøset på Nøysomhet (Gafseths gård) (leir 6) hadde satt opp et grantre midt i tunet og gikk rundt det og sang... Ennå hører jeg subbingen av føtter påsurret papir og sekkestrie. Nesten ingen hadde sko (Brovold, 1996, s. 112).


Basert på den tidsmessige variasjonen i kjeldematerialet og den solide konstruksjonen av bygningane i leirane, er det rimeleg å anta at leir 6 var av stabil karakter frå opprettinga til krigen slutta, og at den husa 200-500 sovjetiske krigsfangar.

Gjennomgangen av leirane og arbeidseiningane på Øysand viser at det er vanskeleg å seie nøyaktig korleis fangane i dei forskjellige bataljonane var distribuerte i dei ulike leirane. Central Zone-lista og Stokkes liste inneheld berre ei arbeidseining med sovjetiske krigsfangar oppført på Øysand; Kgf. Arb. Batal. 206 med 574 russiske krigsfangar. Som nemnt tidlegare kan det ikkje stadfestast korleis denne bataljonen har vore fordelt i leirane. Den kan ha vore i leir 4, 5 eller 6, eller i alle, då Brovold hevdar at berre leir 3 husa jugoslavar. Det er ikkje kome fram kjeldemateriale som vidare kan belyse dette. Dei refererte tala på fangar stemmer heller ikkje, men dette kan komme av at situasjonen endra seg i løpet av krigen.

Det tyske kartet i figur 4.31 (sjå vedlegg B4) viser plasseringa av brakkene i leiren, der nr. 46 og 47 var bustadbrakkar, nr. 48 økonomibrakke/arbeidsbrakke, nr. 49 vaskebrakke, nr. 50 toalett og nr. 51 skur. Oversikta viser vidare at alle fangeleirane på Øysand inneheldt den same type brakker, utanom leir 3, som også har ei “*entlaus*”-brakke og ei ekstra bustadbrakke. Dette kan indikere fleire ting, men det er rimeleg å anta at leirane i hovudsak var uavhengige av kvarandre, forutan i spesielle sanitære tilfelle, og at leir 3 kan ha husa fleire fangar. Det er også interessant å sjå korleis bygningane i leirane er organiserte, då desse kan gi inntrykk av å vere strukturerte som ein gard. Dette kan ha vore for å gjere det vanskeleg å identifisere for allierte spionfly, noko som i fall vil seie at tyskarane utnytta både landskapet og den lokale kulturen for å blende inn strukturar som dei ønskte å halde hemmelege. Det må også påpeikast at dette er spekulasjonar. Som for dei andre krigsfangeleirane på Øysand fell denne leiren inn under kategori 1 i Jasinski sin (2012) typologi.

Kva skjedde med leiren, brakkene og andre strukturar etter krigen?

Som ved dei andre leirane har det heller ikkje her vorte funne kjelder som kan seie nøyaktig kva som skjedde med brakkene etter krigen. I biletet teke av leiren i 1956 (sjå fig. 4.47), ser ein at alle brakkene står enda, og her kan ein sjå kor nært leiren låg i forhold til Gafseths gård. I biletet kan ein også sjå befalsleiren til tyskarane heilt opp til høgre i biletet. I tillegg ser ein leir 7 som står litt til venstre for



Figur 4.47: Foto av leir 6 i 1956. Leir 6 er innringa. Foto: Morten Moe.

befalsleiren som var ein sanitetsleir. Det at leiren enda ikkje er riven i 1956, tyder på at folket på Øysand ikkje var like opptekne av å fjerne brakkane som folk i Trondheim. Mykje av grunnen til dette har nok med bustadmangelen der å gjere, og at ein ikkje hadde det same behovet for materiale på Øysand. Det kan også vere mogeleg at leiren vart nytta til andre føremål etter krigen i staden for å nytte materialet.



Figur 4.48: Bilete av Grafsets gård 1964. Leir 6 er no riven. Foto: Morten Moe.

I eit biletet tatt av leirområdet (sjå fig. 4.48) og Gafseths gård i 1964, ser ein no at brakkene som stod mellom garden og vegen som vart oppretta under krigen, er fjerna. Området der leiren låg er merka i fotoet. I motsetning til leir 3, 4 og 5 ser ein også at grunnmurane er tekne vekk i 1964, og er no eit åkerlandskap. Dette tyder på at brakke- ne ikkje vart nytta særleg lenge. I biletet kan ein også sjå at leir 7 er riven, men at ein av hangarane som tyskarane bygde, enno stod i 1964.


Lokaliteten i dag og bevaringsstatus

Under overflateregistreringane gjort i mars 2012, var det ingen materielle spor å oppdrive på området mellom Gafseths gården og vegen. Men økonomibrakka/arbeidsbrakka som stod på andre sidan av vegen, står der enda i dag (sjå fig. 4.49). I følgje Morten Moe (samtale



Figur 4.49: Området leir 6 låg på pr. 27.03.2012. Retning NØ.

27.03.12) var ikkje denne brakka ein del av leiren, og studerer ein bilete (sjå fig. 4.50), truleg teke under krigen, kan dette stemme. For her kan ein skimte eit gjerde som skil arbeidsbrakka frå resten av leiren. Likevel er det ikkje usannsynleg at arbeidsbrakka vart nytta av krigsfangane, og som gjer den ein del av leir 6. I biletet ser ein også andre brakker i leiren, der brakkene til høgre for arbeidsbrakka er vaskebrakke og skur. I tillegg ser ein delar av den eine bustadbrakka og den tyske hangaren som framleis står (sjå fig. 4.50).



Figur 4.50: Bilete av leir 6. Truleg teke under krigen. Foto: Morten Moe.

Arbeidsbrakka fungerer i dag som reiskapsbrakke, og er den einaste brakka som står igjen frå krigsfangleirane på Øysand. Dette gjer at det er noko som er teke vare på av leir 6. Sidan brakka står enno, kan den vere med på å angi storleiken til dei andre arbeidsbrakkene i leir 3, 4 og 5. I tillegg er det mogeleg å oppspore materielle restar frå krigsfangeleiren under jordoverflata mellom vegen og Gafseths gård, sidan området ikkje har vore utbygd etter krigen, og heller ikkje er det i dag. Desse restane kan vere med på å gi ein større kunnskap om leir 6, og ved å nytte bileta og karta over området, kan dei vere med på å tolke restane ein mogeleg kan finne.

Men ein må ta i betraktning at jorda også her har vore omrota, grunna åkeraktiviteten på lokaliteten etter krigen.

4.3.4 Andre materielle spor

På Øysand er det i dag få synlege spor att etter krigsfangeleirane frå andre verdskrigen. Det som er lokalisert, er nokre få sementrestar, brønnane i leir 3 og 4 og arbeidsbrakka i leir 6. Andre leivningar er ikkje lokaliserte på leirområda, og ein har heller ikkje tilgang til kjelder med nøyaktige opplysingar om kvar materiellet i kvar enkelt leir tok vegen. Men beveger



(a) Brønn. Funnen ved Gaula. Retning S.



(b) Piggtråd. Funnen ved Gaula. Retning NV.



(c) Betongbitar. Funne ved fjorden. Retning SØ.

Figur 4.51: Materieell kultur funnen utanfor leiområda 27.03.2012.

ein seg bort frå lokalitetane, langs elvebredda, fjorden og i hagar, kan ein finne restar frå leirane som kan indikera det som kan ha skjedd i etterkrigstida.


Under registreringane gjort i mars 2012 vart det lokalisert drikkefontener (sjå fig. 4.52), brønnar (sjå fig. 4.51a), gjerde (sjå fig. 4.51b) og grunnmurar (sjå fig. 4.51c). Desse har vorte flytta for å ikkje ligge i vegen for bøndene. Mykja av funnmaterialet er enno i relativt god stand og kan gi kunnskap om dimensjoner og byggematerialet, men fjerninga frå opphavleg kontekst har øydelagt mykje av den historiske verdien. Det er vanskeleg å avgjere kva leir dei hørte til, plassering i leiren, eller korleis bygningane var konstruerte osv. Ein kan heller ikkje ved hjelp av kart eller biletet seie noko om dei. Drikkefontenene og gjerda er også fjerna frå plassane sine i leirane og kan ikkje lenger bidra til vesentleg kunnskap om livet krigsfangane førte. Funna representerer likevel ei historie om handsaming av den materielle kulturen i etterkrigstida, og om eit ønskje om å gløyme (Knutson, 2001, s. 27, Beck, et.al., 2002, s. 6). Samtidig er dette eit godt døme på at slike kulturminne ikkje har automatisk vern innan kulturminneforvaltninga. Dette har ført til at mykje av kunnskapen om krigsfangeleirane og krigsfangane på Øysand er tapt. Dersom styresmaktene tidlegare hadde vurdert dette utifrå ein bevaringsståstad, kunne restane etter krigsfangeleirane gitt oss kunnskap som i dag ikkje finst i kjende skriftlege kjelder.



Figur 4.52: Drikkefontene som sannsynlegvis hørte til ein av leirane.



Figur 4.53: Området for avfallshola pr. 27.02.2012. Retning VØ.



(a) Tysk kart over Øysand. Avfallshola er merka.



(b) Avfallshola medan den enda var open. Foto: Morten Moe.

Figur 4.54: Avfallshola på Øysand.

Øysand er også spesielt fordi mykje av den materielle kulturen frå andre verdskrig vart dumpa i ei stor hole, mellom 20-30m brei og opptil 100m lang. HOLA er oppteikna (sjå fig. 4.54a) i eit tysk kart, der den vert vist i forhold til dei tyske leirane. Den vart brukt som lokalt avfallsdeponi både under og etter krigen, og her ligg restar av bilar, grunnmurar og mykje anna materiale. Eit bilete (sjå fig. 4.54b) viser korleis hola såg ut. I følgje Morten Moe (samtale 27.03.12) er det ikkje meir enn 10- 20 år sidan den vart fylt igjen. På området i dag (sjå fig. 4.53) er det ikkje noko teikn til hola, men likevel skal dei materielle spora frå andre verdskrig enno ligge under jordoverflata, og desse kan auke kunnskapen om både krigen, krigsfangeleirane og krigsfangane på Øysand. HOLA symboliserer også handsaminga av den materielle kulturen etter krigen, eit ønskje om å grave ned vonde minner, i håp om kanskje å gløyme.

Kapittel 5

Potensiell kunnskapsvinning ved bruk av arkeologi i Trondheim og Øysand

Kunnskapen om historia til krigsfangane og krigsfangeleirane i Noreg er hovudsakleg henta frå tyske arkiv og lokallhistoriske forteljingar. Men i kaoset etter frigjeringa brende tyskarane mykje skriftleg dokumentasjon mellom anna fangekort (Soleim, 2004, s. 350, Lundemo, 2010, s. 16- 17). Ein manglar difor mykje grunnkjeldemateriale om kvar einskild leir (Kock, 1998, s. 4, Abraham, 1999, s. 35). Manglande tilgang til skriftlege kjelder og at krigsgenerasjonen døyr ut, medfører ein manglande førstehandskunnskap om fangane og leirane. I tillegg viser dei skrivne kjeldene hovudsakleg dei offentlege sidene, og ikkje kvardagslivet eller korleis nazistane behandla krigsfangane (Theune, 2010, s 1).

Kulturminna diskutert i denne avhandlinga er ikkje automatisk freda av kulturminnelova, men bevaring og dokumentasjon er opptil kvar enkelt fylkeskommune. Difor har desse ikkje hatt like stort fokus som dei automatisk freda kulturminna. Av denne grunn er dei materielle spora av svært varierende kvalitet. Likevel kan arkeologien gjennom forskjellige metodar og teknikkar kaste lys over ukjente sider rundt krigsfangeleirane si historie og dermed auke kunnskapen om desse. Materielle spor kan difor vere viktige bidrag til kunnskap om tema, noko resultata av undersøkingane utført gjennom forskingsprosjekta Painful Heritage og Ruin Memory viser.

Som nemnt tidlegare (sjå kap. 3.2) er utryddingsleiren Belzec i Polen også eit eksempel på gevinsten av arkeologiske undersøkingar. Her reiv nazistane leiren og fjerna synlege spor på overflata før den Raude armé kom i desember 1943. Det finst ikkje skriftlege kjelder eller ei einaste planoversikt over denne av leiren (Theune, 2010, s. 3, jamfør Kola 2000). Difor vart det gjennomført arkeologiske utgravingar for stadfesting av leiren sin eksistens. Undersøkingane avdekte både borehol, graver og bygningsrestar og medverka til dokumentasjon av både leiren og livet i den (Theune, 2010, s. 4, jamfør Kola

2000). Arkeologien vart difor einaste kjelda til stadfesting av tilhøva. Minna om konsentrasjonsleiren vart på denne måten kalla attende til den kollektive hukommelsen. Eit anna eksempel er utgravingane i Sachsenhausen ca. 35 km nord for Berlin. Området skulle byggast om til museum, men før dette vart det utført geofysiske- og arkeologiske undersøkingar. Den geofysiske undersøkinga avdekte ei stor søppelgrop som viste seg å innehalde 5556,3 kg samla funnmengde av konstruksjonsrestar, klede, toalettsaker, hushaldnings- og militæreffektar, myntar og anna. Restane representerte ei ukjend historie om fangelivet i Sachsenhausen, unemnt i dei skriftlege kjeldene. Det vart også funne eit hjarte av tre (sjå fig. 5.1), eit symbol på skjebna til fangane (Theune, 2010,5- 6).



Figur 5.1: Eit hjarte i tre, laga av ein krigsfange.

Trondheim

Undersøkingseksempla viser potencialet arkeologien har for kunnskapsauking. Gjennomgangen av leirane i Trondheim viser at det i dag berre er att eit av fire område, Rotvoll, med synlege materielle spor. Området har ikkje busetjing, og det har stort sett vore nytta som beiteareal etter 1945. Det er difor rimeleg å tru at det framleis ligg restar frå fangeleirtida her på sin opphavlege plass.

Lokaliteten på Rotvoll eignar den seg for vidare arkeologiske undersøkingar. Til tross for at det framleis kan eksistere skriftlege kjelder, kart og bilete som ikkje har vorte lokalisert i denne oppgåva, kan arkeologiske undersøkingar utvide kunnskapen om brakkeplassering, storleik og bruk. I tillegg vil ein truleg finne materielle spor etter fangelivet i Rotvolleiren. Eksempelvis kan det finnast materielle restar og spor som aukar kunnskapen om nasjonalitet, eller reiskap som seier noko om arbeidet fangane utførte. I tillegg til andre leivningar som, toalettsaker, hushaldnings- og militæreffektar osv., er alt kjelder til kunnskap om livet i leiren, på same måte som i eksempelet nemnt ovanfor. Då kjeldene spriker når det gjeld oppføring av leiren, kan ein gjennom arkeologiske undersøkingar av den materielle kulturen få ei meir nøyaktig datering, for krigsfangane rissa ofte inn årstal og dato på gjenstandar dei laga (Theune, 2010, s. 8).

Arkeologisk materiale kan også vere med på å bekrefte eller avkrefte påstandar eller utsegn i tidlegare litteratur, og bidra til forståing og tolking av desse tekstane (Little, 1996, s. 50, Andrén, 1997, s. 122). Også lokalhistoriske tekstar og forteljingar kan tenkjast verifisert eller avsanna gjennom denne typen materiell dokumentasjon. I motsetnad til forhistorisk arkeologi har samtidsarkeologien fordelene av at det framleis kan vere attlevande som opplevde

hendingane, i dette tilfelle krigen. Desse kan medverke til tyding av materialet. Samtidig kan tekstar, bilete og kart vere med å tyde den materielle kulturen, eksempelvis ei auka forståing gjennom kombinasjon av ulike informasjonskjelder over Rotvoll. Det er viktig å hugse at materiell kultur, skriftlege kjelder og andre menneskelege uttrykk ikkje har eksistert frå kvarandre (Andrén, 1997, s. 154), og gjennom samla kjeldestudium får ein også ein djupare forståing av dei ulike objekta, ikkje berre den praktiske bruken (Hodder & Hutson, 2003, s 158).

Utfordringa med leiren på Rotvoll er at den skal ha vore nytta i fire månader etter krigen som fengsel for tidlegare gestapotilsette. Dette medfører at materiellet frå denne brukstida kan forvekslast med okkupasjonsåra. Likevel er historia ein viktig del av det som skjedde etter krigen og bør takast med. Dessutan og sidan dette er eit tema som er lite forska på, kan ei arkeologisk undersøking auke kunnskapen om desse hendingane også. I følgje Egil Steen (samtale, 09.05.12) var det grufulle hendingar som skulle ha skjedd i leiren etter krigen. Ein arkeologisk undersøking kan difor gi større innsikt i alliert behandling av tyske fangar etter krigen. Rotvoll har såleis ein viktig plass i Trondheim si krigshistorie. Her er det mogleg å finne spor som kan gi samanhengande kjelder frå krigsfangeleirhistoria til då tyskarane vart arresterte etter krigen.

Området eignar seg også med tanke på geofysiske undersøkingar og medfører at ein kan lokalisere materiell som kan seie noko om storleik og plassering av bygningar utan graving. Sjølv om området er kupert og ujamnt, kan ei geofysisk undersøking gi oversikt over heile lokaliteten. Dette er også med på å stadfeste kva arkeologiske metodar og arbeid som kan egne seg for vidare undersøking, eksempelvis utgraving.

Strindheim, Korsvika og Blindeskulen er i dag utbygd utan arkeologiske dokumenteringar. Truleg har dette medført tap av kjelder til kunnskap om desse leirane og fangane som var plasserte der. Utbyggingane gjer arkeologiske utgravingar vanskelege. Husa i området er for ein stor del reist like etter krigen, og dei opne areala er difor lite forstyrta i ettertid. Områda kan såleis tenkjast å innehalde materielle spor.

Geofysiske undersøkingar kan syne seg veileigna, og ein unngår å grave i hagane. Ein kan likevel finne bygningsrestar etter opphavleg og nøyaktig brakkeplassering. Denne undersøkingsmetoden gjer det også mogeleg å oppspore mindre gjenstandar som kan stamme frå leirane, eller krigsfangane og som kan utvide kunnskapen om historia deira. Arealet er eit bustadområde og truleg ligg det grøfter, rør og vassleidningar osv. som kan påverke resultatene i undersøkinga. Det kan også vere vanskeleg å finne heile strukturar sidan bygginga av husa kan ha kutta dei eller fjerna deler av dei og i sin tur medverke til ufullstendige svar. Likevel, gjennom å nytte kart og personlege forklaringar, kan det vere mogeleg å tyde eventuelle strukturar. Området må difor seiast å gi dårlege odds for lokalisering av ei bevaring etter leirane under jordoverflata. Dersom det skal utførast endringar i områda, eller

ny utbygging, er det likevel viktig å vere klar over at det framleis kan finnast materielle restar som inneheld kunnskap om leirane på Strindheim, Korsvika og ved Dronning Mauds minnehøgskule og at desse vert tekne hand om ved slike høve.

Øysand

I undersøkingane av leirane på Øysand er det påvist fysiske strukturar i tre av dei fire områda. Brønnar i leir 3 og 4 er dokumenterte og arbeidsbrakkar i leir 6. Utanom dette er det ikkje funne andre synlege strukturar på leirområda. Sidan ingen av områda er utbygde, eller har vore det i etterkrigstida, er det enno mogeleg å finne leivningar under jordoverflata. Lokalitetane eignar seg difor både til geofysiske undersøkingar og arkeologiske utgravingar. Mulige funn her kan gi større kunnskap om leirane, vere med på å kvantifisere og talfeste dei faktiske forholda med tanke på brakkeplasseringa, tal og nasjonalitet på fangane, oppføringstidspunkt, arbeid og generelt liv i leiren. Arkeologien gir også opning for å studere emosjonelle aspekt i det materielle (Persson, 2008, s. 9), som ein ikkje finn i dei skriftlege kjeldene. Påvisingsundersøkingane på Øysand hausten 2000, er eit godt eksempel på at det enno ligg igjen materielle spor (kap. 3.2.1), og viser også noko av breidda i arkeologiske metodar.

Ei av utfordringane med lokalitetane er at alle er jordbruksområde. Kulturlaga kan difor vera omrota, og strukturane øydelagde og kan skape problem med tyding av eventuelle spor. Geofysiske undersøkingar kan trulig med fordel nyttas først for å bestemme tilstanden til områda i dag. Landskapet er flatt og gjer området velegna for denne metoden. Det har heller ikkje vore utbygging etter krigen. Ein vil difor truleg ikkje møte på dei same problema med moderne vassleidningar, grøfter og rør som ved Strindheim, Korsvika og Dronning Mauds minnehøgskule i Trondheim. Utanom eventuelle dyrkingsgrøfter, er det mest truleg lite som vil forstyrre.

Med tanke på at der skal vere ei stor hule med materielle spor er Øysand også ein spesiell plass for arkeologiske utgravingar. Ei geofysisk undersøking kan difor nyttast for å lokalisere nøyaktige plasseringa av hola. Ei av utfordringane ved lokaliteten er at det her er dumpa store gjenstandar som bilar, grunnmurar og restar frå flyplassen. Ved undersøkinga av søppelholet i Sachsenhausen vart det nytta gravmaskin til å få opp alle gjenstandane (Theune, 2010, s. 7), truleg må dette også nyttast her, både med tanke på handsaming av store fysiske objekt og effektiv gjennomføring av arbeidet. Hola er svært interessant då den kan vise seg å innehalde mykje informasjon om både krigen, fangane og leirane. Det er svært truleg at lokaliteten inneheld unik informasjon som kan underbygge både tilgjengelege kjelder og lokalhistoriske forteljingar. På den andre sida er det ei utfordring at det materielle i hola er ført bort frå sin opphavlege kontekst. Ein har difor mista informasjon

om plassering og funksjon og kan medføre problem med å relatere det til andre kjelder.

Om leirane framleis stod på sin opphavlege plass, hadde ein i dag hatt ei større forståing av krigsfangane og -leirane i Trondheim og Øysand. Fjerninga av nesten alle synlege spor medfører tapt informasjon om krigshistoria her og i Noreg som er vanskeleg å rekonstruere. Difor er det viktig å gjennomføre undersøkingar i områda utan lovheimel for vern og dokumentasjonskrav som framleis inneheld, eller kan innehalde viktig kunnskap, før desse vert øydelagde.

Ny kunnskap kan samtidig vere ein form for terapi, der arkeologien kan hjelpe familiar å finne ut kva som skjedde med familiemedlem og slik yte bistand i sorgprosessen (Schofield, 2002, s. 144). I tillegg kan arkeologien, områda og gjenstandane vere viktige element for å lære og formidle kunnskap om hendingane under andre verdskrig til neste generasjon, korleis enkelte menneske vart behandla og undertrykte. Gjenstandane kan også gi sterke visuelle inntrykk og leie til refleksjonar ein ikkje får gjennom verbal informasjon. Dei kan også vere med på å sørgje for eit meir fredfullt og tolerangt samfunn i framtida. Difor er konservering og bevaring av gjenstandar viktig. Også område kan nyttast i formidlinga og skape eit meir heilskapleg bilete av det 20- hundreåret (Carman, 2002, s. 19). I følgje John Carman (2002, s. 19) legg det på oss ei plikt til formidling av hendingane under andre verdskrigen til komande generasjonar, for slik å unngå at dette skjer igjen. Det er mogeleg å nytte dei effektive visuelle intrykka utan at ein treng plassane må besøkast av målgruppa. Dette kan gjerast ved film og biler, satt saman på ein pedagogisk måte. Eit eksempel på slik formidling er forsøkt i filmen om krigsfangeleiren på Valøya i Nord- Trøndelag laga av underteiknande (sjå vedlegg B11).

Samtidig er det viktig at ein bevarer for å minnest dei som opplevde torturen under nazi-regimet, og for å vise respekt for dei som døydde. Alle var menneske som hadde eit håp for framtida og som fortener å bli hugsa.

Kapittel 6

Konklusjon

Andre verdenskrig var den mest omfattande militære konflikten i det 20. hundreåret, og det er anslege at 13.5 millionar krigsfangar og utanlandske arbeidarar vart nytta for å fylle det enorme behovet for arbeidskraft i den tyske økonomien. Alle dei største fangegruppene, sovjetarar, jugoslavlar og polakkar, var såkalla “*Untermenschen*” i den nazistiske ideologien, noko som legitimerte å nytte desse. Det faktum at Sovjet ikkje hadde underteikna Genèvekonvensjonen, vart også nytta i argumentasjonen.

Då leiinga i det tredje riket såg Noreg som skjebneområdet for krigen, byrja dei etableringa av det massive forsvarsanlegget Festung Norwegen som eit ledd i Atlantervollen. For å gjennomføre planane, som også innebar utbetring av infrastrukturen, vart tusenvis av krigsfangar og slavearbeidarar transporterte til landet. Desse vart kontrollerte av eit omfattande krigsfangevesen og stasjonert i nærare 500 permanente eller midlertidige leirar.

Trondheim, med Øysand som støttepunkt, vart tidleg peika ut som hovudbase for marinen i Nord-Europa, noko som medførte stor tysk aktivitet i regionen. Med planar om ein ny tysk by, Neu Drontheim og verdas største skipsverft ved Gaulas utløp, var behovet for krigsfangar som arbeidskraft stor, og i begge områda vart det oppretta fleire krigsfangeleirar. Med bakgrunn i dette, er desse områda valde som avgrensingsområde for avhandlinga.

Det kulturelle landskapet og dei fysiske materielle spora etter andre verdenskrig, har fram til i dag fått lite merksemd. Grunnen til dette kjem sannsynlegvis av at dei fleste krigsfangeleirane vart rivne, brente eller fjerna relativ kort tid etter frigjeringa. Dette har ført til at dei delvis har forsvunne frå den kollektive hukommelsen. Då det manglar ein instans for å bevare og dokumentere spora frå krigsfangeleirane, har ikkje arkeologane vore involverte, og statusen er ei manglande oversikt over krigsfangeleirane og deira nøyaktige plassering.

Hovudmålet for denne oppgåva har vore å lokalisere og evaluere bevaringsstatusen for utvalte krigsfangeleirar i avgrensingsområda i ein samtidsarkeologisk kontekst. Slikt arbeid er

ikkje gjort tidlegare. I avgrensingsområda har den nordlegaste delen av Trondheim, med leirane Strindheim, Rotvoll, Korsvika på Lade og Blindeskulen vorte analyserte, drøfta og dokumenterte. Det same gjeld for fire krigsfangeleirar på Øysand. Dei aktuelle områda var svært prega av den tyske aktiviteten, der fellestrekkka er bygging av flyplass og store hamneanlegg.

For å belyse problemstillingane, vart det først og fremst viktig å få oversikt over den tidlegare historiske og arkeologiske forskinga ikring krigsfangane og krigsfangeleirane i Noreg og bestemme forskingsstatusen og kunnskapshola.

Analysen viste at den historiske forskinga byrja på 1980- talet, og auka etter dette. Hovudfokuset har vore på krigsfangane og ulike aspekt rundt desse. Eksempelvis ansvarsforholda, organiseringa og kvifor krigsfangane kom osv. Studiet viste også at forskinga har vore særleg konsentrert om sovjetiske krigsfangar og av leirane, nøyaktig plassering av desse. Kva som skjedde med dei etter krigen, har hatt mindre interesse og merksemd. Det vart stadfesta at innanfor avgrensingsområda er det lite vitenskapleg forskning direkte på krigsfangane og krigsfangeleirane.

Det er vidare avdekka kunnskapshol i høve til nøyaktig tal på krigsfangar som vart førte til Noreg i perioden 1941- 1945, samt talet og nasjonaliteten på krigsfangar i leirane til ei kvar tid. Mest truleg kjem dette av kaoset etter frigjeringa og den uoversiktlege situasjonen dette førte med seg. Dette er reflektert i dei tilgjengelege kjeldene for leirane i Trondheim og på Øysand. Analysen viste at det ikkje finst nøyaktige tal på krigsfangar i dei ulike leirane, samt usikkerheit i forhold til nasjonalitetar.

Før Painful Heritage prosjektet har andre verdskrig og materielle spor frå denne epoken hatt lite fokus i arkeologiske kretsar. Grunnen er truleg at kulturminna ikkje er automatisk freda gjennom norsk kulturminnelov. Vern eller undersøking er opptil kvar enkelt fylkeskommune og konsekvensane er at den materielle kulturen mellom anna frå krigsfangeleirane ikkje har hatt den same statusen som dei automatisk freda kulturminna. Prosjektet ønskjer difor å auka fokuset på dette. Sidan nazistane kvitta seg med mykje skriftleg materiale medfører dette manglande grunnlagskjelder, noko som gjer den materielle kulturen til ei svært viktig kunnskapskjelde for dokumentasjon og stadfesting av ei heilskapleg historie for krigsfangane og krigsfangeleirane. I arbeidet med å lokalisere dette har det vorte nytta intervju med tidsvitne, etterretningskart, flyfoto, bilete, lokalhistoriske dokument og dagbøker, samt tyske, norske og allierte lister frå krigen og etterkrigstida. Det å innlemme eit vidt spekter av kjelder, har vore essensielt for å skaffe informasjon om og bekrefte eksistensen av leirane.

Arbeidet med denne oppgåva har gjennom eit kontekstuellet perspektiv påvist fire krigsfangeleirar i Trondheim og fire på Øysand. I Trondheim var desse plasserte på Strindheim, Rotvoll, Korsvika på Lade og Blindeskulen. På Øysand låg dei fire krigsfangeleirane nord for riksvegen på den sør-austlege delen av halvøya. Ulike kjelder har vorte sett under eitt,

der deler av historia til leirane er avdekka og plassering kartfesta. Med bakgrunn i denne undersøkinga, kan det konkluderast at alle leirane vart bygd frå grunnen av og at landskapet har spelt ei sentral rolle. I hovudsak tyder det på at områda som vart valde for bygging av leirane, var i tråd med den tyske forskrifta for etablering av slike anlegg. Landskapet var flatt, utan mykje nærliggande busetnad og med relativt god kommunikasjon til der fangane arbeida. Alle dei undersøkte leirane høyrer under kategori 1 i Jasinski (2012) sin typologi, der dei har vore relativt store, husa fleire hundre fangar, bygd frå grunnen av og bestod av meir enn ein type trebrakker eller trehytter. Det tyder vidare på at alle har vore omringa av piggrådgjerder, vakttårn og kontrollpostar.

Lokaliseringa av leirane viser at det er lite som har vorte gjort for å ta vare på dei fysiske spora og den materielle kulturen. I Trondheim er det i dag berre Rotvoll som ber synlege spor etter krigsfangeleiren. Området har eit stort potensiale for vidare arkeologiske- og geofysiske undersøkingar, som mellom anna kan fortelje meir om brakkeplasseringa, livet i leiren og nasjonaliteten til krigsfangane. Området har også truleg vore nytta som fengsel for gestapopersonell etter krigen. Dette gjer også området interessant med tanke på spor som kan utvide kunnskapen om hendingane etter krigen.

Dei tre andre områda, Strindheim, Korsvika og området ved Blindeskulen, er alle utbygde i dag, og har difor inga form for synleg bevaring. Leirane her vart raskt rivne, og det materielle frigitt til bustadbygging og andre bygningar. Den eksisterande busetnaden i området i dag er meir eller mindre identisk med det som vart bygd like etter krigen. Det kan difor vere mogeleg å oppspore materielle restar ved å nytte for eksempel geofysiske undersøkingar mellom husa.

Registreringane som vart utført på Øysand, viste at tre av dei fire leirane hadde synlege attverande strukturar. Det vart lokalisert to brønningar i leir 3, og ein i leir 4. I tillegg står arbeidsbrakka til leir 6 enno. Då det ikkje er meir enn 20- 30 år sidan dei andre materielle spora vart fjerna, tyder analysen på at det burde ha vore gjort meir for å avdekke, dokumentere og bevare materielle spor frå krigsfangeleirane her. I dag ligg noko av det materielle som vart fjerna frå leirane langs elveosen og ved fjorden, og vitnar om kor lav status desse hadde som kulturminne. Dersom strukturane hadde vore dokumenterte før dei vart fjerna, kunne kunnskapen om krigsfangane og fangeleirhistoria på Øysand vore betre. Ettersom ingen av områda til dei fire leirane har vore utbygd etter krigen, kan det likevel enno ligge materielle spor i grunnen. Noko som gjer områda historisk interessant, samstundes som landskapet eignar seg for vidare arkeologisk undersøkingar. I tillegg er det avdekka og kartfesta ei avfallshole på Øysand, der mykje materiell frå krigen vart dumpa i etterkrigstida, og denne kan gi verdfull kunnskap om perioden under andre verdskrigen i området, om den vert undersøkt.

Ein kan eller skal ikkje undervurdere den materielle kulturen som kjelde, og avhandlingar

viser at det er svært viktig at ulike disipliner samarbeider for å oppnå mest og best moglege kunnskap om emnet.

Verda i dag er enno sterkt prega av krig og uro, og for å hindre at noko liknande som det som skjedde under andre verdskrig skjer igjen, er det viktig at kunnskapen om denne menneskelege katastrofen og tragedien vert formidla til komande generasjonar. Gjenstandane og områda frå krigen kan gi sterke visuelle inntrykk og leie til refleksjonar som ikkje oppstår av verbale inntrykk. Difor er konservering og bevaring av gjenstandar viktig. Området kan og nyttast i formidlinga og skape eit meir heilskapleg bilete av det 20- hundreåret. Desse virkemidla er viktige for å lære av fortida, slik at framtidens samfunn vert meir fredfullt og tolerangt.

Den materielle kulturen og krigsfangeleirlandskapa er ei enorm kunnskapskjelde som kan nyttast i dette arbeidet, samt minne oss på korleis enkelte menneske vart behandla.

For det er slik som Nordhal Grieg skriv;

“Skaper vi menneskeverd, skaper vi fred”.

Kjelder

Internettsider

Finn.no,

Flyfoto Trondheim 1937.

<http://kart.finn.no/>

Historisk overlegg av flyfoto frå 1937 til kartet over Trondheim-Strinda.

Sist besøkt 15.05.12

Google.no

Flyfoto av Trondheim.

<http://maps.google.no/>

Karttjeneste for flyfoto av Trondheim.

Sist besøkt 15.05.12

Gulesider.no

Flyfoto av Trondheim.

<http://kart.gulesider.no>

Karttjeneste for flyfoto av Trondheim.

Sist besøkt 15.05.12

Jørund Leraan,

Flyfoto over Øysand 1944.

<http://www.skaunnytt.no/litt-om-alt/for-i-tia/845-flyfoto-av-oysand-1944.html>

Sist besøkt 15.05.12

Ruin Memory nettsted,

<http://ruinmemories.org/2012/03/svaerholt-memories-of-a-northern-war-site/>

Nettside for Ruin Memoires prosjektet.

Sist besøkt 01.06.12

Trondheim byarkiv,

Tyske militærinstallasjoner i Trondheim/German military installations in Trondheim (1945).

<http://www.flickr.com/photos/trondheimbyarkiv/3287958435/>

Nettside med kartet over tyske militærinstallasjoner i Trondheim etter krigen.

Sist besøkt 15.05.12

Trondheim kommune,

Antikvarisk klassifisering av bebyggelse, Trondheim kommune, 2012.

http://webhotel2.gislino.no/gislinoebinnsyn_trondheim/Map.aspx

Interaktiv karttjeneste for Trondheim kommune.

Sist besøkt 09.06.12

Aviser

Avis	Utgåve
Adresseavisa	02.11.07
	08.10.10
	ukjend dato
Klassekampen	24.03.09
Levanger-Avisa	13.09.08
	24.04.09
Trønder-Avisa	31.10.07
	16.09.08
	22.09.08
	26.09.09
	08.10.10
Verdens Gang	02.11.07
	22.09.08

Utrykt/Upublisert kjeldemateriale

- Lista over krigsfangeleirar utarbeida av Michael Stokke for Painful Heritage prosjektet.

Hjemmefrontmuseet

- Central Zone, FoII Div, boks 9
- Verteilung und Einsatz der dem Stalag 380 unterstellen Kriegsgefangenen mit dem Stand vom 1.4.45 ,FoII Div, boks 21

Forsvarsmuseets arkiv på Dora i Trondheim

- Organisasjon Todt, Barackenlager Rotvoll, Situasjonsplan, Rotvoll leir Dok 1362, Boks 236
- O.T. lager Rotvold. O.T. Einsatistab mittelnorwegen. Abtfilung Hochbhu, Rotvoll leir Dok 1362, Boks 236
- Rotvoll leir, Rotvoll leir Dok 1362, Boks 236
- Norwegian army, Trondheim zone, Inventory of furniture, cooking utensils, etc. at Rotvoll camp taken over from Lt. R.H. Newy R.A. 24. Nov. 1945. Rotvoll leir Dok 1362, Boks 236

Private arkiv

Morten Moe og Michael Stokke

- Vermerk an OBL Drontheim, Drontheim, den 8. Juni 1943
- Vermerk für Herrn Baurat Schneider, Drontheim, dem 11. Mars 44.
- Tysk kart over Øysand under okkupasjonen

Per Øverland

- Herr fylkesmann i Sør- Trøndelag, Trondheim, underteikna av Per Almaas, ordfører Strinda kommune, den 15. oktober 1945

Intervju

Person(ar)	Dato
Jon Hjelde	06.03.12
Torleif og Solveig Eggen	27.02.12

Samtalar

Person(ar)	Dato
Marianne Neerland Soleim	25.01.12
Per Øverland	16.09.11
Knut Sivertsen	06.02.12
Morten Moe	27.03.12
Egil Steen	09.05.12
Thor Sunsfjord	09.05.12
Marek E. Jasinski	16.03.12
Marek E. Jasinski	16.05.12

E-post

Person	Dato
Ragnar Vennatrø	01.03.12
Michael Stokke	04.03.12
Morten Moe	06.05.12

Litteraturliste

- Abraham, O.J. (1999). *Leonid Dnjeprovskij alias "Nils". Norsk okkupasjonshistorie med sideblikk på sovjetisk okkupasjons- og krigserfaring. Brokkar frå ein sovjetborgars liv i det tysk-okkuperte Noreg*. Hovedoppgave, Historisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Abraham, O.J. (2007). «forelebig udö». Kapabel forlag.
- Amundsen, H. (2011). Dette klarer vi sjøl! *Riksantikvarens magasin Alle Tiders*, 1, 26.
- Amundsen, H. (under publisering). Husmannsplasser på Hedemarken - glemte sorger, glemte minner? *Kommer i Sluttrapport SIP 2006-2010*.
- Andrén, A. (1997). *Mellom ting og tekst. En introduksjon till de historiska arkeologierna*. Brutus Östlings Bokförlag Symposion Stockholm/ Stehag.
- Baudou, E. (2004). *Den nordiska arkeologin- historia och tolkningar*. Kungl. Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien.
- Beck, C.M., Johnson, W.G. & Schofield, J. (2002). Introduction materiel culture in modern world. I C.M. Beck, W.G. Johnson & J. Schofield (Red.), *Matériel Culture The archaeology of twentieth century conflict* (s. 1–8). Routledge.
- Beech, J.G. (2002). The differing development paths of Second World War concentration camps and the possibility of an application of a principle of equifinality. I J.S. C. M. Beck W. G. Johnson (Red.), *Matériel Culture, The archaeology of twentieth century conflict* (s. 199–207). Routledge.
- Bratberg, T. (2008). *Trondheim byeksikon*. Kunnskapsforlaget.
- Brovold, G. (1996). *Neu drondheim i hitlers regi og Øysand under krigen*. Snøfugl forlag.
- Buchli, V. & Lucas, G. (2001a). The absent present. Archaeologies of the contemporary past. I V. Buchli & G. Lucas (Red.), *Archaeologies of the contemporary past* (s. 3–18). Routledge.
- Buchli, V. & Lucas, G. (2001b). Between remembering and forgetting. I V. Buchli & G. Lucas (Red.), *Archaeologies of the contemporary past* (s. 79–83). Routledge.
- Buchli, V. & Lucas, G. (2001c). Presencing absence. I V. Buchli & G. Lucas (Red.), *Archaeologies of the contemporary past* (s. 171–174). Routledge.
- Burström, M. (2006). Samskapande samtidsarkeologi. *Primitive tider*, 9, 15–22.

- Burström, M. (2007). *Samtidsarkeologi. Introduktion till ett forskningsfält*. Studentlitteratur.
- Burström, M. (2008). Förord. I *Samtidsarkeologi- varför grava i det nära förflutna?* (s. 7). Södertörn Archaeological Studies.
- Carman, J. (2002). Paradox in places: twentieth-century battlefield sites in long term perspective. I C.M. Beck, W.G. Johnson & J. Schofield (Red.), *Matériel Culture, The archaeology of twentieth century conflict* (s. 9-21). Routledge.
- Christie, N. (2010). *Fangevokterne i konsentrasjonsleirer. En sosiologisk undersøkning av norske fangevoktere i «serberleiren» i Nord- Norge 1942-43*. Pax Forlag AS.
- Cross, R., Messenger, C. & Willmott, H. (2005). *Andre verdenskrig*. N.W, Damm & Søn. (Oversatt av F.B Larsen & A.K.S. Larsen)
- Eggen, T. (2008). Gravplassen på St. Haugen ved Charlottenlund. Minner frå frigjøringsvåren 1945. *Strinda den gang da. Årbok for Strinda historielag*, 8, 48–58.
- Fairclough, G. (2007). The cold war in context: Archaeology explorations of private, public and political complexity. I J. Schofield & W. Cocroft (Red.), *A fearsome heritage. Divers legacies of the cold war* (s. 19-32). Left Coast press inc.
- Fure, O. (1999). Norsk okkupasjonshistorie. Konsensus, berøringsangst og tabuisering. I S.U. Larsen (Red.), *I krigens kjølevann* (s. 31–46). Universitetsforlaget.
- Furre, B. (2006). *Norsk historie 1914-2000. Industrisamfunn- frå voksterville til framtidstvil*. Det Norske Samlaget.
- Furuset, K. (2008). Dalen- frå husmannsplasser til blindeskole og høgskole. *Strinda den gang da. Årbok for Strinda historielag*, 8, 7–47.
- Gisnås, L. (2011). *Krig i Trondheim, Fotograf Schrøders bilder fra 1940-45, Tilbakeblikk*. Tapir Akademiske Forlag.
- Grabowski, R. (2012). *Phosphate, MS and macrofossil analyses of samples from a German second world war POW-camp at Sværholt, Finnmark Fylke, Norway* (Rapport). Umeå Universitet.
- Grimnes, O.L. (1984). Bind 1. Overfall. I M. Skodvin (Red.), *Norge i krig. Fremmedåk og frihetskamp 1940-1945* (s. 9–252). Aschehoug.
- Hansen, H. (2005). Bromstad: En storgård på Strinda. *Strinda den gang da. Årbok for Strinda historielag*, 5, 93–109.
- Haugland, M. (2008). *Do svidanija- På gjensyn!* Commentum Forlag AS.
- Herbert, U. (1997). *Hitlers foreign workers. Enforced foreign labour in Germany under the third Reich*. Cambridge.
- Herschend, F. (1997). Historical or textual archaeology. An Archaeology of Critical Rereading. *Current Swedish Archeology*, 5, 65–78.
- Hodder, I. (2001). Epilogue. I V. Buchli & G. Lucas (Red.), *Archaeologies of the contem-*

- porary past (s. 189-191). Routledge.
- Hodder, I. & Hutson, S. (2003). *Reading the past. Current Approaches to Interpretation in Archaeology*. Cambridge University Press.
- Ingebrigtsen, E. & Skorgen, T. (2009). *Okkupantens dagbok. Heinrich Christens dagbok frå Bergen og Trondheim 1941-1943*. Spartacus.
- Isaksen, P. (ukj.). *Oppvekst i Korsvika/Lade i 1940/1950 årene*. Hentet fra http://ladehistorielag.com/wordpress/pdf/per_isaksen_oppvekst_korsvika.pdf (Sist besøkt 29.04.2012)
- Jasinski, M.E., Jørstad, T. & Ludvigsen, M. (2007). *Rapport fra søk etter båt i Trondheimsfjorden uke 44* (Rapport). NTNU og Falstadsenteret.
- Jasinski, M.E., Soleim, M.N. & Sem, L. (2009). Smertefull kulturarv. *Spor*, 2, 40–43.
- Jasinski, M.E. & Stenvik, L.F. (2010). Landscape of Evil- Archaeology and Nazi POW camps in Norway: A new approach. I M.N. Soleim (Red.), *Prisoners of war and forced labour. Histories of War and Occupation* (s. 205–223). Cambridge Scholars Publishing.
- Jasinski, M.E. & Kola, A. (2011). Totalitarismens ofre og arkeologi. *Spor. Arkeologi og kulturhistorie*, 2, 38-41.
- Jasinski, M.E. (2012). Reinforced Concrete, Steel and Slaves. Archaeological Studies of Prisoners of World War II in Norway. The Case of Romsdal Peninsula. I H. Mytum & G. Carr (Red.), *Prisoners of war: Archaeology, memory and heritage of 19th- and 20th-century mass internment*. New York: Springer. (under publisering)
- Jasinski, M.E., Soleim, M.N. & Sem, L. (under publisering). Painful heritage. Cultural landscapes of the Second World War in Norway: a New Approach. BAR, International Series.
- Jovanovic, Z. (1995). *Venskapets røtter*. Beograd.
- Jørgensen, M. & Phillips, L. (1999). *Diskurs analyse som teori og metode*. Roskilde Universitetsforlag.
- Kirkhusmo, A. (1997). *Trondheims historie 997-1997. Bind 5. Vekst gjennom krise og krig 1920-1964*. Universitetsforlaget.
- Kirkhusmo, A. (2005). Trøndelag i krigstid 1940-45. I I. Bull (Red.), *Trøndelagshistorie, bind 3. Grenda blir global 1850 til 2005* (s. 319–338). Tapir akademiske forlag.
- Kjeldstadli, K. (1999). *Fortida er ikke kva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Universitetsforlaget.
- Knutsen, B. (2001). *Erindringen omkring de østeuropeiske krigsfangene i Norge - En drøfting av realhistorie versus erindringshistorie med vekt på historisk bevissthet og kollektiv erindring*. Hovedfagsoppgave, Historisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Koch, B. (1988). *De sovjetiske, polske og jugoslaviske krigsfanger i tysk fangenskap i Norge*

- 1941-1945. Hovedfagsoppgave, UiO.
- kommune, T. (2006). *Lade, Leangen og Rotvoll Kommuneplan* (Rapport). Forfatter.
- Larsen, S. (1999). Innledning. I S.U. Larsen (Red.), *I krigens kjølevann* (s. 9–30). Universitetsforlaget.
- Lilleeng, S. (2011). *Krigstid. Ung trønder under andre verdenskrig*. Tapir Akademiske Forlag.
- Lingås, T. (ukj.). *Butikkene på Lade/Korsvika i 30 åra*. Hentet fra http://www.ladehistorielag.com/butikkene_paa_lade.pdf (Sist besøkt 29.04.2012)
- Little, B. (1996). People with history: An Update on Historical Archaeology in the United States. I C.E.J. Orse (Red.), *Images of the Modern World. Reading in Historical Archaeology* (s. 42–65). AltaMira Press.
- Logan, W. & Reeves, K. (2009). Introduction. Remembering places of pain and shame. I W. Logan & K. Reeves (Red.), *Places of Pain an Shame. Dealing with 'Difficult Heritage'* (s. 1–14). Routledge.
- Lundemo, M.O. (2010). *The causes of mortality of the Soviet prisoners of war in German captivity in Norway, 1941-1945*. Master's thesis in history Department of Philosophy, History, Culture and Art Studies University of Helsinki.
- Majewski, T. & Schiffer, M.B. (2001). Beyond consumption. Toward an archaeology of consumerism. I V. Buchli & G. Lucas (Red.), *Archaeologies of the contemporary past* (s. 26–50). Routledge.
- Neumann, I.B. (2001). *Meining, materialet, makt: en innføring i diskursanalyse*. Fagbokforlaget.
- Nilssen, T. & Reitan, J. (2008). *Falstad- nazileir og landssviksfelgse*. Tapir akademiske forlag.
- Nilssen, T.R. (2008). Innherad tvangsarbeidsleir 1945-49. I T.R. Nilssen & J. Reitan (Red.), *Falstad- nazileir og landssviksfengsel* (s. 106–205). Tapir akademiske forlag.
- Nilssen, T.R. (2010). Krigsfanger, politiske fanger eller opprørere? I M. Stene (Red.), *Forskning trøndelag* (s. 9–26). Tapir akademiske forlag.
- Nowak, E. (2010). The vicissitudes of the polish prisoners-of. War in the totalitarian systems on the tears 1939-1945: similarities and differences. I M.N. Soleim (Red.), *Prisoners of war and forced labour. Histories of War and Occupation* (s. 105–137). Cambridge Scholars Publishing.
- Osnes, H. (1948). *Strinda bygdebok med illustrasjoner*. A. Holbæk Eriksen & Co. AS.
- Panikar, M. (2010). Comparative perspective on soviet prisoners of war in Norway and foreign prisoners of war in the European north of Russia during the second world war. I M.N. Soleim (Red.), *Prisoners of war and forced labour. Histories of War and Occupation* (s. 150–156). Cambridge Scholars Publishing.

- Perminow, A.D. (2008). Forord. I M. Haugland (Red.), *Do svidanija- På gjensyn!* (s. 6–7). Commentum Forlag AS.
- Persson, M. (2008). Glädjens arkeologi. Utgrävningen av en dansbana. I M. Burström (Red.), *Samtidsarkeologi- varför gräva I det nära förflutna?* (s. 9–16). Södertörns högskola.
- Rathje, W.L. (1981). A Manifesto for Modern Material-Culture Studies. I R.A. Gould & M.B. Schiffer (Red.), *Modern material culture. The Archaeology of Us* (s. 51–56). Academic press.
- Rathje, W.L. (2001). Integrated archaeology. A garbage paradigm. I V. Buchli & G. Lucas (Red.), *Archaeology of the Contemporary Past* (s. 63–76). Routledge.
- Rødland, K. (2011). Historiereddere i sommervarmen. I M. Stokke & K. Rødland (Red.), *Helter, svikere og mordere* (s. 11–22). Stiftelsen Espeland fangeleir.
- Reitan, J. (2008). SS Strafgefangenenlager Falstad 1941-1945. I T.R. Nilssen & J. Reitan (Red.), *Falstad- nazileir og landssviksfengsel* (s. 10–105). Tapir akademiske forlag.
- Ruggenthaler, P. (2010). Forced labour in the “Third Reich”. Styria as a Case Study. I M.N. Soleim (Red.), *Prisoners of war and forced labour. Histories of War and Occupation* (s. 46–88). Cambridge Scholars Publishing.
- Schofield, J. (2002). Monuments and the memories of war: motivations for preserving military sites in England. I C.M. Beck, W.G. Johnson & J. Schofield (Red.), *Matériel Culture, The archaeology of twentieth century conflict* (s. 143–158). Routledge.
- Schofield, J. & Cocroft, W. (2007). Introduction: Cold War, diversity and contemporary archaeology. I J. Schofield & W. Cocroft (Red.), *A fearsome heritage. Divers legacies of the cold war* (s. 13–17). Left Coast press inc.
- Sivertsen, K. (2003). Strinda i krigsårene. Tysk militær aktivitet 1940-1945. *Strinda den gang da. Årbok for Strinda historielag, 2*, 108-125.
- Sjø Sund, A. (2002). Strindheimsområdet historie og utvikling fram til ca. 1950. *Strinda den gang da. Årbok for Strinda historielag, 2*, 7–23.
- Sjø Sund, A. (2005). Strindheim skoles historie. Skoleutvikling i Strinda og Trondheim. *Strinda den gang da. Årbok for Strinda historielag, 5*, 7–34.
- Skarsten, A. & Stokke, M. (2010). *Blod og tårer- historien om sovjetiske krigsfanger og sivile tvangsarbeidarar i Rogaland 1941- 1945*. Commentum forlag AS.
- Skaugvold, S. (1973). Fornylese i bybildet. I H.O. Christiansen (Red.), *Trondheim i går og i dag, 1914-1964* (s. 117–167). F. Bruns Bokhandels forlag.
- Skeates, R. (2000). *Debating the Archaeological Heritage*. Duckworth.
- Skjæran, J.I. (1986). *Trondheim som bombemål. det sivile luftvern i trondheim 1938-1945*. Nidaros Forlag.
- Soleim, M.N. (2004). *Sovjetiske krigsfanger i Norge 1941- 1945. Antall, organisering og re-*

- patriering*. Doktorgradsavhandling, Institutt for historie. Det samfunnsvitenskapelige fakultet. Universitetet i Tromsø.
- Soleim, M.N. (2009). *Sovjetiske krigsfanger i Norge. Antall, organisering og repatriering*. Spartacus.
- Soleim, M.N. (2010). Introduction. Prisoners of war and forced labour: Histories of War and Occupation. I M.N. Soleim (Red.), *Prisoners of war and forced labour. Histories of War and Occupation* (s. 1-18). Cambridge Scholars Publishing.
- Stammes, A. (2010). *Geophysical Survey at the Second World War Prison Camp at Falstad, Ekne in Levanger Municipality, Norway* (Rapport). NTNU og Vitenskapsmuseet, seksjon for arkeologi og kulturhistorie.
- Stammes, A. (2012). *Geophysical Survey at the Second World War Prison Camp at Falstad, Ekne in Levanger Municipality, Norway. Revised March 2012* (Rapport). NTNU og Vitenskapsmuseet, seksjon for arkeologi og kulturhistorie.
- Steffenak, E.K. (1995). *Repatrieringen av de sovjetiske krigsfangene(fra Norge i 1945) -forspill og etterspill-*. Hovedoppgave i historie, Universitetet i Bergen.
- Steffenak, E.K. (2008). *Russerfangene. Sovjetiske krigsfanger i Norge og deres skjebne*. Humanist forlag.
- Stokke, M. (2008). *Sovjetiske og franske sivile tvangsarbeidere i Norge 1942-1945. En sammenligning av arbeids- og leveforhold*. Hovedoppgave, Instituttet for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap. Humanistisk fakultet. Universitetet i Bergen.
- Stokke, M. & Rødland, K. (2011). *Helter, svikere og mordere*. Stiftelsen Espeland fangeleir.
- Støren, W.K. (1973). Den økonomiske utvikling. I H.O. Christiansen (Red.), *Trondheim i går og i dag, 1914-1964* (s. 27-116). F. Bruns Bokhandels forlag.
- Thagaard, T. (2009). *Systematisk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Fagbokforlaget.
- Theune, C. (2010). *Historical archaeology in socialist concentration camps in Central Europe*. Hentet fra http://www.histarch.uni-kiel.de/2010-Theune_low.pdf (Sist besøkt 03.03.2012)
- Tiller, P. (2004). *Hverdag i krig. Frå barn til voksen 1940-45*. Pax Forlag AS.
- Tilley, C. (1994). *A phenomenology of landscape. Places, Paths and Monuments*. Berg.
- Tilley, C. (2004). *The materiality of stone. Explorations in landscape phenomenology*. Berg.
- Trigger, B.G. (2006). *A History of Archaeological Thought*. Cambridge University Press.
- Utaka, Y. (2009). The Hiroshima 'Peace Memorial'. Transforming legacy, memories and landscapes. I W. Logan & K. Reeves (Red.), *Places of Pain and Shame. Dealing with 'Difficult Heritage'* (s. 34-49). Routledge.
- Vennatrø, R. (2002). *Arkeologisk undersøking knyttet etablering av nytt ledningsanlegg for vann og avløp på Øysand, Melhus kommune* (Rapport). Sør- Trøndelag fylkeskommu-

ne. Kulturavdelingen.

Wilk, R. & Schiffer. (1981). The Modern Material-Culture Field School: Teaching Archaeology on the University Campus. I R.A. Gould & M.B. Schiffer (Red.), *Modern material culture. The Archaeology of Us* (s. 15–30). Academic press.


Økokrim. (2005). Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, med endringer senest 31. januar 2003 nr. 9 (Kulturminneloven). I J. Holme (Red.), *Kulturminnevern, lov, forvaltning, håndhevelse. Bind II. Kulturminneloven med kommentarer* (s. 229-238). Økokrim.

Ørnhøi, S. (2000). *Gutten og krigen*. Pax Forlag A/S.

Øverland P. (2010). Tyskhus på Lade og Lademoen i 1945. *Menighetsblad. Lade og Lademoen*, 4, 3–4.

Vedlegg A

Kart



Figur A.1: Trondheim med krigsfangeleirane kartfesta.



Figur A.2: Øysand med krigsfangeleirane kartfesta.

Vedlegg B

CD-ROM

Saman med avhandlinga er det laga ein CD-ROM som inneheld dei ulike vedlegga som det vert referert til i teksten. Desse er lagt i ein mappestruktur som inneheld;

- Vedlegg B1:** Kartfestningskoordinatane for leirane i Trondheim og Øysand.
- Vedlegg B2:** Central Zone lista.
- Vedlegg B3:** Stalag 380 lista.
- Vedlegg B4:** Kart som forklarar dei ulike brakkene i krigsfangeleirane på Øysand
- Vedlegg B5:** Frigiving og avstenging av straumen i Rotvoll leir, 27.08.46.
- Vedlegg B6:** Oversikt over inventaret i Rotvoll leir, 24.11.45.
- Vedlegg B7:** Forklaringar på brakkene i Rotvoll leir.
- Vedlegg B8:** Krav frå ordførarein i Strinda, Per Almaas, angående kjøp av tyskarbrakker, 15.10.45
- Vedlegg B9:** Tysk dokument som viser kapasiteten i dei ulike leirene på Øysand, 08.06.43.
- Vedlegg B10:** Tysk dokument svarer på spørsmål om plasseringa av krigsfangar i leir 5 på Øysand, 11.03.44.
- Vedlegg B11:** Filmen Russarstaven.